



FILM

NORSK FILMINSTITUTT  
**ÅRSRAPPORT 2010**



Norsk Filminstitutt er staten sitt forvaltningsorgan for filmpolitikk og rådgjevar i filmpolitiske spørsmål.

Norsk filminstitutt (NFI) vart etablert 1. april 2008. NFI blir leia av direktør og eit styre med ti representantar. Norsk filminstitutt forvaltar tilskottsordningar regulerte i Forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner av 7. september 2009. I tillegg forvaltar instituttet tilskott til utvikling og støtte til filmkulturelle tiltak.

Alt talmaterialet i denne rapporten som vedkjem kinobesøk eller billetttinntekter for 2010, er basert på mellombels oppgåver frå Film & Kino. Endelege tal ligg ikkje føre idet rapporten vert gjort ferdig. Film & Kino melder at dei ventar at det berre vil vere mindre avvik mellom førebels og endelege statistiske oppgåver for 2010.

Årsrapport 2010 Norsk filminstitutt

Ansvarleg redaktør  
Redaksjon, tekstbidrag, statistikk og analyse  
Forsidedesign

Mette Tharaldsen  
Guro Lindebjerg, Nils Klevjer Aas  
Lise Kihle

Norsk filminstitutt, Informasjonsavdelinga, januar-februar 2011

# Innhald

<b>1.</b>	<b>2010 – ei oppsummering</b> .....	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>Rekneskap for 2010, med forklaring på avvik</b> .....	<b>8</b>
2.1	Driftsrekneskap 2010 .....	8
2.2	Fondsrekneskap 2010 .....	10
2.3	Dei filmpolitiske måla –oppbygginga av årsrapporten .....	11
<b>3.</b>	<b>Delmål 1: Styrka produksjon</b> .....	<b>12</b>
3.1	Auke i langfilmar per år .....	13
3.2	Handsama søknader om tilskott til audiovisuell produksjon.....	15
3.2.1	Søknadsmassen .....	15
3.2.2	Tilskott.....	17
3.3	Kinofilm.....	18
3.4	Kortfilm.....	23
3.5	Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm).....	25
3.6	Fjernsynsdrama .....	27
3.7	Interaktive produksjonar .....	28
3.8	Pakkefinansiering .....	29
3.9	Manuskriptstøtte .....	31
3.10	Talentutvikling, kurs og stipend.....	32
3.10.1	Kurs, seminar og stipend utland .....	33
3.10.2	MEDIA-programmet: Kurs og kompetansebygging .....	34
3.10.3	Film Commission Norway .....	36
3.11	Private investeringar og auka marknadsinntekter .....	38
3.11.1	Eigenkapital .....	38
3.11.2	Auka marknadsinntekter.....	39
3.12	Overnasjonal støtte .....	39
3.12.1	Eurimages.....	39
3.12.2	Nordisk film- og TV-fond .....	42
3.12.3	MEDIA-programmet: tilskott til den norske audiovisuelle bransjen .....	46
<b>4.</b>	<b>Delmål 2: Solid publikumsoppslutning</b> .....	<b>49</b>
4.1	Kinofilmpremierar 2010 .....	55
4.1.1	Besøktal, marknadsdel og billettinntekt .....	56
4.1.2	Samproduksjonar, barne- og ungdomsfilmar .....	58
4.2	Marknadsdel for norske filmar på klikkefilm og dvd.....	60
4.3	Norske filmar som klikkefilm .....	60
4.3.1	Norske filmar på dvd .....	60
4.4	Eksport av norsk film og tv-drama .....	63
<b>5.</b>	<b>Delmål 3: Kvalitet og mangfald</b> .....	<b>66</b>
5.1	Uttrykksform, produksjonskostnad .....	67
5.1.1	Sjanger .....	67
5.1.2	Produksjonskostnad .....	68
5.1.3	Målgrupper .....	72

5.1.4	Terningkast frå filmkritikarane– ein kvalitetsindikator .....	73
5.2	Sterke filmmiljø .....	77
5.2.1	Geografisk spreing i premierefilm	77
5.2.2	Geografisk spreing i søknadsmassen .....	78
5.2.3	Samarbeid med dei regionale filmsentra .....	80
5.3	Historisk kjønnsfordeling .....	82
5.3.1	Kjønnsfordeling i premierefilm 2007-2010 .....	82
5.3.2	Kjønnsfordeling i søknadsmassen 2005-2010 .....	83
5.4	Kjønnsfordeling 2010 .....	91
5.4.1	Kjønnsfordeling i produksjonstilskott kinofilm .....	91
5.4.2	Kjønnsfordeling i den resterande søknadsmassen .....	92
5.5	Festivaldeltaking og prisar til norske filmar .....	94
5.5.1	Norske kinofilm fiksjon .....	95
5.5.2	Norske kortfilm .....	101
5.5.3	Norske dokumentarfilm .....	107
<b>6.</b>	<b>Delmål 4: Filmkultur for alle .....</b>	<b>110</b>
6.1	Utgivingar historisk film på dvd .....	110
6.2	Klikkefilm .....	111
6.3	FIAF-kongressen Oslo 2010 .....	112
6.4	Filmkulturelle tiltak .....	114
6.5	Cinematika .....	115
6.6	Det digitale Cinematket .....	117
6.7	Sal av egne utgivingar .....	118
6.8	Museet .....	118
6.9	Norske spelefilm viste på fjernsyn i Noreg .....	120
6.9.1	Norske spelefilm på Norsk rikskringkasting 2009 .....	120
6.9.2	Norske spelefilm på TV 2 .....	120
6.9.3	Film på andre norske fjernsynskanalar .....	123
6.10	Arrangement for barn og unge .....	124
6.10.1	Aktivitetar på Filmens Hus .....	124
6.10.2	Nasjonale tilbod .....	125
6.10.3	Internasjonalt arbeid .....	126
<b>7.</b>	<b>Uerholdelege fordringar og avskrivningar av tap .....</b>	<b>127</b>
<b>8.</b>	<b>Etiske retningslinjer .....</b>	<b>127</b>
<b>9.</b>	<b>Integrering / inkludering av personar med innvandrarbakgrunn .....</b>	<b>127</b>
<b>10.</b>	<b>Likestilling .....</b>	<b>128</b>
<b>11.</b>	<b>Systematiske brukarundersøkingar .....</b>	<b>128</b>
<b>12.</b>	<b>IA-avtalen .....</b>	<b>128</b>
<b>13.</b>	<b>Miljøarbeid .....</b>	<b>128</b>
<b>14.</b>	<b>Sjukefråvere .....</b>	<b>129</b>
<b>15.</b>	<b>Organisasjonskart .....</b>	<b>130</b>
<b>16.</b>	<b>Styremedlemmer .....</b>	<b>131</b>
<b>17.</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>131</b>



## 1. 2010 – ei oppsummering

### Styrets melding

Norsk filminstitutt (NFI) er statens rådgivar på det filmpolitiske området. Norsk film hadde stor suksess i 2010, med gode publikumstal på heimemarknaden, brei deltaking i internasjonale festivalar og produksjon av jamt høg kvalitet og omfang. Det er styrets vurdering at norsk filmbransje er inne i ein vital og kreativ fase. NFIs oppgåve er å understøtte denne veksten, og samtidig bidra til å realisere dei politisk måla på området.

Dei langsiktige måla på området vart lagt ned i Stortingsmelding nr 22, 2006-2007, Filmmeldinga. NFI vart oppretta i 2008 etter ein fusjon av dei tre tidlegare verksemdene Norsk filmfond, Norsk filminstitutt og Norsk filmutvikling.

Dei viktigaste oppgåvene er forvaltninga av tilskott til selskap og enkeltpersonar. Saman med dei ambisiøse måla for audiovisuell produksjon og kultur, har det følgd ei monaleg auke i finansiering av produksjon og utvikling. Norsk filminstitutt disponerte i 2010 kr 367 857 000 over fond på post 50, kr 6 500 000 til manuskriptutvikling over post 71, og kr 2 680 000 til filmkulturelle tiltak, samt kr 1 570 000 til kursstøtte og utdanningsretta tiltak over post 78.

Tildelingane over fond er gjort i tråd med tildelingsbrev. Det er eit overforbruk på posten billettstøtte på om lag kr 3 millionar, som er knytt til høgare billettsal enn venta. Det er gjennomført noko færre kurs enn planlagt. I hovudsak er dette kurs som skulle arrangerast i samarbeid med dei regionale sentra, men som av ulike grunnar ikkje vart gjennomførte. I tildelingane mot filmkulturelle tiltak er det særleg lagt vekt på tiltak som er retta som eit størst mogleg publikum, tiltak som er særskilt nyskapande, og nasjonale tiltak retta mot barn og unge. I dei områda som ikkje er dekte av regionale senter, har vi også gitt tilskott til lokale tiltak for barn og unge.

Det har vore lagt vekt på effektiv drift av verksemda, og kostnadene er innan den tildelte budsjetttramma. Dessverre har vi opplevd ein sterk svikt i inntekter. I samband med oppgradering av lokala var kinosalane stengte i to månader. I denne tida var det naturleg nok ingen inntekter frå Cinematek og kinoutleige. Dette gav ein svikt på kr 400 000, som vi ser på som forbigåande.

Men samtidig har marknaden for sal av dvd gått sterkt tilbake. Utgivingspolitikken til NFI skal dekkje filmhistoriske utgivingar i samarbeid med Nasjonalbiblioteket, samt ei viss mengd utgivingar som ikkje er kommersielt attraktive, men som av kulturpolitiske grunnar bør vere tilgjengelege i marknaden. Det gjeld det beste innan kortfilm, det gjeld eit utval eldre barnefilm, og enkelte andre utgivingar, til dømes for skolemarknaden. Det kommersielle potensialet er avgrensa, og sjølv om vi har ein salskanal som skal sikre distribusjonen av alle typar norsk film, vil denne vanskeleg kunne hevde seg sterkare enn den allmenne marknaden. Salssvikten på kr 1,6 millionar er etter styrets syn derfor uttrykk for ei varig endring av marknaden.

## Særlege satsingar i 2010

Av særskilte satsingar har NFI lagt stor vekt på innføring av nye forskrifter. Innføringa av nye forskrifter stilte særlege krav til verksemda, både saksbehandling, til tekniske løysingar og til etablering av ny forvaltningspraksis.

Desse er innført utan større forseinkingar i sakshandsaming eller særskilt mange klager. Mest utfordrande har det vore å innføre ny lanseringsforskrift, sidan dette gav ei auka formalisering på området, og slik ei veksande saksmengd. Ved utløpet av året er dette arbeidet styrkt med personalressursar. Dei fleste premierefilmene i 2010 hadde fått tilskott etter gamal forskrift, og det er derfor først nyleg at vi har starta innføringa av etterhandsstønadet.

Under målsettinga om solid publikumsoppslutning er det lagt særleg vekt på internasjonalisering og samproduksjon. I alt 68 norske spelefilmar har i løpet av 2010 vore vist på totalt 167 utanlandske filmfestivalar, fordelt på 153 internasjonale/europeiske og 14 nordiske/norske festivalar/filmveker.

Norske kinofilmar vart tatt ut til konkurransen i Berlin, der vi for første gong på mange år hadde *En ganske snill mann* i hovudkonkurransen, og *Knerten* og *Bestevenner* i Generations. *Limbo* var i konkurranse i Montreal og *Hjem til jul* i San Sebastian. Vidare hadde både *Gazas tårer* og *Hjem til jul* verdspremiere i Toronto, og det var eit høgt tal på samla festivalvisningar. Det er særleg grunn til å merke seg at kortfilmen *Sinna mann* av Anita Killi var den mest prislønte kortfilmen i Europa i fjor! Vi prioriterer deltaking på dei største festivalane internasjonalt, og har prioritert dette sterkare på kostnad av tenester til mindre etablerte festivalar.

NFI har også i 2010 hatt eit særleg fokus på Tyskland som samarbeidsland. I samband med Nordische Filmtage i Lübeck arrangerte vi eit særskilt samproduksjonsseminar for norske og tyske produsentar. Vi gav også tilskott til ti samproduksjonar. Av desse var fem svenske, to tyske og ein islandsk, ein irsk og ein engelsk. NFI legg aukande vekt på at også norske minoritetsproduksjonar skal ha relevans for ein norsk publikum, i form av tilknytning gjennom historie, karakterar eller stad.

På området kvalitet og mangfald var dei i 2010 sterkt fokus på målsettinga om 40% kvinner i nøkkelposisjonar. NFI bidrog til finansiering av bransjerapporten "Ta alle talentene i bruk", og også innanfor NFI har det vore sett i verk fleire tiltak. Det har vore gjennomført fire masterclasses med kvinnelege innleiarar, i tillegg til Liv Ullmann-seminaret. Vi har utvikla kurs i samarbeid med og etter innspel frå kvinnelege regissørar. Av VIP-stipenda er 50% gitt til kvinner, og innan filmrekrutteringsstipend heile 83% (fem av seks). Innan manuskriptutviklingsordninga er kvinnedelen heile 58%.

Prinsippet om moderat kvotering har vore gjennomført konsekvent i alle tildelingar over fond. Det har gjort at vi både innan dokumentarfilm og kortfilm har nådd målsettinga, det same har utviklingstilskott for konsulentvurdert spelefilm, med 42%. Konsulentvurderte produksjonstilskott har ein kvinnedel på 32 %. Dessverre ser vi at utviklinga på dei områda vi ikkje har verkemiddel, ikkje er positiv. På tilskott etter marknadsvurdering er det berre



15% kvinner, og berre 12% i søkjarmassen. Dersom vi også tar omsyn til filmar som ikkje har førehandstilskott frå NFI, er kvinnedelen svært låg. For fjorårets premiefilmar var kvinnedelen 25%.

Samarbeidet med dei regionale filmtiltaka har vore konstruktivt i året som har gått. Dei prioriterte områda har vore samordning av statistikk og rapportering, kurs og kompetanseutvikling, og barn og unge. NFI gjorde våren 2010 ei større kartlegging av arbeidet i regionane, som i stor grad synleggjorde den store skilnaden mellom dei ulike tiltaka. Vi har også sett at aktiviteten på området kurs og kompetanse har vore lågare enn planlagt, slik at delar av kursmidla øyremerkte regionane i NFI, vart ståande unnytta.

Det har vore lagt vekt på fagsamarbeid og felles kursverksemd innan tildelingar, og det har blitt etablert ei statistikkgruppe for å samordne og kvalitetssikre rapporteringane frå dei regionale sentra og NFI. I tillegg har vi gjennomført ei kartlegging av aktiviteten på områda barn og unge og talentsatsing. NFI oppretta også ei hospiteringsordning for tilsette i sentra, der dei gjennom ei veke får ei innføring i dei ulike områda av verksemda i NFI, ein presentasjon av dei viktigaste samarbeidspartnarane, og møter elles nøkkelpersonell i bransjen. Styret i NFI inviterte også styret i FilmReg til eit fellesmøte under Bergen Internasjonale Filmfestival.

Arbeidet retta mot barn og unge går i hovudsak langs to retningar. NFI tilbyr eit breitt tilbod eigenaktivitetar retta mot barn og unge. I tråd med arbeidsdelinga med Film & Kino er det vektlagt å utvikle tilbod for barn og unge på fritida, og samarbeid med barnehagar, SFO og vidaregåande skole. I alt deltok nesten 7000 barn i aktivitetar i regi av NFI i 2010.

I tillegg har NFI vore deltakar i den nordiske nettstaden dVoted. Etter ei evaluering våren 2010 valde dei nordiske filminstitutta å varsle at støtta ikkje ville bli vidareført. Dette skjedde på bakgrunn av låg deltaking sett med omsyn til den høge kostnaden. NFI har tatt initiativ til at teknologien har blitt tilgjengeleg for vidare bruk, og har tilbode dette som eit verkty til dei regionale filmsentra i deira arbeid med barn og unge. NFI vil gi tilskott til etableringsfasen, og det vil bli avklart kor mange av desse sentra som går inn på tenesta i løpet av 2011. Det er ikkje aktuelt for NFI å drifte tenesta vidare aleine.

I løpet av 2010 implementerte NFI ny elektronisk søknadsside og nytt sakshandsamingssystem. Frontend er nettbasert, og kvar brukar har si side. Verktya er integrerte med arkivsystemet, slik at alle prosessar for framtida skal vere fullt integrerte. Enkelte element på nettsida står framleis att. Det gjeld særleg oppgåver knytt til formidling av filmkultur og det internasjonale arbeidet. Av økonomiske grunner valde NFI å prioritere tenester for bransjen. Andre verkty vil vonleg komme på plass i løpet av 2011.

#### Andre målsettingar

Målsettinga om 25 kinofilmar vart nådd i 2010. Tre av desse var dokumentarfilmar, medan heile sju var definerte som barne- og ungdomsfilm. Norsk film hadde ein marknadsdel på 23,2%. Det er rett nok 1,8%-poeng under målet, men det høgaste talet sidan 1967, og det var det tredje året på rad marknadsdelen var over 20%. Det totale besøket var på 2 558 022. Dersom vi legg til samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent, er talet

2 628 354. Den positive utviklinga tyder på at det langsiktige målet om 3 millionar besøkande er innan rekkjevidde.

Eksportinntektene for 2009 er enno ikkje klare, men eksportundersøkinga for 2008 viste over ei dobling frå 2005, som var utgangsåret for filmmeldinga.

NFI gav i 2010 produksjonstilskott til 27 kinofilmar, 37 dokumentarfilmar og 24 kortfilmar. I tillegg vart det gitt tilskott til fire TV-drama og 16 interaktive produksjonar. Totalt sett i 2010 vart det fordelt kr 266 622 331 (produksjons, -utviklings og lanseringstilskott i Noreg) på 225 prosjekt.

Heile 799 norske filmar var i fjor tilgjengeleg digitalt gjennom filmarkivet.no. Totalt gav dette 5 000 påsyn. Det vart gjennomført 1 180 visningar i Cinemateket og 347 visningar fordelt på 29 filmar i regi av dei andre digitale cinemateketa.

#### Utsiktene framover

Den sterke veksten i norsk filmproduksjon stiller NFI overfor særskilte utfordringar. På den eine sida er det gledeleg at det kjem fram produksjonar utan førehandstilskott frå NFI. Svært mange av desse produksjonane baserer seg på etterhandsstønadet, som alle filmar med ordinær kinodistribusjon og 10 000 selde billetter er kvalifiserte for. Samtidig veit vi at etterhandsstønadet vil gi ein annan kontantstraum enn tidlegare, fordi det er relativt sett ein lågare del som vil komme frå kinosal. Dvd-inntekter og utlandssal vil normalt komme seinare år, slik at utbetalingane av etterhandsstønadet vil fordele seg meir over tre år. Med eit fallande dvd-sal vil dette også kunne få negative økonomiske verknader for aktørar i bransjen. I og med at 2011 er det første året etterhandsstønadet er i funksjon, er det for tidleg å konkludere om framtidig verknad. Styret i NFI vil følgje utviklinga tett og vende seg til departementet dersom ein ser behov for endringar.

Målet om 40% kvinner i nøkkelposisjonar er ikkje nådd. Særleg ser vi at film som har motteke tilskott etter marknadsvurdering og film utan førehandstilskott har låg kvinnedel. Styret vil i 2011 greie ut kva verkemiddel ein kan nytte for å vere med å realisere målet, og vil leggje dette fram for departementet.

Vi ser også at det kan komme utfordringar for norsk film i samband med digitaliseringa av norske kinoar. På den eine sida opnar det for ein enklare distribusjon også av norsk film. Men samtidig vil tilgangen på internasjonal film auke, med fare for at lerreta på kinoane vert tekne opp av utanlandsk film.

Den digitale utviklinga opnar nye moglegheiter både for formidling, utvikling og produksjon. Audiovisuelle produkt møter publikum på nye plattformer og nye marknader. Med den vitaliteten vi ser i dei norske miljøa er det all grunn til at norsk bransje skal kunne bli mellom dei leiande på fleire område. NFI vil vere med på å utvikle kunnskap og kompetanse om nye marknader og nye distribusjonsformar, med målsetting om at norsk audiovisuell produksjon skal nå ut til eit stadig større publikum også i framtida.

Styret i NFI vil leggje vekt på å møte denne utviklinga med ein styrkt kompetanse i organisasjonen, i tett dialog med bransje, publikum og nye aktørar.

## 2. Rekneskap for 2010, med forklaring på avvik

### 2.1 Driftsrekneskap 2010

Kap. 0334 post 01 – Driftsutgifter NFI	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2010	Avvik
<b>Post 01.11 Lønn og godtgjøring</b>			
01.11 Faste stillingar	39 703 253	38 423 474	1 279 779
01.11 Midlertidige stillingar			-
01.11 Overtid	535 273	340 000	195 273
01.12 Ekstrahjelp	3 631 517	2 390 522	1 240 995
01.17 Honorar	979 000	1 047 000	-68 000
<b>Sum 01-11</b>	<b>44 849 043</b>	<b>42 200 996</b>	<b>2 648 047</b>
01.18 Arbeidsgivaravgift	6 094 044	5 914 841	179 203
<b>Sum post 01.1</b>	<b>50 943 087</b>	<b>48 115 837</b>	<b>2 827 250</b>
<b>Post 01.2 Varer og tenester</b>			
01.21 Maskiner, inventar og utstyr	7 104 306	3 075 221	4 029 085
01.22 Forbruksmateriell	1 262 794	1 116 500	146 294
01.23 Reiseutg., representasjon, opplæring, velferd	6 512 643	7 140 800	-628 157
01.24 Kontortenester m.m.	3 478 138	3 761 825	-283 687
01.25 Konsulenttenester, sivilarbeidarar m.m.	3 432 227	3 378 000	54 227
01.26 Fagrelaterte utgifter	3 010 949	3 325 500	-314 551
01.27 Vedlikehald maskiner/ utstyr	3 609 679	3 075 000	534 679
01.28 Vedlikehald bygg og anlegg	1 884 324	5 120 000	-3 235 676
01.29 Bygningars drift, lokaleie	15 919 959	15 978 165	-58 206
Sum post 01.2	46 215 019	45 971 011	244 008
<b>Sum post 01</b>	<b>97 158 106</b>	<b>94 086 848</b>	<b>3 071 258</b>
Post 16 Refusjon fødselspengar	-428 358	-428 358	-
Post 18 Refusjon sjukepengar	-1 928 930	-1 928 930	-
<b>Sum arbeidsbudsjett</b>	<b>94 800 818</b>	<b>91 729 560</b>	<b>3 071 258</b>
Bevilgning, tildelingsbrev	94 804 000	94 804 000	-
<b>Resultat, mindreforbruk</b>	<b>-3 182</b>	<b>-3 074 440</b>	<b>3 071 258</b>
<b>Kap. 0334 post 21 – Oppdragsverksemd</b>			
<b>Post 21 Særskilte driftsutgifter</b>			
21.11 Lønn og godtgjøringar	282 362	282 362	-
21.22 Varer og tenester	7 534 817	7 534 817	-
21.18 Arbeidsgivaravgift	39 813	39 813	-
(Bevilgning iflg. tildelingsbrev 7 542 000)			
<b>Sum post 21</b>	<b>7 856 992</b>	<b>7 856 992</b>	<b>-</b>

Kap. 0334 post 71 – Filmtiltak	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2010	Avvik
Manuskriptstøtte	8 140 250	8 640 000	-499 750
<b>Sum post 71</b>	<b>8 140 250</b>	<b>8 640 000</b>	<b>-499 750</b>

Kap. 0334 post 78 – Ymse faste tiltak	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2010	Avvik
Filmkulturelle tiltak	2 680 000	2 680 000	-
Kursstøtte og utdanningsretta tiltak	1 273 475	1 570 000	-296 525
<b>Sum post 78</b>	<b>3 953 475</b>	<b>4 250 000</b>	<b>-296 525</b>

Kap. 3334 post 01, 02, 16 18 – Ymse inntekter	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2010	Avvik
Post 01 Driftsinntekter	6 350 699	8 553 000	-2 202 301
Post 02 Inntekter ved oppdrag	7 856 992	7 856 992	-
(Bevilgning iflg. tildelingsbrev 7 542 000)			
Post 16 Refusjon fødselspengar	428 358	428 358	-
Post 18 Refusjon sjukepengar	1 928 930	1 928 930	-
<b>Sum inntekter post 01, 02,16 og 18</b>	<b>16 564 979</b>	<b>18 767 280</b>	<b>-2 202 301</b>

Forklaringar til avvik i rekneskap i forhold til tildelt budsjetttramme:

Under post 71 er det ei mindreutgift på kr 499 750 i forhold til tildelt budsjett. Beløpet er tildelt, men ikkje utbetalt i 2010. Beløpet er søkt overført til 2011.

Under post 78 er tildelinga todelt:

Filmkulturelle tiltak hadde ein tildeling på kr 2 680 000. Beløpet er tildelt og utbetalt i 2010.

Kursstøtte og utdanningsretta tiltak var tildelt kr 1 570 00. Her er det ei mindreutgift på kr 296 525. Av dei midla som står att vart kr 71 000 tildelt, men avtaler og/eller personopplysningar kom ikkje i retur tidsnok for utbetaling i 2010. Restbeløpet kr 225 525 vart ikkje tildelt. Årsaka til dette er eit langt lågare tal på søknader til internasjonale program enn venta andre halvår. Dette er ein type stipend som har store utbetalningar, og det gir derfor store utslag når søknadene uteblir.

Rekneskapen viser ei mindreinntekt på kr 2 202 301, i forhold til tildelt budsjett. Dette er i hovudsak knytt til at salet av eigne dvd-utgivingar er vesentleg lågare enn forventa. I tillegg var Cinemateket og kinodrifta stengt i to månader i samband med ombygginga i 1. og 2. høgda, og inntekta for perioden falt bort.

## 2.2 Fondsrekneskap 2010

### Likviditetsrekneskap:

Jf. likviditetsrapporter for fondskontoen i Noregs Bank UB 2009 og UB 2010 som viser høvesvis NOK 91 042 658 og NOK 104 314 316.

### Disposisjonsrekneskap:

UB disponibelt pr 31.12.2009	6 801 050
Forskjøve tilskott frå 2009	-5 917 814
<b>IB disponibelt pr 01.01.2010</b>	<b>883 236</b>
<hr/>	
Tildelingsbrev 2010 KUD	367 857 000
Supplerande tildelingsbrev nr.1 KUD	-1 350 000
Tilbakebetalt i samsvar med inntektsrapportering 2010	3 643 709
Tilskott trekt tilbake	4 067 301
Tilbakebetaling produsentstøtte	865 823
<b>Sum disponibelt 2010</b>	<b>375 967 069</b>
<hr/>	
Sum tilskott 2010	376 709 410
<hr/>	
<b>UB pr 31.12.2010</b>	<b>-742 340</b>
<hr/>	

Den samla fondsrekneskapen for Norsk filminstitutt viser at det pr 31.12.2010 er disponert NOK 742 340 for mykje i fondsmiddel. Overforbruket blir korrigert gjennom disponibelt beløp for 2011.

UB per 31.12.2010 harmoniserer ikkje med saldo på fondskontoen i Norges Bank per same tidspunkt. Dette fordi utbetalingane som regel kjem i rateutbetalingar i lang tid etter tildelingstidspunkta.

## 2.3 Dei filmpolitiske måla –oppbygginga av årsrapporten

Dei neste kapitla vil gjere greie for måloppnåinga av dei filmpolitiske målsettingane frå St. meld. 22, Veiviseren [2006-2007]<sup>1</sup> og tildelingsbrevet for 2010.

Hovudmål som uttrykt i Veiviseren [2006-2007] og tildelingsbrevet for 2010:

Hovudmålet er et mangfald av film- og tv-produksjonar baserte på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er kjent for høg kvalitet, kunstnarisk dristigheit og nyskaping, og som utfordrar og når eit stort publikum i Noreg og internasjonalt.

Dette skal ein nå gjennom delmåla

- Styrka produksjon
- Solid publikumsoppslutning
- Kvalitet og mangfald
- Filmkultur for alle

Innunder kvart delmål er *resultatmåla* merka i oransje farge og ramme.

Innunder kvart resultatmål vil det følgje ein tekst om status for måloppnåinga i blå ramme.

Vidare vil aktuell informasjon som gjeld det enkelte resultatmålet bli presentert.

---

<sup>1</sup> Etter dette kalla Veiviseren [2006-2007]

### 3. Delmål 1: Styrka produksjon

Gjennomsnittleg minst 25 langfilmar i året, av dette fem dokumentarar og fem barne- og ungdomsfilmar.

Det har vore eit jamt stigande tal på kinofilmar per år. 2010 har det høgaste talet norske filmpremierar nokon gong og nådde målsettinga om 25 kinopremierar. Dette utgjer ein auke på to filmar frå 2009 og ein auke på tre filmar frå 2007 og 2008. Gjennomsnittet dei siste fire åra utgjer 23 filmar per år, to filmar frå målet. 2011 ser ut til å bli enda eit rekordår for norske filmar, førebels er det planlagt mellom 35 og 40 norske kinofilmpremierar. Med 35 norske kinopremierar i 2011 vil gjennomsnittet for dei fire siste åra bli 26 (26,25) norske kinofilmar per år.

For barne- og ungdomsfilm er målet nådd. Gjennomsnittet for dei siste seks åra utgjer seks (5,8) barne- og ungdomsfilmar per år. Dei siste to åra har det vore rekordhøge tal på barne- og ungdomsfilmar, åtte filmar i 2009 og ni i 2010.

Målet om fem kinodokumentarar per år er ennå ikkje fullt ut nådd. I åra 2005 til 2010 har det vore gjennomsnittleg fire (4,3) kinodokumentarpremierar per år, ein film frå målet.


### 3.1 Auke i langfilmar per år

Det har vore ein jamn auke i talet på norske premierefilmer per år dei siste ti åra. Det har vore ein gjennomsnittleg auke på to (1,8) filmar kvart år frå 2001 til 2010. Med 25 filmar er 2010 året med flest norske premierefilmer. Sjå figur 3.1 a) for tal på norske kinofilmpremierar per år, år 2000 til 2010.

Talet på norske barne- og ungdomsfilmar og kinodokumentarar har vore noko varierende frå år til år i perioden 2005 til 2010. Sjå figur 3.1 b) for tal på norske barne- og ungdomsfilmar og kinodokumentarfilm per år i perioden 2005 til 2010.


Sjå også oppsummeringa av måloppnåinga s. 12 (merka i blå ramme) for meir informasjon.

Figur 3.1 a) Tal på norske kinofilmpremierar per år - 2000 - 2010



Kjelde: NFI

Figur 3.1 b) Tal på norske barne- og ungdomsfilmar og kinodokumentarfilm per år - 2005 - 2010



Kjelde: NFI

I 2010 vart det starta eller gjennomført innspeling av elleve filmar med førehandstilskott frå NFI. Det er i tillegg registert 20 filmar som har starta/gjennomført innspeling utan førehandstilskott frå NFI, og som er venta å ha premiere i 2011. Det er altså ein markant auke av produksjonar utan førehandstilskott jamført med tidlegare år. Dette kan ha samanheng med dei nye forskriftene for etterhandsstønad. Den nye ordninga for etterhandsstønad står kan hende fram som meir fordelaktig for produsentane enn den "gamle" billettstøtteordninga, fordi dei kan spreie risikoen på fleire visningsvindauger.

Etterhandsstøtta blir rekna ut frå produksjonsselskapets netto inntekter frå sal. NFI er særskilt merksame på at alle avtalar om sal skal gjerast ut frå vanleg praksis i bransjen og på vanleg forretningsmessige vilkår, slik det går fram av forskriftene.



Sjå tabell 3.1 a) for liste over dei norske kinofilmene 2010. Barne- og ungdomsfilm er merka i oransje, kinodokumentarar er merka i blå. Lista er ordna etter besøkstal i 2010, frå høgast til lågast. Fire av dei 25 kinofilmpremierane er produserte utan førehandstilsnitt frå NFI. Det gjeld *Brødrene Dal og Vikingsverdets forbannelse*, *Kurt Josef Wagle og fjordheksa*, *Tomme Tønner* og *Snøhulemannen*.

Tabell 3.1 a) Norske kinofilmpremierar - 2010 (ordna etter besøkstal)

Tittel	Produsentselskap	Premiere	Besøk 10
Overheng frå 2009			102 425
Knerten gifter seg	Paradox Rettigheter	24.09	403 654
Trolljegeren	Filmkameratene	29.10	267 112
Nokas	Alligator Film	01.10	249 397
Olsenbanden jr. og Mestertyvens skatt	Nordisk film & tv	29.01	189 264
Fritt vilt III	Fantefilm Fiksjon	15.10	152 088
Yohan - Barnevandrers	Penelope film	26.03	123 114
Varg Veum II - Skriften på veggen	Cinemiso	27.08	121 645
Pelle Politibil går i vannet	Neofilm	08.01	120 720
Tomme Tønner	Tappeluft Pictures. Wanted Film	08.01	118 724
En ganske snill mann	Paradox	19.03	96 054
Kongen av Bastøy	4 ½	17.12	91 224
Keeper'n til Liverpool	4 ½	22.10	84 246
Hjem til jul	BulBul Film	12.11	74 489
Elias og jakten på havets gull	Filmkameratene	10.12	71 056
Asfaltenglene	Maipo	26.02	60 094
Limbo	SF Norge	10.09	52 061
En helt vanlig dag på jobben	Folk flest filmproduksjoner	12.03	29 899
Kommandør Treholt & Ninjatropen	Tordenfilm	13.08	27 678
Sykt Lykkelig	Maipo	05.11	26 008
Kurt Josef Wagle og legenden om Fjordheksa	Yellow Bastard, Tappeluft Pictures	05.03	23 802
Brødrene Dal og Vikingsverdets forbannelse	Magcat Productions	10.09	22 008
Maskeblomstfamilien	Maipo	08.10	16 935
Snøhulemannen	F(x) produksjoner	12.03	14 374
Strengt hemmelig	Orvung Film	08.02	11 387
Gazas tårer	Nero Media	05.11	6 457
Sum norske filmar 2010			2 453 490
Sum norske filmar 2010 inkl. overheng frå 2009			2 555 915

Kjelde: Film&Kino / NFI

## 3.2 Handsama søknader om tilskott til audiovisuell produksjon


### 3.2.1 Søknadsmassen

Frå eit rekordhøgt tal på handsama søknader i 2009 (822 søknader), har talet minka med omkring 100 søknader i 2010 (703 søknader). Sjå figur 3.2.1 a). Spesielt søknader om tilskott til dokumentarfilm har minka, frå 330 i 2009 til 246 i 2010.

Årsaka til nedgangen i søknader er truleg samansett. Dei nye forskriftene har større krav til profesjonalitet blant søkjarane, og dei mest aktive produksjonsselskapa var i år allereie bunde opp i pågåande produksjonar. I tillegg nyttar enkelte av dei også pakkefinansiert utvikling. Vidare har både NRK og TV2 gått inn i langt færre produksjonar i 2010. Kvaliteten på prosjekta som søker er likevel framleis god, og det var ved årsskiftet over 150 produksjonar i utvikling eller produksjon med tilskott frå NFI. Innanfor dei andre ordningane har det også vore ein mindre nedgang. Dette kan henge saman med forskriftenes krav til større profesjonalitet blant søkjarane.


Fleire søkjarar fekk tilskott i 2010 enn i 2009. Samla for alle tilskottskategoriene og alle tilskottstypar har prosenten søkjarar som fekk tilskott auka frå 40 prosent i 2009, til 49 prosent i 2010. Tala på tilskott har auka i nesten alle tilskottskategoriar, samanlikna med 2009. Berre tal på tilskott til tv-drama har minka noko. Tilskottsprosenten har for langfilm auka frå 61 til 65 prosent, dette inkluderer alle typar tilskott.

Figur 3.2.1 a) Tal på behandla søknader (inkl. dei fem tilskottskategoriene og pakkefinansiering utløyst tilskott)



Kjelde: NFI

Figur 3.2.1 b) Tilskott og avslag - 2009 og 2010 (inkl. dei fem tilskottskategoriene og pakkefinansiering utløyst tilskott)



Kjelde: NFI

Figur 3.2.1 c) Tilskott og avslag - 2009 og 2010 (inkl. dei fem tilskottskategoriene og pakkefinansiering utløyst tilskott)

	Langfilm		Kortfilm		Dokumentar		Tv-drama		Interaktive		Totalt	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
<b>2010</b>												
Tal	162	88	55	55	92	154	18	10	22	47	348	354
Prosent	65	35	50	50	37	63	63	37	32	68	50	50
<b>2009</b>												
Tal	153	98	46	68	77	253	33	9	18	57	327	485
Prosent	61	39	40	60	23	77	79	21	24	76	40	60

Kjelde: NFI

### 3.2.2 Tilskott

I 2010 er det tildelt kr 372 642 108 fordelt på 338 tilskott, inkludert pakkefinansieringskontrakta (ikkje utløyste tilskott<sup>2</sup>). Beløpet og talet på tildelingar inkluderer alle tilskottskategoriar og alle typar tilskott innan NFIs produksjonsseksjon og fondsramma. Tabell 3.2.2 a) viser tilskott for kategoriene kinofilm, kortfilm, dokumentar, tv-drama, interaktive produksjonar og pakkefinansiering.

*Kinofilm* inkluderer konsulentvurdert kinofilm (fiksjon), marknadsvurdert kinofilm (fiksjon), samprodusert kinofilm (norsk minoritet) og kinodokumentar. *Kortfilm* inkluderer ordningane kortfilm og Nye veier til korte filmar. *Dokumentar* (som ikkje er kinofilm) inkluderer ordningane dokumentarfilm for tv og dokumentarseriar. *Pakkefinansiering kinofilm fiksjon /dokumentarfilm kontrakt* inkluderer tildelte kontraktar gjennom ordningane pakkefinansiering kinofilm/dokumentarfilm utvikling og pakkefinansiering kinofilm produksjon. *Pakkefinansiering kinofilm fiksjon/dokumentarfilm utløyst* inkluderer utløyste tilskott til prosjekt som tidlegare er tildelt pakkefinansieringskontrakt.

Tilskottsbeløp og tal for tilskottskategoriene inkluderer alle typar tilskott: utviklingstilskott, produksjonstilskott, lanseringstilskott (nasjonalt og internasjonalt) og etterhandsstønad.

Sjå eige kapittel for tilskott gjennom ordningar forvalta av NFIs utviklingsseksjon.

Eit meir detaljert oversyn over dei fem tilskottskategoriene følgjer i dei enkelte delkapitla. I dei vidare oversiktane vil berre pakkefinansiering utløyst tilskott inkluderast.

Sjå "vedlegg 1 – Prosjekt som har motteke tilskott frå NFIs produksjonsseksjon 2010" for oversikt over tilskott til dei enkelte prosjekta.

Tabell 3.2.2 a) Tilskott fordelt over de fem tilskottskategoriene – 2009 og 2010

Alle tilskottskategoriar	2009		2010	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Kinofilm (inkl. kinodok. og samproduksjon)	153	288 627 943	149	291 310 530
Kortfilm	46	22 662 305	55	21 737 670
Dokumentar	77	23 447 000	86	24 660 757
Tv-drama	33	16 436 135	18	16 953 151
Interaktive produksjonar	18	10 600 000	22	12 830 000
Pakkefinansiering kinofilm fiksjon kontrakt	0	0	6	4 050 000
Pakkefinansiering kinofilm fiksjon utløyst	4	629 148	13 (16)	1 780 731
Pakkefinansiering dokumentarfilm kontrakt	0	0	2	1 100 000
Pakkefinansiering dokumentarfilm utløyst	6	954 524	6	845 000
Sum 2010 inkl. pakkefinansiering kontrakt	327	361 773 383	338	372 642 108
Sum 2010 inkl. pakkefinansiering utløyst	337	363 357 055	349	370 117 839

Kjelde: NFI

<sup>2</sup> For meir informasjon om pakkefinansieringsordninga, sjå punkt 3.8.

### 3.3 Kinofilm

I 2010 vart det totalt tildelt kr 294 892 261 til kinofilm. Dette inkluderer tilskott gjennom alle kinofilmordningane og alle typar tilskott. Produksjonstilskott vart tildelt 27 prosjekt, og totalt tildelt produksjonstilskott vart kr 150 619 530. Sjå tabell 3.3 a).

Eit prosjekt kan i dag anten søkje tilskott gjennom konsulentvurdering (kunstnarleg vurdering) der ein kan få vurdering av to uavhengige konsulentar, gjennom marknadsvurdering gjort av eit uavhengig ekspertpanel, gjennom pakkefinansiering kinofilm fiksjon utvikling og produksjon, eller indirekte gjennom etterhandsstønad. Føresetnaden om at det skal vere fleire dører inn til filmproduksjon er derfor framleis godt teke omsyn til.

*Tabell 3.3 a) Totalt tilskott kinofilm (konsulentvurdert kinofilm fiksjon, marknadsvurdert kinofilm fiksjon, kinofilm dokumentar, samproduksjon og pakkefinansiert kinofilm utløyst) - totalt 2010*

<b>Kinofilm totalt</b>	<b>Tal</b>	<b>Tilskott</b>	<b>Gjennomsnittleg tilskott</b>
Utviklingstilskott	60	14 474 744	241 246
Produksjonstilskott	27	150 619 530	5 578 501
Lanseringstilskott	41	29 028 584	708 014
Etterhandsstønad	37	100 768 403	2 723 470
<b>Sum totalt 2010</b>	<b>165</b>	<b>294 891 261</b>	<b>1 787 220</b>

Kjelde: NFI

### Konsulentvurdert kinofilm fiksjon

I 2010 vart det totalt tildelt kr 139 789 269 til konsulentvurderte filmar. Dette inkluderer utviklingstilskott, produksjonstilskott, lanseringstilskott og etterhandsstønad. Produksjonstilskott vart tildelt ni prosjekt, og totalt tildelt produksjonstilskott var kr 82 985 250. Sjå tabell 3.3 b).

Tendensen er at prosjekt som søker tilskott gjennom konsulentvurdering (kunstnarleg vurdering), kjem stadig tidlegare til NFI i høve til produksjonsstart, og at dei treng lengre tid frå vedtaket blir fatta om tilskott til produksjonsstart. Dette heng saman med høgare krav til prosjekta på søkjetidspunkt, sterkare konkurranse slik at det er naudsynt å gjere prosjektet synleg tidleg, og meir omfattande førearbeid for å få på plass finansiering, produksjonsteam, og ikkje minst, rollebesetning. Dei aller fleste av dei prosjekta som er aktuelle for konsulentvurdert tilskott i 2011, søkte allereie i 2010. Mellom anna vart det i oktober lagt fram fem gjennomarbeida pilotar for relativt store prosjekt med opptaksstart i 2011.

Det har vore ei målsetting for NFI å auke tilskottet til dei enkelte prosjekta, både i prosent og i faktiske pengar. I konsulentordninga var NFIs del av produksjonsbudsjetta i gjennomsnitt 56 prosent, noko som utgjer ein markant auke frå 47 prosent i 2009. Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett på søknadstidspunktet for prosjekt som fekk tilskott gjennom konsulentordninga var i 2010 20,2 millionar kroner, vel 1,5 millionar kroner høgare jamført med 2009<sup>3</sup>

Tabell 3.3 b) Tilskott konsulentvurdert kinofilm fiksjon – totalt 2010

Konsulentvurdert kinofilm fiksjon	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	37	8 761 250	236 791
Produksjonstilskott	9	82 985 250	9 220 583
Lanseringstilskott	23	14 821 906	644 431
Etterhandsstønad	18	33 220 863	1 845 604
Sum totalt 2010	87	139 789 269	1 606 773

Kjelde: NFI

### Marknadsvurdert kinofilm fiksjon

I 2010 vart det totalt tildelt kr 129 402 674 til marknadsvurderte filmar. Dette inkluderer produksjonstilskott, lanseringstilskott og etterhandsstønad. Produksjonstilskott vart tildelt fem prosjekt, og totalt tildelt produksjonstilskott var kr 54 050 000. Sjå tabell 3.3 c).

NFIs gjennomsnittlege prosentdel tilskott i produksjonsbudsjetta var 39 prosent for marknadsordninga, eksklusive *Kon-Tiki* (31 prosent inkludert *Kon-Tiki*). Dette utgjer ein nedgang frå 2009 (42 %), men samtidig har det gjennomsnittlege nominelle tilskottet auka frå 7,8 millionar kroner i 2009 til 10,8 millionar kroner i 2010.

Gjennomsnittsbudsjettet for prosjekt som søker førehandtilskott har auka. Særleg gjeld dette film etter marknadsvurdering. Dette heng saman med at dei nye forskriftene ikkje har noko tak på maksimalt førehandtilskott, og at billegare produksjonar med lågt tilskottsbehov ikkje lengre har spesiell fordel av ordninga. Målsettinga om å prioritere

<sup>3</sup> Merk at det er ein skilnad mellom kostnadene som kjem fram her og på neste side, og dei som vert presenterte i tabell 5.1.2 a). Tala i tabell 3.3. b) og 3.3. c) er splitta opp mellom konsulentvurdert og marknadsvurdert film og inkluderer ikkje lanseringskostnader.

tilskott til dei filmene som har størst publikumspotensial ser ut til å ha auka talet på søkjarar med høge produksjonsbudsjett. I 2009 var det gjennomsnittlege produksjonsbudsjettet på søknadstidspunktet for prosjekt som fekk tilskott etter marknadsvurdering omkring 18,6 millionar kroner, medan gjennomsnittet i 2010 steig til 23,3 millionar kroner, eksklusive prosjektet *Kon-Tiki* som aleina har eit budsjett på 88 millionar kroner. Tek ein med denne filmen, blir snittbudsjettet 35,2 millionar kroner.

I marknadsordninga er tendensen at søknader om tilskott gjeld prosjekt som har høge marknadsmessige ambisjonar på nasjonalt nivå. I og med at vurdering og prioritering hovudsakleg blir gjort på grunnlag av publikumspotensial, ligg ambisjonen som regel over 200 til 250 000 besøk. Filmene har vel gjennomarbeidde marknadsstrategiar og står fram som "eventfilm" av høg standard. Produksjons- og marknadsbudsjetta er generelt høge. Finansieringa er som regel primært nasjonalt fundert og må vere stadfesta på søknadstidspunkt. Prosjekta er anten breitt innsikta familiefilmar eller tydeleg definerte sjangerfilm. Produsentar som kan underbygge publikumsestimatet sitt med tidlegare resultat for samanliknbare filmar (t.d. "romartalfilm") har ofte eit fortrinn i marknadsordninga.

Tabell 3.3 c) Tilskott marknadsvurdert kinofilm fiksjon - totalt 2010

Marknadsvurdert kinofilm fiksjon	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Produksjonstilskott	5	54 050 000	10 810 000
Lanseringstilskott	10	9 578 325	957 833
Etterhandsstønad	14	65 774 349	4 698 168
Sum totalt 2010	29	129 402 674	4 462 161

Kjelde: NFI

#### Kinodokumentar

I 2010 vart det totalt tildelt kr 11 637 899 til konsulentvurdert kinodokumentar. Dette inkluderer utviklingstilskott, produksjonstilskott, lanseringstilskott og etterhandsstønad. Produksjonstilskott vart tildelt tre prosjekt, og totalt tildelt produksjonstilskott var kr 5 200 000. Sjå tabell 3.3 d).

Inndelinga i kinodokumentar/enkeltstående dokumentar/dokumentarseriar for fjernsyn er ei noko kunstig kategorisering. Produksjon av dokumentarfilm er ein lang prosess, og både problemstilling og tilgang til stoff endrar seg under arbeidets gang. Det er ikkje uvanleg at så vel lengde som framsyningsvindauge blir endra eller komplettert. Derfor er det formålsteneleg å ha midla til dokumentarfilm budsjettert som ein post slik at prosjekt i dei ulike kategoriane kan bli vurderte samla, og i høve til kvarandre. Budsjettet for dei tre typene dokumentarfilmtilskott er derfor samla, og i 2010 var totalbudsjettet kr 33 560 000 (inkludert overføringar frå 2009).

Tabell 3.3 d) Tilskott konsulentvurdert kinodokumentar - totalt 2010

Konsulentvurdert kinofilm dokumentar	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	7	2 282 500	326 071
Produksjonstilskott	3	5 200 000	1 733 333
Lanseringstilskott	5	2 628 353	525 671
Etterhandsstønad	4	1 527 046	381 762
Sum totalt 2010	19	11 637 899	612 521

Kjelde: NFI

### Samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent

I 2010 vart det totalt tildelt kr 10 630 425 til samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent. Dette inkluderer produksjonstilskott, lanseringstilskott og etterhandsstønad. Produksjonstilskott vart tildelt ti prosjekt, og totalt tildelt produksjonstilskott var kr 8 384 280. Sjå tabell 3.3 e).

Det vart i 2010 sett av 10 millionar kroner til konsulentvurdert samproduksjon. Målsettinga var å tildele tilskott til tre til fem prosjekt. Men talet på søknader var høgare enn venta. Dette må ein sjå i samanheng med at norske produsentar i aukande grad søker internasjonalt samarbeid. Grunna mange sterke søknader vart det tildelt ti tilskott til produksjon av samproduksjonsfilmar, fire på vårhalvåret og seks i løpet av hausten.

At Noreg gjekk inn i Den europeiske konvensjonen om samproduksjon av film har først og fremst vore viktig for norske majoritetssamproduksjonars moglegheit for tilgang på europeiske tilskottsordningar. Ved å vere del av konvensjonen vil norske prosjekt bli rekna som nasjonale i samprodusentens heimland, og ha tilgang på dei same støtteordningane som nasjonale produksjonar.

NFI har dei siste to åra hatt eit spesielt fokus på Tyskland. Tyskland er den største marknaden utanfor Noreg, og vi møtar stadig aukande interesse for norske produksjonar. Inntrykket er at det tyske produksjonsmiljøet er blitt meir merksam på Noreg som eit eige produksjonsland, og ikkje berre som ein del av Norden. I 2010 har det vore sju norske filmar i tysk kinodistribusjon, noko som må seiast å vere svært bra. Det vart i 2010 tildelt tilskott til to tyske samproduksjonsprosjekt med norsk minoritetsprodusent. Det er meir enn 30 år sidan eit norsk selskap sist var minoritetsprodusent i ein tysk film.

Tabell 3.3 e) Tilskott konsulentvurdert samproduksjon - totalt 2010

Konsulentvurdert samproduksjon	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Produksjonstilskott	10	8 384 280	838 428
Lanseringstilskott	3	2 000 000	666 667
Etterhandsstønad	1	246 145	246 145
Sum totalt 2010	14	10 630 425	759 316

Kjelde: NFI

### Pakkefinansiering kinofilm fiksjon

I 2010 vart det totalt utløyst kr 1 780 731 til kinofilm fiksjon gjennom pakkefinansiering utvikling. Kr 1 800 000 vart tildelt/utløyst gjennom pakkefinansiering produksjon. Sjå tabell 3.3 f). For meir informasjon om pakkefinansiering sjå punkt 3.8.

Tabell 3.3 f) Tilskott pakkefinansiert kinofilm fiksjon - totalt 2010

Pakkefinansiert kinofilm fiksjon utløyst	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Pakkefinansiering utvikling	13	1 780 731	136 979
Pakkefinansiering produksjon <sup>4</sup>	3	1 800 000	600 000
Sum totalt 2010	16	3 580 731	223 796


Kjelde: NFI

<sup>4</sup> Ordninga heiter *pakkefinansiering produksjon*, men utløyst tilskott kan både vere til utvikling og produksjon. Sjå meir informasjon under punkt 3.8.



Figur 3.3 a) viser fordelinga av førehandstilskott mellom dei ulike kinofilmordningane.

Figur 3.3 a) Prosentvis fordeling av totalt førehandstilskott til kinofilm mellom ulike kinofilmordningar - totalt 2010



Kjelde: NFI

### 3.4 Kortfilm

I 2010 vart det tildelt kr 21 737 670 til kortfilm. Dette inkluderer ordinær kortfilm og "Nye veier til korte filmer", alle typar tilskott. Produksjonstilskott vart tildelt 19 prosjekt gjennom ordinær kortfilmordning, totalt kr 12 876 800. Gjennom ordninga "Nye veier til korte filmer" vart det tildelt produksjonstilskott til fem prosjekt, totalt kr 7 475 000. Budsjettet for 2010 var 22 millionar kroner. Sjå tabell 3.4 a), b) og c).

I vår digitale tidsalder blir det produsert meir kortfilm enn nokon gong, og filmane blir distribuerte i alle format. Kortfilmen er ein uttrykksform som både trekk til seg unge filmskaparar med nye stemmer, etablerte filmskaparar som vil dyrke kortfilmen som eit eige kunstnarleg uttrykk, og meir konseptuelt orienterte kunstnarar som nyttar kortfilmen som del av eit visuelt kunstverk.

Tradisjonelt har kortfilm vore det første steget inn i filmbransjen, og like vanleg har kortfilmstøtte frå NFI vore avgjerande for å få fram nye filmskaparar i Noreg. Slik er det ikkje lengre. Filmskolar og regionale senter er langt viktigare for rekruttering av nye talent, og utbreiinga av digitale kamera og profesjonelle klippeprogram på nettet gjer at terskelen til produksjon er lav. NFI har derfor fokusert på det overgripande ansvaret med å syte for at det kan gjennomførast produksjonar på eit nasjonalt og internasjonalt nivå. Vidare skal NFI ta eit ansvar for at "etablerte", nye talent både blir synleggjorde og tekne vare på av bransjen. Den norske audiovisuelle bransjen treng nye stemmer, nye tankar og nye ambisjonar dersom han skal utvikle seg.

Kortfilmstøtta har inga krav om kinoframsying eller fjernsynsdistribusjon og kan derfor femne nye media og produksjonar som er tilpassa nye distribusjonskanalar.

Talentprogrammet "Nye veier til korte filmer" legg vekt på talent og gir stort rom for nyutvikling i prosjekta. Programmet er knytt til føresetnaden i § 1-7 i tilskottsforskriftene om at NFI kan prioritere prosjekt som bidreg til utviklinga av talentfulle regissørar og manuskriptforfattarar. Tilskott skal bidra til å utvikle og synleggjere eit etablert filmkunstnarleg talent, der tiltru til talentet – og til talentet sine moglegheiter til å utvikle seg gjennom prosjektet – blir lagd meir vekt på enn sjølv prosjektet. Programmet skal gi regissørar som enno ikkje har debutert med langfilm betre føresetnader for å utvikle og gjennomføre ein kortare produksjon, og gjennom dette arbeidet å få fordjupa seg kunstnarleg og prøve ut nye idear. Parallelt med tilskott har kurs- og seminardelen i NFI sin Utviklings- og produksjonsavdeling arrangert samlingar med kompetanseutveksling mellom regissørar og produsentar som har fått tilskott gjennom "Nye veiar til korte filmer". Både *Samaritanen*, som vann Amanda-pris for beste kortfilm i 2010, og *Sirkus*, som vann Gullstolen på Kortfilmfestivalen, er produserte innan "Nye veier til korte filmer".

Tabell 3.4 a) Tilskott til kortfilm samla (kortfilm og Nye veier til korte filmer) – totalt 2010

Kortfilm totalt	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Kortfilm	42	13 761 670	327 659
Nye veier til korte filmer	13	7 976 000	613 538
Sum totalt 2010	55	21 737 670	395 230

Kjelde: NFI

Tabell 3.4 b) Tilskott kortfilm – totalt 2010

Kortfilm	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	2	228 200	114 100
Produksjonstilskott	19	12 876 800	677 726
Lanseringstilskott	21	656 670	31 270
Sum totalt 2010	42	13 761 670	327 659

Kjelde: NFI

Tabell 3.4 c) Tilskott nye vegar til korte filmer – totalt 2010

Nye vegar til korte filmer	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	3	265 000	88 333
Produksjonstilskott	5	7 475 000	1 495 000
Lanseringstilskott	5	236 000	47 200
Sum totalt 2010	13	7 976 000	613 538

Kjelde: NFI

### 3.5 Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm)

I 2010 vart det tildelt kr 25 311 702 til dokumentarfilm som ikkje er kinofilm. Dette inkluderer ordinær dokumentarfilmordning (enkelstående og seriar), "Nye veier til dokumentarfilm" og pakkefinansiering dokumentar, alle typar tilskott. 32 produksjonstilskott vart tildelt gjennom ordinær dokumentarfilmordning, totalt kr 15 022 476. Fem produksjonstilskott vart tildelt gjennom "Nye veier til dokumentarfilm", totalt kr 3 750 000. Det samla budsjettet for dokumentarfilm (inkluderer også kinodokumentar) var i 2010 kr 33 560 000. Sjå tabell 3.5 a), b) og c).

Talet på produksjonstilskott gjennom ordinær dokumentarfilmordning har minka noko samanlikna med 2009. Det gjennomsnittlege tilskottet gjekk noko opp, frå kr 421 528 til kr 469 452. NFI har som mål å auke det gjennomsnittlege tilskottet i 2011.

Det har vore ein nedgang i talet på søknader frå rekordåret 2009. Årsaken er truleg samansett. Dei nye forskriftene sett høgare krav til profesjonalitet hos søkjarane. Samtidig har mange av dei mest aktive selskapa allereie kapasitet bunden opp i aktuelle prosjekt, eller dei nyttar seg av pakkefinansiert utvikling. I tillegg har både NRK og TV2 gått inn i langt færre produksjonar i 2010 på grunn av interne omdisponeringar. Kvaliteten på prosjekta som søkjer er likevel framleis god, og ved årsskiftet 2010-2011 er over 150 prosjekt med tilskott frå NFI i utvikling eller produksjon.

Dokumentarfilmbransjen er svært mangearta og femner om alt frå små semi-profesjonelle einmannsføretak til produsentstyrte aksjeselskap med ein større produksjon. Selskapa har stor geografisk spreiding. Alle dei regionale filmsentra har tilskott til dokumentarfilmprosjekt som del av sine virkefelt.

Publikumspotensial skal ikkje vere avgjerande ved vurderinga av tilskott. Det er likevel eit mål at norsk dokumentarfilm skal utfordre og nå fram til eit stort publikum i Noreg og internasjonalt. Dei nye forskriftene stiller ikkje krav om visningsavtale med ein TV-kanal for at eit prosjekt skal få tilskott, men NFI krev at marknadsplanane til produsentane syner klart medvit om målgruppa til det enkelte prosjektet, og at lansering, distribusjon og sal blir gjennomført i samsvar med dette.

Ei eiga samling med "Nye veier til dokumentarfilm" vart gitt ut på dvd i 2010, med 12 filmar og intervju med regissørane. Samlinga vart godt motteken, og initiativet vart omtala som "det mest vellukka tiltaket initiert av byråkratiet på lang tid"<sup>5</sup>.

Tabell 3.5 a) Tilskott til dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm) totalt (inkl. dokumentarfilm, "Nye veier til dokumentarfilm" og utløyst tilskott pakkefinansiering utvikling) - totalt 2010

Dokumentarfilm totalt	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Dokumentarfilm	59	19 266 702	326 554
Nye veier til dokumentarfilm	15	5 200 000	346 667
Pakkefinansiering utløyst tilskott	6	845 000	140 833
Sum totalt 2010	80	25 311 702	316 396

Kjelde: NFI

<sup>5</sup> Morgenbladet 7. - 13. januar 2011, Ulrik Eriksen

Tabell 3.5 b) Tilskott dokumentarfilm - totalt 2010

Dokumentarfilm	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	27	4 244 226	157 194
Produksjonstilskott	32	15 022 476	469 452
Sum totalt 2010	59	19 266 702	326 554

Kjelde: NFI

Tabell 3.5 c) Tilskott "Nye veier til dokumentarfilm" - totalt 2010

Nye veier til dokumentar	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	10	1 450 000	145 000
Produksjonstilskott	5	3 750 000	750 000
Sum totalt 2010	15	5 200 000	346 667

Kjelde: NFI

For meir informasjon om pakkefinansiering sjå punkt 3.8.

Tabell 3.5 d) Utløyst tilskott pakkefinansiert dokumentarfilm - totalt 2010

Pakkefinansiert dokumentarfilm utløyst	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Pakkefinansiering utvikling	6	845 000	140 833
Sum totalt 2010	6	845 000	140 833

Kjelde: NFI

### 3.6 Fjernsynsdrama

I 2010 vart det tildelt kr 16 953 151 i tilskott til fjernsynsdrama. Dette inkluderer utviklingstilskott, produksjonstilskott og lanseringstilskott. Sjø tabell 3.6 a). Budsjettet for fjernsynsdrama var i 2010 kr 18 250 000 millionar kroner. 1,29 millionar kroner vart overførde til 2011.

13 prosjekt søkte om tilskott på til saman over 50 millionar kroner i 2010. Fire prosjekt fekk tilskott til produksjon på totalt kr 14 090 000. Det største enkelttilskottet (7,8 millionar kroner) vart gitt til serien *Spesialenheten*, som Rubicon TV produserer for TV3. I tillegg fekk 13 prosjekt automatisk tilskott til utvikling, der NFI stiller jamne middel med fjernsynsselskapa sin kontantinnsats, opp til kr 300 000 for kvart prosjekt.

Det er gjennom fjernsynsdrama at norsk dramatikkk møter sitt største publikum. Med sjåartal opp mot ein million er det òg tydeleg at det norske publikummet ønskjer norsk fjernsynsdrama. Både NRK og dei privateigde kanalane har meldt at dei vil halde fram med å satse på norsk fjernsynsdrama.

Gjennom tilskottsmiddel til fjernsynsseriar har NFI bidrege til meir forståing for fjernsynsdrama i det uavhengige produksjonsmiljøet. Fleire produksjonsselskap gjer no satsingar mot både film og tv, og det har vorte naturleg for så vel regissørar som manusforfattarar å pendle mellom dei to formata. Fjernsynskringkastarar, NFI og faglege organisasjonar har eit godt og konstruktivt samarbeid om felles utvikling av den norske dramaproduksjonen. Dette bidreg til eit sterkare audiovisuelt miljø som er viktig både for kinofilmen og for fjernsynsdramaet.

Tilskottet frå NFI til eksternt produserte seriar er eit supplement til satsing som norske fjernsynskanalar gjer på eiga hand. Målet er å stimulere til at det vert produsert fjernsynsdrama av ein kunstnarleg og produksjonsmessig kvalitet som ligg ut over kva fjernsynskanalane sjølv kan ventast å finansiere. NFI sitt tilskott er og svært viktig for å styrkje den uavhengige produsentens posisjon ved forhandlingar om rettar og fordeling av inntekter.

Tabell 3.6 a) Tilskott fjernsynsdrama - totalt 2010

Fjernsynsdrama	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	13	2 826 151	217 396
Produksjonstilskott	4	14 090 000	3 522 500
Lansering	1	37 000	37 000
Sum totalt 2010	18	16 953 151	941 842

Kjelde: NFI

### 3.7 Interaktive produksjonar

I 2010 vart det tildelt kr 12 830 000 i tilskott til interaktive produksjonar. Dette inkluderer utviklingstilskott og lanseringstilskott. Budsjettet var på 10 millionar kroner til utvikling og 3 millionar kroner til lansering. Sjå tabell 3.7 a).

På grunn av avgrensa tilskottsmiddel hadde NFI fram til 2009 eit tak på 1,5 millionar kroner per prosjekt. Behovet for finansiering i prosjektutviklingsfasen er ofte større enn dette, og i 2010 vart taket fjerna. Intensjonen er å kunne gi eit større, substansielt tilskott til dei prosjekta som blir prioriterte. 16 prosjekt har i 2010 fått støtte til utvikling (18 prosjekt i 2009). Det gjennomsnittlege tilskottet har auka frå kr 588 000 i 2009 til kr 625 000 i 2010.

NFI kan gi utviklingstilskott til dataspel og andre, ikkje-lineære produksjonar på norsk eller samisk. NFI definerer "interaktive produksjonar" som dataspel eller ein annan digital, audiovisuell produksjon som føresett at brukarmedverking. Tilskott kan bli løyvd i fleire fasar av produksjonen. Utviklingstilskott blir gitt som reine subsidiar og skal ikkje betalast tilbake. Det blir ikkje gitt tilskott til interaktive læringsprosjekt, pedagogiske verkty, oppslagsverk eller manualar. Heller ikkje blir det gitt tilskott til prosjekt som primært skal marknadsføre kommersielle produkt eller til nye språkversjonar av eksisterande prosjekt.

Søknadene er handsama av produksjonsrådgivaren for spill, i samråd med ei ekspertgruppe med to eksterne bransjeaktørar og ein medarbeidar frå NFI. Etter kriteria i forskrifta blir prosjekta vurderte etter kunstnarlege, produksjonsmessige, økonomiske, tekniske og marknadsmessige omsyn. Prosjekta blir vurderte både ut frå skriftleg søknad og etter "pitchemøte" mellom ekspertgruppa og produsenten. I dei nye forskriftene er dei formelle krava til søkjarane skjerpa; mellom anna må ein søkjar no vere registrert som aksjeselskap for å kunne ta imot støtte til større produksjonar. NFI har definert "større produksjonar" til å ha utviklingsbudsjett på over kr 300 000. Dei nye reglane betyr i praksis at selskap som ikkje er registrerte aksjeselskap, maksimalt kan få kr 225 000 i tilskott.

Spillbransjen har vorte meir konsolidert dei seinare åra, og det er aukande profesjonalitet mellom søkjarane. Fleire godkjende utviklarar til dei enkelte konsollane har kome til, og mange har no relativt brei internasjonal røynsle, som dei bring med seg til nye, norske prosjekt. Ein kan òg sjå at online-marknaden har vokse, noko som styrkar sjansane for mindre produsentar til å få seld prosjekta sine utan å gå vegen om distribusjonsleddet.

Frå 2010 har det også vore mogleg å søkje middel til lansering. NFI kan stille like middel med produsentens eigenkapital til distribusjon, opp til ein million kroner. Tilgangen til lanseringstilskott har bidrege til større kjennskap til norske spill i marknaden, noko som i sin tur har ført til ein auke i salstala.

Tabell 3.7 a) Tilskott interaktive produksjonar – totalt 2010

Interaktive produksjonar	Tal	Tilskott	Gjennomsnittleg tilskott
Utviklingstilskott	16	10 000 000	625 000
Lanseringstilskott	6	2 830 000	471 667
Sum totalt 2010	22	12 830 000	583 182

Kjelde: NFI

### 3.8 Pakkefinansiering

Produsentstøtteordninga som har vore aktiv frå 2002, vart 1. januar 2010 erstatta av ordninga *pakkefinansiering*.<sup>6</sup> Produsentar kan no få samla tilskott for utvikling og produksjon av to kinofilmar fiksjon, og kan også søkje på ein tredje. Formålet er å styrkje langsiktig kunstnarisk satsing på utvikling og produksjon av filmprosjekt. Ordninga skal også bidra til langsiktig samarbeid mellom produksjonsføretak og filmskaparar. Produksjonsselskap kan framleis også søkje pakkefinansiering utvikling til både kinofilm fiksjon, og til dokumentarfilm.

To vedtak vart fatta om tilskott under den nye ordninga pakkefinansiert produksjon i 2010:

- Paradox film med produsent Finn Gjerdrum, regissør Erik Poppe og manusforfattar Harald Rosenløw Eeg
- Produksjonsselskapet 4 ½ med produsent Turid Øversveen og regissør/manusforfattar Sara Johnsen

Første film i kvar pakkeproduksjon er planlagd produsert i 2011. Søknadene vart vurderte av eit panel med to eksterne deltakarar (ein regissør og ein produsent) og ein intern deltakar (talentrådgivar UPA). Tilrådinga vart gjort etter ein kunstnarleg totalvurdering. Det er same tendens for desse prosjekta som for prosjekt som søker konsulentvurdering: Høge budsjett, internasjonal finansiering med høgt kunstnarleg ambisjonsnivå og langt forarbeid. Det er tildelt/utløyst tre tilskott til desse to prosjekta etter pakkefinansieringskontraktane for produksjon. Sjå tabell 3.8 d).

Det vart også fatta tre vedtak om pakkefinansiering utvikling av fiksjonsfilm. Maipo film- og TV-produksjon, Kong Film og Paradox Rettigheter fekk kr 750 000 kvar. Innan dokumentarfilm vart det gjort vedtak om to pakker: Sant & Usant, i samarbeid med Mediamente, og Skofteland film fekk høvesvis kr 600 000 og kr 500 000 til utvikling. Sjå tabell 3.8 a) for oversikt over pakkefinansieringskontraktar inngått i 2010.

Tabell 3.8 a) Pakkefinansieringskontrakter dokumentarfilm og kinofilm fiksjon - tildelt 2010

Produksjonsselskap	Format	Type	Kontrakt	Utløyst tilskott
Sant & Usant, Mediamente	Dokumentar	Utvikling	600 000	150 000
Skofteland film	Dokumentar	Utvikling	500 000	0
Kong Film	Fiksjon	Utvikling	750 000	73 620
Paradox Rettigheter	Fiksjon	Utvikling	750 000	375 250
Maipo	Fiksjon	Utvikling	750 000	707 361
4 ½ Fiksjon	Fiksjon	Produksjon	To langfilmar	1 300 000
Paradox	Fiksjon	Produksjon	To langfilmar	500 000
<b>Totalt</b>	<b>2 dokumentar, 5 fiksjon</b>	<b>5 utv., 2 prod.</b>	<b>3 350 000</b>	<b>2 289 797</b>

Kjelde: NFI

<sup>6</sup> Regulert av *Forskrift om tilskudd til pakkefinansiert utvikling og produksjon av flere kinofilmer og pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilmer*.



Tre produksjonsselskap har utløyst tilskott til sju ulike dokumentarfilmer, frå eksisterande pakkefinansieringskontraktar. Sjå tabell 3.8 b).

Fem produksjonsselskap har utløyst tilskott til 13 ulike kinofilmar fiksjon, frå eksisterande pakkefinansieringskontraktar produksjon. Sjå tabell 3.8 c).

Tabell 3.8 b) Utløyst tilskott til prosjekt: Pakkefinansiering utvikling – dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm) totalt 2010

Produksjonsselskap	Prosjekt	Kontrakt	Utløyst tilskott	Regenerert
AS Videomaker	<i>Muren</i>	500 000	100 000	
	<i>Ballettgutten</i>		100 000	
	<i>Bak slørene i Saudi Arabia</i>		145 000	
Piraya Film	<i>Pink uprising (Gulabi Gang)</i>	500 000		219 524
	<i>Mogaldishu Soldier</i>		175 000	
	<i>Wikileaks</i>		175 000	
Sant&Usant	<i>Maikos Dans</i>	600 000	150 000	
Utløyst tilskott totalt	7 utløyste tilskott		845 000	

Kjelde: NFI

Tabell 3.8 c) Utløyst tilskott til prosjekt: Pakkefinansiering utvikling – kinofilm fiksjon totalt 2010

Produksjonsselskap	Prosjekt	Kontrakt	Utløyst tilskott
Maipo	<i>Egg</i>	750 000	155 000
	<i>Hokus Pokus, Albert Åberg!</i>		125 000
	<i>Solan og Ludvigs jul</i>		191 677
	<i>Hjemlengsel</i>		114 000
	<i>Hjemsøkt</i>		121 684
Norsk Filmproduksjon	<i>Til Thomas</i>	650 000	99 500
Kong Film	<i>Vannskrekk</i>	750 000	73 620
Paradox Rettigheter	<i>Kraftidioten</i>	750 000	187 750
	<i>Drømmenes tempel</i>		187 500
Friland Produksjon	<i>Knock-out</i>	725 000	140 000
	<i>Exit</i>		105 000
	<i>Hjertets fryd</i>		140 000
	<i>Forglemmegei</i>		140 000
Utløyst tilskott totalt	13 utløyste tilskott		1 780 731

Kjelde: NFI

Tabell 3.8 d) Utløyst tilskott til prosjekt: Pakkefinansiering produksjon – kinofilm fiksjon totalt 2010

Produksjonsselskap	Prosjekt	Kontrakt	Fase	Utløst tilskott
4 ½ Fiksjon	<i>Det viktigste er forbi</i>	Produksjon	Utvikling 1	500 000
	<i>Det viktigste er forbi</i>	Produksjon	Utvikling 2	800 000
Paradox rettigheter	<i>Pornografen</i>	Produksjon	Utvikling 1	500 000
Utløyst tilskott totalt	3 utløyste tilskott			1 800 000

Kjelde: NFI

### 3.9 Manuskriptutviklingsstønad

I 2010 vart det tildelt kr 7 213 000 fordelt på 117 tilskott gjennom manuskriptstøtteordninga. Sjå tabell. 2.9 a). Tildelingsramma for 2010 var kr 7 290 000, kr 77 000 vart overført til 2011.

Formålet med manuskriptutviklingsordninga, som vert forvalta av NFIs utviklingsseksjon, er å stimulere til utvikling av manuskript av høg kunstnarisk og profesjonell kvalitet. Ordninga skal bidra til kontinuitet og produktivitet i manuskriptarbeidet, og sikre eit breitt og mangfaldig repertoargrunnlag for alle målgrupper. Manuskriptutviklingsordninga kan gi tilskott til utvikling av alle typar langfilmmanus, kinodokumentarar, tv-drama og interaktive produksjonar.

Tilskottsordninga rettar seg mot forfattarar som ikkje har inngått forpliktande samarbeid med produsent. Det kan bli gitt tilskott gjennom heile utviklingsprosessen fram mot revidert 1. utkast av manus. Tilskotta blir gitt i ratar, og søknader blir behandla løypande.

Det er 54 aktive prosjekt med til saman 67 forfattarar i ordninga. 39 av dei 67 forfattarane er kvinner, noko som utgjer ein kvinnedel på 49 prosent.

Manuskonsulentane har behandla 221 søknader, 177 prosjekt har fått avslag. 42 prosjekt er avslutta i løpet 2010.

Sjå "Vedlegg 2 - Prosjekt som har motteke tilskott frå NFIs utviklingsseksjon til manuskriptutvikling 2010" for informasjon om tilskott til dei enkelte prosjekta.

Tabell 2.9 a) Tilskott til manuskriptutvikling - kvartalsvis og heile 2010 summert.

Manuskriptutvikling	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt tilskott
1. kvartal	1 795 000	27	66 481
2. kvartal	2 523 000	40	63 075
3. kvartal	1 140 000	19	60 000
4. kvartal	1 755 000	31	56 612
Sum tildelt 2010	7 213 000	117	61 649

Kjelde: NFI

Eit sterkt produksjonsmiljø, med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i produksjonen.

Verksemda på dette feltet omfattar først og fremst "mjuke" tiltak som opplæring, etterutdanning og nettverksbygging. Til NFIs egne ordningar høyrer kurs- og seminarverksemda for filmarbeidarar og ulike stipendordningar, til likes med tilskottsordningane "Nye vegar" for kort- og dokumentarfilm og stipendordninga "Vekst i prosjekt" (VIP). Kurs- og kompetansebygginga som går føre seg på overnasjonalt nivå gjennom MEDIA-programmet har same siktemål. Verksemda til Film Commission Norway har eit meir næringsretta siktemål ved å promotere Noreg som innspelingsstad, og å knytte praktiske samarbeidsband mellom norske filmfolk og utanlandske filmprodusentar.

Som med all utviklingsverksemd er det vanskeleg å måle effektar på kort sikt. Tilstrøyminga til og tilbakemeldingane frå deltakarane i tiltaka tyder likevel på at det både er etterspurnad etter slike tilbod, og at dei tiltaka som er sette i verk, blir verdsette av deltakarane. Aktiviteten ligg på eit jamt høgt nivå og utnyttar fullt den kapasiteten som er tilgjengeleg.

### 3.10 Talentutvikling, kurs og stipend

NFI har målretta ordningar for å styrkje produksjonsmiljøet, auke profesjonalitet og kontinuitet i produksjonen. Blant dei er ordningane "Nye veier til korte filmer" og "Nye veier til dokumentarfilm", manuskriptstøtteordninga og produsentstøtteordninga, ulike stipend til filmskaparar, kurs og seminar for filmbransjen. MEDIA-programmet og Film Commission Norway bidreg til auka profesjonalitet og styrka produksjonsmiljø.

#### Talentprogrammet

NFI har eit eige talentprogram, som femner ordningane "Nye veier til korte filmer", "Nye veier til dokumentarfilm" og Vekst i Prosjekt (VIP-stipend). Talentprogrammet er retta mot etablerte regissørar som ønskjer å utvikle, utforske og utfordre eigen kunstnarisk ståstad. Gjennom dette skal tiltaka støtte og inspirere til utvikling av filmens formspråk og forteljing - og løfte den norske filmens kunstnariske uttrykk og mangfald gjennom kunstnarisk fordjuping.

I 2010 har seks regissørar motteke kvart sitt VIP-stipend på kr 200 000: Aslaug Holm, Hanne Myhren, Joachim Trier, Petter Næss, Maria Sødahl og Hans Petter Moland. Ingen har motteke stipend til kunstnarisk fordjuping/regiutvikling fordi ordninga er avvikla.

For informasjon om "Nye veier til korte filmer", "Nye veier til dokumentarfilm", produsentstøtteordninga og manuskriptutvikling, sjå punkt 3.4, 3.5, 3.8 og 3.9.

### 3.10.1 Kurs, seminar og stipend utland

NFIs utviklingsseksjon arbeider for å auka talentutviklinga i den norske filmbransjen. Profesjonelle manusforfattarar kan få midlar og bistand til manusutvikling, bransjen får tilbod om kurs og kompetanseheving i form av seminar, verkstader og meisterklassar, i tillegg til ulike stipend til filmfagleg etter- og vidareutdanning i utlandet og til finansieringsfora.

NFI har i 2010 arrangert 24 kurs og seminar, til dømes Performing Reflection – Liv Ullmann Symposium, Doin'it lowbudget med Christine Vachon og Ted Hope, Dramaturgisk coaching for produsentar med Frans Baunsgaard, Screenwriting from life (del 2) med Laurie Hutzler. Regissøren som arbeidsleiar med mellom anna Petter Næss og Binne Thoresen, Digital Storytelling og dei internasjonale programma Production Value, Ekran og Equinoxe. NFI har også arrangert Meisterklassar med Per Fly og Harald Paalgaard, Claire Denis, Andreas Dresen.

Vidare er det arrangert 21 kurs, seminar, verkstader og meisterklassar i samarbeid med andre eller gjennom vesentleg finansiell støtte frå NFI.

Til saman blir dette 45 arrangement med totalt ca. 2 000 deltakarar.

Sjå tabell 3.10.1 a) for ei historisk oversikt over tal på kurs og liknande arrangement NFI har arrangert aleine og i samarbeid med andre.

NFIs utviklingsseksjon forvaltar også midlar til "kursstøtte og utdanningsretta tiltak". Til saman 131 filmarbeidarar har motteke stipend til utlandet, på totalt kr 1 273 475. Fire filmarbeidarar mottok filmrekrutteringsstipend på til saman kr 200 000.

Tabell 3.10.1 a) Tal på kurs, seminar og liknande arrangert av NFI og i samarbeid med andre

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Antall	17 (21)*	27 (29)*	26 (40)*	22 (41)*	24 (30)*	26 (37)*	24 (45)*

Kjelde: NFI

\* Nokre kurs består av fleire modular, og/eller er i samarbeid med andre

### 3.10.2 MEDIA-programmet: Kurs og kompetansebygging

#### MEDIA Desk Norge

MEDIA Desk Norge er ein del av NFI og har som hovudoppgåve å informere, motivere og rettleie den norske audiovisuelle bransjen om EU sitt MEDIA-program. MEDIA Desk Norge fungerer som kontaktpunkt til den europeiske audiovisuelle industrien. Det noverande MEDIA-programmet (MEDIA 2007) er fjerde generasjon. Det starta i 2007 og har funksjonstid ut 2013. Programmet har eit samla budsjett på 755 millionar euro.

Noreg deltek i MEDIA-programmet gjennom EØS-avtala. Deltakinga er regulert ved ein årleg kontrakt mellom NFI og EU-kommisjonen. 31 europeiske land deltek no i MEDIA-programmet. MEDIA Desk Norges verksemd blir finansiert på 50/50-basis ved tilskott til drift og lønn frå Kulturdepartementet/NFI og EU-kommisjonen/MEDIA-programmet. Driftsbudsjettet for MEDIA Desk Norge for 2010 var 1,63 millionar kroner.

#### Knutepunkt mot Europa

MEDIA-programmets hovudmål er å styrkje den audiovisuelle bransjen i Europa. Gjennom 15 ulike tilskottsordningar bidreg MEDIA til høgare kvalitet, auka kompetanse, tettare samarbeid, betre konkurranseevne og breiare distribusjon av europeiske verk på kino, fjernsyn og via PC. I 2010 vart ein ny tilskottsordning, MEDIA Mundus, vedteke for samarbeid med land utanfor Europa. Noregs deltaking i MEDIA Mundus blir forhandla gjennom EØS-avtalen og prosessen vart ikkje avslutta i tide for første søknadsfrist, oktober 2010. Frå 2011 deltek Noreg i MEDIA Mundus på lik linje med andre MEDIA-land.

MEDIA Desk Norge arbeider så vel regionalt og internasjonalt, som bilateralt og på eit alleuropeisk nivå. Det vil seie å vere aktivt tilstades ved utvalde nasjonale arrangement, i 2010 på filmfestivalane i Tromsø, Grimstad, Haugesund og Bergen. MEDIA Desk Norge samarbeider med dei regionale filmsentra og New Nordic Films i Haugesund. I 2010 hadde MEDIA Desk Norge blant anna ansvaret for seminar i Haugesund om europeiske samproduksjonar i samarbeid med tyske Erich Pommer Institut.

Samarbeidet med MEDIA Desk Tyskland heldt fram i 2010, blant anna med norsk-tysk fagseminar under Nordiske Filmdagar i Lübeck, her i samarbeid med NFI. MEDIA Desk Norge samarbeidde i 2010 også tett med dei andre nordiske MEDIA Deskane om felles arrangement under filmfestivalane i Berlin, Cannes, Nordisk Panorama og Forum i Bergen. Vidare deltek MEDIA Desk Norge i samarrangement med MEDIA Deskane Tyskland, Storbritannia, Nederland, Sverige, Danmark og Frankrike under Sunny Side of the Docs i La Rochelle, Frankrike. I desember 2010 vart det, saman med dei andre nordiske og baltiske MEDIA Deskane, arrangert POWR i Tallin – ein workshop for nordiske og baltiske manusforfattarar i samarbeid med Script&Pitch.

MEDIA Desk Norge har eigne nettsider ([www.mediadesk.no](http://www.mediadesk.no)), og desse fungerer som det viktigaste informasjonsverktyet. Oppdateringar skjer kontinuerleg. I 2010 vart det sende ut elleve elektroniske nyheitsbrev frå MEDIA Desk Norge. I tillegg informerer MEDIA Desk Norge i eiga spalte i bransjebladet *Rushprint*. Bransjen, og særleg produsentar, blir inviterte til informasjonsmøte i forkant av aktuelle søknadsfristar. I Oslo vart det halde tre slike infomøte i 2010, i tillegg til møte for fagfolk i Bergen og Tromsø.

### Kurs og kompetansebygging for norske filmskaparar

Internasjonalisering, nettverksbygging og kompetanseheving for den norske bransjen er viktige mål for MEDIA Deskens arbeid. MEDIA-programmet tilbyr eit mangfald av profesjonelle møtestader for vidareutdanning, kurs-, kompetanse- og prosjektutvikling, workshopar, samproduksjonsfora, pitchefora, marknader og festivalar. Desse blir brukt i aukande grad av den norske bransjen, med positive tilbakemeldingar, og utgjer verdifulle bidrag som ikkje enkelt let seg kvantifisera.

Noreg har hatt deltakare på desse kursa og workshopane (Sjå og tabell 3.10.2 a):

- Sources2: Manuskriptutviklingskurs for spelefilm- og dokumentarprosjekt, både for tv og kino.
- EAVE: Prosjektutviklingskurs for produsentar som jobbar med spelefilm og dokumentar, film og tv, tre vekeslange workshopar gjennom eit år.
- Berlinale Talent Campus: Seksdagars samling for 350 unge filmskaparar frå heile verda under Berlinalen. Workshopar, seminarar, ekskursjonar og nettverksbygging.
- Cartoon Master: Workshop for animasjonsfilmskaparar
- Ekran: Prosjektutviklingskurs for spelefilm med heile det kreative teamet som deltakarar: regissør, produsent og manusforfattar.
- eQuinox: Vekeslang workshop for manusforfattarar med ein-til-ein møter med ekspertar.
- Screen Leaders: Strategisk firmautvikling, retta mot eigarar og leiarar av audiovisuelle selskap.
- FOCAL Digital Production Challenge: Tredagars workshop om digital arbeidsflyt i spelefilmprosjekt.
- EPI: European Co-production: Erich Pommer Instituts vekeslange workshop for produsentar, om juridiske og finansielle sider ved samproduksjonar.
- Prime 4 Kids&Family: Manuskriptutvikling for forfattarar og produsentar med kino- eller tv-prosjekt for barn, ungdom og familie.

Tabell 3.10.2 a) Norsk deltaking på kurs/workshopar i regi av MEDIA

Kurs/workshopar 2010	Tal på norske deltakarar
Sources2	11 (+ 2 del II)
EAVE	2
3D cinema	2
Eurodoc	2
MFI Script Film Workshop	2
Ekran	3
eQuinox	4 (+ 3 ekspertar)
Screen Leaders	2
Prime 4 Kids&Family	2
Digital Production Challenge	1
FOCAL Production Value	1 (+ 1 ekspert)
EPI: European Co-production	3
Cartoon Master	1
Berlinale Talent Campus	3
Europeiske finansierings- og pitchefora	Ca. 16

Kjelde: MEDIA DESK Norge

### 3.10.3 Film Commission Norway

FCN er ein nasjonal filmkommisjon som har som hovudmål å stimulere til næringsutvikling ved å leggje til rette for og trekkje utanlandske filmproduksjonar til Noreg. Vidare er ein vesentleg del av verksemda å vere ein brubyggjar mellom den nasjonale og den internasjonale filmindustrien for slik å bidra til ei større internasjonalisering av bransjen. FCN har i løpet av året etablert ei eiga side på Facebook, i tillegg til nettsider, som blir brukt aktivt som informasjons- og marknadsføringskanal.

#### Førespurnader

FCN har i løpet av 2010 merka ein stigande interesse for Noreg som opptaksland. Det er etablert ein portal for utanlandske filmprodusentar som treng informasjon, rettleiing og hjelp for å finne potensielle locations, finansieringsmoglegheiter og til å etablere kontakt med potensielle samprodusentar i Noreg. Det er òg registrert ei aukande interesse frå nasjonale produsentar som ønskjer hjelp til å lokalisere potensielle finansieringskilder i utlandet, samt potensielle utanlandske samprodusentar.

Sidan oppstarten har FCN forsøkt å føre statistikk over utanlandsk aktivitet i Noreg. Grunnlaget for tala er ei innsamling av data knytt til aktiviteten til dei ulike filmserviceselskapa over heile landet. Desse er til dels vanskelege å innhente, da dei er baserte på ein frivillig innrapportering. Tala må derfor sjåast som indikatorar. Sjå tabell 3.10.3 a).

Tabell 3.10.3 a) Tal på utanlandsk aktivitet i Noreg gjennom Film Commission Norway

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tal på førespurnader	70	110	145	180	260	270	350	340
Tal på produksjonsrelaterte førespurnader	30	45	95	135	220	250	210	260
Tal på produksjonar	18	30	56	70	50	45	60	57
Omsetning i MNOK	15	19	25,5	55	80	50	68	65

Kjelde: FCN

#### Innanlands verksemd

I samband med dei norske filmfestivalane, TIFF, Den Norske Filmfestivalen, Haugesund og BIFF, har FCN oppdateringsmøte med dei regionale filmkommisjonane og filmserviceselskapa. Dette er viktige møteplassar for gjensidig informasjonsutveksling og oppdatering mellom FCN og dei regionale aktørane, for å kunne følgje aktiviteten utover landet.

Filmkommisjonen var i si tid med på å ta initiativet til at det nordiske samproduksjonsforumet i tilknytning til Haugesundfestivalen vart etablert. Også i år var FCN med, for femte gang, som ein aktiv planleggingspartner og arrangør. Dette er no blitt ein etablert, attraktiv møteplass for utanlandske og nordiske produsentar.

Vidare var FCN prosjektleiar og ansvarlege for ei befarung for 36 utanlandske produsentar i tilknytning til Haugesundfestivalen. Denne fekk mykje positive tilbakemeldingar og mediemerksemd. FCN er allereie i gang med planlegging av ein oppfølgjar i 2011, i samarbeid med festivalen.

I 2010 arrangerte FCN i samarbeid og ei sju dagars befarings på Vest- og Austlandet med fem produsentar frå USA, dette med finansiering frå Innovasjon Noregs kontor i New York. FCN arbeidar no med fleire av desse om konkrete og potensielle prosjekt, der produsenten ønskjer å leggje opptaka til Noreg. Saman med dei regionale aktørane har FCN også bidrege til fleire synfaringar av ulike potensielle prosjekt.

Enkelte prosjekt gjennomført i 2010 bør nemnas spesielt: Den polsk/norske samproduksjonen *Essential Killing* gjorde dei fleste av opptaka i austlandsområdet vinteren 2010. I filmen blir det vist ei rekkje locations frå Noreg. Dette såleis ein utmerka referansefilm for Noreg generelt. Både den engelsk/norske samproduksjonen *Age of Heroes*, som vart innspelt på sørvestlandet, og dei to tyske kino- og tv-filmane "Liebe am Fjord" er også utmerka referansefilmar.

Ein aukande trend internasjonalt er samarbeid mellom film- og turistindustrien. I samarbeid med Lillehammer Næringspark og Innovasjon Noreg arrangerte vi eit seminar med temaet på Lillehammer i 2010. Her deltok rundt 90 personar, relativt likt fordelt mellom dei to næringane. I tillegg følgde fleire seminaret over Internet.

#### Internasjonal verksemd

I 2008 tok FCN initiativet til eit skandinavisk nettverk av filmkommisjonar, Scandinavian Location, der Noregs representant er nettverkets president. Sjå nettsida <http://www.scandinavianlocations.org/>. Målsettinga med nettverket er å samarbeide om felles marknadsføring av Skandinavia, og slik skape plattformer/møtestadar som dei enkelte landa ikkje ville ha klart å skape åleine. Saman hadde nettverket ei rekkje arrangement i løpet av 2010. Under Berlinfestivalen arrangerte vi ei mottaking for 150 utanlandske filmfolk i dei nordiske ambassadane. Vidare deltok nettverket på AFCI Location Trade Show i Los Angeles og arrangerte ei stor mottaking for amerikanske produsentar i New York.

FCN er også medlem av European Film Commission Network, der Noregs representant for andre år er valt inn i The Executive-Board som "treasurer". Her har FCN delteke på møte og arrangement. I samarbeid med den norske ambassaden i Warszawa arrangerte FCN eit polsk-norsk samproduksjonsseminar som gjekk over tre dagar i september 2010. Her deltok 20 norske og 25 polske filmarbeidarar, og som følgje av seminaret arbeidast det no aktivt med fleire konkrete prosjekt.

Utover dette arbeider FCN aktivt på alle dei store internasjonale festivalane, gjennom møteverksemd, informasjonsarbeide og nokon stader og i internasjonale panelar.

#### Samarbeidspartnarar

FCN har hatt eit tett samarbeid med Innovasjon Norge, da den nasjonale reiselivsstrategien inkluderer film som ein aktiv marknadsføringskanal for reiselivet. Vidare har FCN eit tett samarbeid med dei regionale partnarane, produsentar, lineprodusentar og filmserviceselskapa. Internasjonalt arbeider FCN med fleire ambassarar og konsulat, og med Innovasjon Norges utanlandskontor. Utover dette er dei ulike internasjonale nettverka svært viktige.



Ein økonomisk solid bransje gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og marknadsinntekter.

Gjennom dei siste fem åra har eigenkapitalen i budsjetta for norsk kinofilm stabilisert seg i overkant av 50 prosent. Dette nivået utgjer ein ny terskel, samanlikna med første del av 2000-talet, då eigenkapitalinnsatsen låg på om lag ein tredel av budsjetta.

Overnasjonale tilskott til norsk filmproduksjon gjennom Eurimages, Nordisk film- og TV-fond og MEDIA-programmet syner at norske filmprodusentar gjer selektiv og god nytte av ordningane. Frå Eurimages har norske produsentar henta meir enn det norske tilskottet. Frå NFTVF er norsk tilskott og løyvd støtte til norske produsentar omtrent i balanse. I MEDIA-programmet er det noko vanskelegare å rekne netto utbytte, men utteljinga av den norske deltakinga synest å vere god.

Tilskottsordningane som NFI administrer, er drøfta under pkt. 3.1 - 3.9. Marknadsinntekter frå utlandet er drøfta i punkt. 4.4.

### 3.11 Private investeringar og auka marknadsinntekter

#### 3.11.1 Eigenkapital

Eigenkapitalen som blir investert i norsk filmproduksjon er eit mål på risikovilje og tru på avkastning av filmproduksjonen.

Eit uttrykt mål for norsk filmpolitikk er å styrkje "private investeringar ... [og] markedsinntekter" i norsk filmproduksjon. Ein målestokk for dette er graden av eigenkapital i produksjonane. Tab. 3.11.1 syner delen eigenkapital jamført med budsjettet for norske filmproduksjonar i perioden 2006-2010.

Tabell 3.11.1 a) Eigenkapital i norske filmproduksjonar 2006-2010. Samla godkjend eigenkapital i prosent av samla produksjonsbudsjett, alle filmar, per år.

	2006	2007	2008	2009	2010
Eigenkapital	48,14	51,56	50,18	46,63	53,40

Kjelde: NFI

Tidlegare kartlegging<sup>7</sup> og tabellen ovanfor syner at innsatsen av eigenkapital i norsk filmproduksjon har stige frå ein tredel av samla budsjett i 2002 til vel halvparten av budsjetta dei seinare åra<sup>8</sup>. Sidan eigenkapitalen først og fremst er viktig i høve til storleiken på billettstønaden, er vekst i eigenkapital rekna som eit uttrykk for forventa gevinst når filmane blir viste på kino<sup>9</sup>.

<sup>7</sup> Ein oversikt over eigenkapitalinnsats 2002-2006 finst i tab. 3.13, s. 36, i Veiviseren [2006-2007]

<sup>8</sup> Dette biletet kan endre seg når den nye etterhandsstøtta slår inn frå 2011. Statistikken her er difor lite egna som prognoseverktøy og må først og fremst sjåast på som ein dokumentasjon av utviklinga til no.

<sup>9</sup> Sjå m.a. Veiviseren [2006-2007], s. 36-37, og Gaustad, Terje: *The Efficiency of Indirect Film Subsidies Encouraging Private Investment*. Paper before the 13<sup>th</sup> Norwegian Media Researchers' Conference, 30-31 October 2008.

Det er mykje som tyder på at eigenkapitalnivået no har stabilisert seg i overkant av 50 prosent av samla budsjett. Dette nivået må seiast å vere tilfredsstillande, m.a. i jamføring med europeiske konkurransereglar på feltet, som fastsett maksimum statsstøtte på 50 prosent<sup>10</sup>. Samtidig må ein vente nokre svingingar i prosentatsen frå det eine året til det neste som følgje av talet på filmar med særleg høge budsjett<sup>11</sup>.

### 3.11.2 Auka marknadsinntekter

Det er ikkje etablert analyseparameter for å måla utviklinga av marknadsinntekter.

## 3.12 Overnasjonal støtte

Etter reglane i Cinema Communication, EU sitt regelverk for statsstøtte til filmproduksjon frå 2001<sup>12</sup>, er overnasjonal støtte unnateke frå å bli rekna inn i rekneskapen over kor mykje tilskott enkelte filmar kan ta i mot ("aid intensity"). Aleine dette er ein god grunn til å sjå overnasjonal støtte som ein eigen kategori finansiering. Men òg av meir kultur- og næringspolitiske årsaker er overnasjonal støtte verd å merke seg særskilt. Både Eurimages, Europarådet sitt fond for samproduksjon av film, og Nordisk Film- og TV-Fond (NFTVF) har eit klårt oppdrag om å styrkje produksjonen (og distribusjonen) av europeisk, respektive nordisk, film. Det same gjeld EU sitt MEDIA-program, men medan Eurimages og NFTVF gir produksjonstilskott, retter støtta frå MEDIA-programmet seg mot fasane før og etter produksjon.

### 3.12.1 Eurimages

Norsk deltaking i Eurimages, og dei tilskotta som norske produksjonsselskap har fått frå fondet, har vore jamt aukande i dei seinare åra, men verkar no å ha nådd eit platå. Norske produsentar har henta etter måten viktige tilskott frå Eurimages (5,3 millionar kroner i 2010), slik det vart oppmoda til i *Veiviseren*. Samproduksjon med støtte frå Eurimages er både ein veg for etablerte produsentar til å styrkje budsjetta sine og til å sikre seg samdistribusjon i landa dei samproduserer med. Meir nyetablerte produksjonsselskap nyttar samproduksjon som ein måte til å utvida kompetansen og erfaringsgrunnlaget sitt på.

Noreg har vore medlem i Europarådet sitt fond for samproduksjon av film, Eurimages, sidan 1989. Fondet yter tilskott til produksjon av spelefilm og "kreativ dokumentarfilm". Vilkår for å kunne søkje støtte frå fondet er at det aktuelle prosjektet er ein samproduksjon mellom minst to land som er med i fondet.

### Noreg i Eurimages

Eurimages blir finansiert ved ei medlemsavgift, som for Noreg sin del blir betalt over budsjett til Kulturdepartementet. Avgifta er basert på fordelingsnøkkelen til Europarådet.

---

<sup>10</sup> Blind samanlikning av eigenkapitaldelen av budsjettet med den generelle, europeiske grensa på 50 prosent for statsstøtte til filmproduksjon må ein likevel vere varsam med. Sidan Noreg òg har billettstøtte, vil normalt samla statsstøtte, både pr. prosjekt og for heile produksjonsåret, ligge vesentleg høgare enn dette. Ein skal då minnast at ESA har sett ei øvre grense på 75 prosent for statsstøtte til norske filmar, fordi norske filmar blir klassifiserte som filmar med lågt marknadspotensial og låge budsjett.

<sup>11</sup> I 2010 hadde tre filmar budsjett på 30 millionar kroner eller høgare; ein av desse filmene hadde aleine eit budsjett på over 55 millionar kroner (sjå og avsnitt 5.1.2).

<sup>12</sup> Com (2001) 534 final, <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=COM:2001:0534:FIN:EN:PDF> (engelsk versjon)

Det vil seie at Noreg i 2010 stod for 2,12 prosent av innbetalingane til fondet, dvs. litt over 452 500 Euro (NOK 3 624 310). Ein tilsett i Norsk filminstitutt er norsk representant i Eurimages, oppnemnd av Kulturdepartementet.

Etter ein periode med relativt liten interesse bland norske produsentar for å søkje tilskott frå Eurimages i åra etter 2000, har norske prosjekt gjennom dei seinare åra hatt suksess med å hente produksjonsmiddel frå fondet. Framgangen kviler både på auka medvit hos norske produsentar om at internasjonalisering av verksemda kan vere viktig, og på ei meir spissa rettleiing frå Norsk filminstitutt si side med omsyn til prosjekt som ein trur kan oppnå støtte i fondet. Ein må likevel presisere at det er produsentane som avgjer om dei vil gå til Eurimages med prosjekta sine. Det er nemleg langt frå sikkert at ein får stønad; suksessraten gjennom dei seinare åra ligg på om lag om lag 40 prosent.

Tabell 3.12.1 a) Tilskott frå Eurimages til norske prosjekt 2004-2010

År	Prosjekt	Samprodu- serande land	Norsk produsent	Tilskott Euro	Tilskott NOK (avrunda)
2004	Naboer	NO, DK, SE	Spillefilmkompaniet 4 ½ AS	210 000	1 758 020
	Jungeldyret Hugo III	DK, DE, NO, LV	Nordisk Film AS	500 000	*586 010
	<b>Import-Eksport</b>	NO, SE, DK	Filmhuset Produksjon AS	270 000	2 260 310
2005	<b>Yodok Stories</b>	NO, PL	Piraya Film AS	130 000	1 040 950
2006	Metropia	SE, DK, NO	Tordenfilm	400 000	*322 040
2007	<b>Appelsinpiken</b>	NO, ES, DE	Helgeland Film AS	500 000	4 007 650
	<b>Max Manus</b>	NO, DE	Filmkameratene AS	580 000	4 648 870
2008	<b>Kongen av Bastøy</b>	NO, FR, PL	Spillefilmkompaniet 4 ½ AS	600 000	4 931 640
2009	Robert Mitchum est mort	FR, BE, PL, NO	Sweet Film	200 000	*209 480
	Kvinden, der drømte om en mand	PL, DK, SE, NO	Maipo Film & TV Produksjon	230 000	*401 510
	<b>Hjem til jul</b>	NO, DE	BulBul Film	400 000	3 491 400
	<b>Limbo</b>	NO, DK, SE	SF-Norge	220 000	1 920 270
	The Essence of Killing	PL, NO, FR, IE	Cylinderfilm	400 000	*523 710
	Roskisprinnsi	FI, NO	Flimmer Film	150 000	*261 860
2010	<b>BabyCall</b>	NO, DE, SE	Spillefilmkompaniet 4 ½ AS	300 000	2 402 040
	<b>Teori og praksis</b>	NO, SE, FR, DK	Friland Produksjon AS	300 000	2 402 040
	Djupið	IS, NO	Filmhuset Produksjon AS	200 000	*320 300
	Domen över död mann	SE, NO, DK	Maipo (under Filmlance)	450 000	*180 150

Kjelde: NFI

Prosjekt med norsk hovudprodusent er **utheva**. Hovudprodusenten sitt heimland er nemnt først i rekkja av samproduserande land.

\* = Den norske produsenten sin del av tilskottet. Valutaomrekning etter Noregs Bank sitt årsgjennomsnitt (avrunda).

Med samla tilskott frå Eurimages til norske prosjekt/prosjekt med norsk deltaking på i alt om lag 31,7 millionar kroner over dei siste sju åra, må det vere rett å seie at påminninga i *Veiviseren* om at "[s]ærlig er det viktig at bransjen i større grad kan nyttiggjere seg det uutnyttede potensialet som ligger i Norges deltagelse i Eurimages" (s. 136) har vorte komen i møte<sup>13</sup>.

<sup>13</sup> Kulturdepartementet har likevel ved fleire høve streka under at det primære målet til Noreg med å ta del i internasjonalt samarbeid på kultursektoren ikkje er å hente ut gevinst, målt mot innbetalt medlemsavgift, men å støtte kultur- og erfaringsutveksling gjennom samarbeid over landegrensene.

#### 2010: 5,3 millionar kroner i stønad

I 2010 fekk fire prosjekt med norsk deltaking produksjonstilskott frå Eurimages med til saman 5 304 530 kroner. *BabyCall*, regi Pål Sletaune, produsent Spillefilmkompaniet 4½, mottok EUR 300 000. Same sum gjekk til *Teori og praksis*<sup>14</sup>, regi Jens Lien, produsent Friland. Det islandske prosjektet *Djupidø*, regi Balthasar Kormakur, har norsk deltaking gjennom produksjonsselskapet Filmhuset, som har ei lang historie med å samprodusere med Island. Jan Troells portrett av avismannen Torgny Segerstedt, *Domen över död mann*, har ei lita norsk deltaking (5%) gjennom samarbeidet mellom det norske produksjonsselskapet Maipo og det svenske selskapet Filmlance. Ingen av desse filmene vil bli ferdige til premiere før i 2011.

Jamført med 2007 og 2009, då norske prosjekt henta 6-7 millionar kroner frå Eurimages, står "utbyttet" i 2010 noko tilbake. Likevel har Noreg for femte gongen i løpet av dei siste sju åra henta meir pengar frå Eurimages enn vi har betalt i medlemsavgift.

Suksessen til tross kan det synest som om talet på søknader har nådd eit platå og jamna seg ut. Så langt er det heller ikkje noko som tyder på at dei nye forskriftene for tilskott til norske filmar og til samproduksjonar har stimulert til ei auke i volumet av søknader til Eurimages. Heller ikkje synest det som om å ha hatt nokon vesentleg innverknad på søknadsmengda til Eurimages at Noreg slutta seg til Den europeiske konvensjonen om samproduksjon av film i 2009.

---

<sup>14</sup> No *Sønner av Norge*

### 3.12.2 Nordisk film- og TV-fond

Norske film- og TV-dramaprodusentar har henta viktige tilskott til filmproduksjon frå Nordisk film- og TV-fond gjennom åra. I 2010 fekk 13 prosjekt til saman 12,6 millionar kroner i utviklings- og produksjonsstøtte. Etter ein tilbakegang i 2009 (4,3 millionar kroner) er tilskotta tilbake på same nivå som åra før. I tillegg har norske filmar fått vel ein million kroner i støtte til lansering i utlandet, og filmkulturell verksemd har fått ein halv million kroner.

Nordisk film- og TV-fond (NFTVF) vart skipa i 1990 på initiativ frå Nordisk Ministerråd, opphavleg som eit samproduksjonsfond etter førebilete av Eurimages. Fondet har sidan omdefinert rolla si og står no fram med "hovedformål å fremme film- og fjernsynsproduksjon av høy kvalitet i de nordiske land". I 2010 forvalta fondet om lag 82,3 millionar kroner<sup>15</sup>.

Bidrag frå fondet blir rekna som toppfinansiering og omfattar støtte til prosjektutvikling og produksjonstilskott for kinofilm (spelefilm og dokumentar) og fjernsynsfiksjon. I tillegg yter fondet tilskott til kinodistribusjon av nordisk film i andre nordiske land enn opphavlandet, og støtte til filmkulturelle tiltak. Føresetnaden for å få tilskott er at produksjonen eignar seg for kinoframsying, fjernsynsframsying eller annan distribusjon, og at han har eit tilfredsstillande publikumspotensial i Norden. NFTVF står òg bak den årlege nordiske filmprisen, og driv to prosjekt med støtte til utanlandslansering av nordiske filmar, kalla "High Five International" og "High Five Kids".

NFTVF blir finansiert gjennom ei avtale mellom Nordisk Ministerråd, dei fem nordiske kulturdepartementa/filminstitutta og fjernsynsselskap i dei nordiske landa. Noregs tilskott til NFTVF var i 2010 nær 13 millionar kroner. Av dette stod Kulturdepartementet for 6,5 millionar kroner og NRK og TV2 for om lag 3,3 millionar kroner kvar.

#### 12,6 millionar til norske prosjekt i 2010

I 2010 mottok 13 norske prosjekt i alt 12,6 millionar kroner i utviklings- eller produksjonstilskott frå NFTVF, opp frå berre 3,8 millionar kroner i 2009. Tabell 3.12.2 a) gir ein oversikt over kva prosjekt og type tilskott det dreier seg om. Merk at nokre titlar kan ha fått tilskott over fleire år.

---

<sup>15</sup> Av dette er 3,3 millionar kroner knytte til tidsavgrensa prosjekt som blir avslutta i 2011 eller 2012.

Tabell 3.12.2 a) Tilskott til norske film- og fjernsynsproduksjonar frå NFTV 2007-2010

Tittel	Produsent	Utviklingstilskott	År	Produksjonstilskott, langfilm	År	Produksjonstilskott, dokumentar	År	Produksjonstilskott, TV-drama	År	Samla tilskott pr. prosjekt
deUsynlige	Paradox Spillefilm	-	07							-
Mannen som elsket Yngve	Motlys	1 500 000	07							1 500 000
I et speil, i en gåte	Spillefilmkompaniet 4 1/2			1 885 000	07					1 885 000
Varg Veum Hele serien	SF-Norge/ Miso Film			1 000 000	07					1 000 000
Døden	Flimmer Film	150 000	07							150 000
Ulvenatten	Nordisk Film & TV					1 000 000	07			1 000 000
Pax	Paradox Film			1 450 000	07					1 450 000
Gjenopptakelsen	Fenris Film	225 000	07							225 000
Tatanka	Quisten Animasjon	150 000	07							150 000
Ørkenslottet	Lightsource					100 000	07			100 000
Skrik og Madonna	Nordisk Film					200 000	07			200 000
Simjon	Motlys	50 000	07							50 000
Appelsinpiken	Helgeland Film			1 000 000	07					1 000 000
Max Manus	Film kameratene			3 000 000	07					3 000 000
Jakten på paradiset	Nordisk Film					150 000	07			150 000
Ingen forstod at jeg forstod	Moment TV	150 000	07		07					150 000
Memento Mori	Skofteland Film	250 000	07							250 000
Nord	Motlys			1 000 000	08					1 000 000
Upperdog	Friland	175 000	08	1 500 000	08					1 675 000
Da Castro inntok Hilton	Frameline Film					250 000	08			250 000

Presidenten av Bastøy fengsel	Medie operatørene			200 000	08		200 000	
Kannibalsommer	Graceland Film Co	100 000	08				100 000	
Vegas	Cinenord			1 500 000	08		1 500 000	
Balkans svarte hemmelighet	Fenris Film			275 000	08		275 000	
Kongen av Bastøy	Spillefilmkompaniet 4 1/2	120 000	08	2 580 000	08		2 700 000	
Koselig med peis	Tordenfilm					1 500 000	08	1 500 000
Babboo	Kool Production	75 000	08				75 000	
Den gode kapitalist	Medie operatørene			300 000	08		300 000	
Modellen	Neo Film	100 000	08				100 000	
Nytt norsk håp (= "Kommandør Treholt ...")	Tordenfilm	150 000	08	500 000	09		650 000	
Pioner	Friland	150 000	08				150 000	
Buzz Aldrin, hvor ble ...	Motlys					1 500 000	08	1 500 000
Det siste norske trollet	KinoPravda					250 000	08	250 000
Maskeblomst-familien	Maipo Film			1 750 000	08		1 750 000	
Operasjon Arktis	Nordisk Film	150 000	08				150 000	
Kaldt kappløp	Nordisk Film & TV			300 000	09		300 000	
Elleville Elfrid	Kool Production	80 000	09			500 000	10	580 000
Teori og praksis	Friland	125 000	09	2 000 000	10		2 125 000	
Varg Veum - Skriften på...	CineMiso			1 250 000	09		1 250 000	
Hjem til jul	BulBul Film			2 000 000	09		2 000 000	
Folk ved fjorden	Øy-Film			300 000	10		300 000	

De andre	Speranza Film			500 000	10		500 000	
Hodejegerne	Friland			1 800 000	10		1 800 000	
Jeg reiser alene	Motlys			1 250 000	10		1 250 000	
Comrade	Zentropa Norway	Int'l	100 000		10		100 000	
Oslo, 31. august	Motlys			1 000 000	10		1 000 000	
Stikk!	Nordisk Film & TV					500 000	10	500 000
Sameland	Original Film AS		100 000		10		100 000	
Halvbroren	Monster Film					2 250 000	10	2 250 000
Erobreren	NRK Drama					2 000 000	10	2 000 000
Pornografen	Paradox Rettigheter		300 000		10		300 000	

Kjelde: Nordisk film- og TV-fond (på [http://www.nordiskfilmogtvfond.com/about\\_projects.php?sid=20&ptid=18](http://www.nordiskfilmogtvfond.com/about_projects.php?sid=20&ptid=18)) / NFI



I tillegg til dei tildelingane som er nemnd over, har norske filmar og samproduksjonar òg motteke tilskott gjennom NFTVF sine andre stønadsordningar. Omfanget av slik støtte er vanskeleg å berekne, men ca. ein million kroner har gått til teksting eller versjonering av norske filmar i utlandet, ein halv million kroner til filmkulturelle tiltak, kurs og seminar i Noreg, og ein kvart million til tiltak under "High Five Kids".

#### Tilskott omtrent i balanse med innskot

Tilskott frå NFTVF til norske produksjonar har lege stabilt i området 12,5 - 13,5 millionar kroner dei seinare åra. Unnataket er 2009, då tilskotta fall til om lag ein tredel av dette nivået. Det er vanskeleg å seie noko om grunnane til dette. Truleg må mykje skrivast på rytmen i sjølve produksjonssyklusen for film og fjernsynsdrama; det kan hende at 2009 rett og slett var eit "mellomår" i høve til produksjonar som var aktuelle som kandidatar for tilskott frå fondet.

Tabell 3.12.2 b) Tilskott frå NFTVF til norske produksjonar - 2007 -2010

År	2007	2008	2009	2010
Samla tilskott	12,3	13,6	4,3	12,6

Kjelde: Nordisk film- og TV-fond / NFI

I perioden 2007-2010 har dermed 53 norske film- og fjernsynsprosjekt motteke til saman 42,8 millionar kroner<sup>16</sup> i utviklings- og produksjonstilskott. Sett opp mot det norske tilskottet til NFTVF på nær 49,5 millionar kroner i perioden, har norske produksjonar henta ut rundt 6,7 millionar kroner (13,5 %) mindre<sup>17</sup>. Sidan tilskott til lansering og filmkulturelle tiltak ikkje er med i samanlikninga, er det rimeleg å meine at Noreg får tilbake om lag det same beløpet, eller litt mindre, enn det som blir sett inn i Nordisk film- og TV-fond.

#### 3.12.3 MEDIA-programmet: tilskott til den norske audiovisuelle bransjen

MEDIA-programmets tilskottsordningar omfattar ikkje produksjonsstøtte i tradisjonell forstand, men er konsentrert om tilskott som kan søkjast før og/eller etter sjølve opptaksperioden. MEDIA-tilskott blir gitt til film-, fjernsyns- og interaktive produksjonar. MEDIA-programmet bestod i 2010 av 15 ulike tilskottsordningar med eigne retningslinjer, søknadsfristar, formål og målgrupper. Det er oppgåva til MEDIA Desk Norge å halde den norske bransjen informert om ordningane, og å gi råd i søkjeprosessen. Sjå punkt 3.10.2 for meir omtale av MEDIA-programmet og MEDIA Desk Norge.

Nokre ordningar er meir aktuelle for den norske bransjen enn andre. Produsentar kan søkje tilskott frå fire av ordningane. (1) Utviklingstilskott til enkeltprosjekt: Produksjonsselskap kan søkje tilskott på inntil 50 prosent av budsjettet for å utvikle eit film- eller fjernsynsprosjekt. (2) Utviklingstilskott slate funding: Produksjonsselskap kan søkje tilskott på inntil 50 prosent av budsjettet for utvikling av tre til seks film- eller fjernsynsprosjekt. Slate funding 2 kan søkjast av produksjonsselskap som har motteke slate funding. (3) Tv-distribusjon: Produksjonsselskap kan søkje om toppfinansiering av fjernsynsprosjekt med inntil 20 prosent av produksjonsbudsjettet for dokumentar og inntil 12,5 prosent av

<sup>16</sup> I perioden 2001-2006 mottok norske prosjekt i alt kr 73.194.000 i utviklings- og produksjonstilskott frå NFTVF Veiviseren [2006-2007] s. 135.

<sup>17</sup> Etter oppgåver i Veiviseren [2006-2007] (s.s.) var det norske meirutbytet av deltakinga i NFTVF i perioden 2001-2006 på 22,6 millionar kroner, eller 25,8 prosent.

budsjettet for drama og animasjon. (4) i2i Audiovisual: Produksjonsselskap kan søkje tilskott til inntil 60 prosent av kostnadene til forsikringar, ferdigstillingsgaranti og kredittutgifter.

Sjå tabell 3.12.3 a) for oversikt over tilskott frå MEDIA-programmet til norske film og tv-produksjonar 2007 til 2010.

I tillegg til tilskotta frå MEDIA-programmet mottok MEDIA Desk Norge kr 816 000 frå EU-kommisjonen, som utgjer 50 prosent av verksemdas driftsbudsjett.

Tabell 3.12.3 a) Tilskott frå MEDIA-programmet til norske film og tv-produksjonar - 2007 til 2010

Tilskottsordning	Mottakar	Tilskott til	Tilskott 10	Tilskott 09	Tilskott 08	Tilskott 07
Utvikling SP	6 prod selskap	6 prosjekt	2 106 000	1 092 000	897 000	880 000
Utvikling SF	2 prod selskap	8 prosjekt	3 069 528	2 068 000	1 530 000	2 560 000
i2i Audiovisual	4 prod selskap	4 prosjekt	1 104 006	603 400	860 000	Ikkje tilgjengeleg
TV distribusjon	3 prod selskap	3 prosjekt	1 603 800	0	4 630 000	4 000 000
Distribusjon selektiv NO filmer	3 norske filmar	12 - 3 - 1 land	1 651 712	3 103 860	3 317 000	2 248 000
Distribusjon selektiv NO distrib	6 distributørar	18 europeiske filmar	2 329 916	2 359 580	2 525 000	2 045 000
Distribusjon automatisk	fondsmiddel	22 filmar	2 944 280	4 952 602	5 544 295	3 402 832
Promotion	1 festival	Prosjekt-middel	340 000	0	0	0
Europa Cinemas	8 kinoar - 59 lerret	Prosjekt-middel	1 500 000	1 554 000	1 500 000	1 446 400
Sum prosjektilskott			16 649 239	15 733 442	20 803 295	16 582 232

Kjelde: MEDIA Desk Norge

#### 2010: Mange søkjarar, god utteljing

I 2010 vart det kanalisert vel 16,6 millionar kroner frå MEDIA-programmet til den norske bransjen i form av direkte og bundne tilskott. Dette er ein auke på rundt 1 million kroner frå 2009.

2010 utmerka seg som eit år der særleg produsentar tok i bruk sine moglegheiter i MEDIA-programmet i brei forstand. 15 produksjonsselskap fekk tilskott til i alt 21 film- og fjernsynsprosjekt innanfor alle sjangrar. Til utvikling av enkeltøknader er dokumentarfilmane i fleirtal, fiksjonsfilm dominerar slate funding-søknadene. Tre norske selskap nådde opp i konkurransen om tv-distribusjonstilskott til to dokumentarfilmar og ein animasjonsserie, mot ingen i 2009. Norske produsentar ser no og ut til å ta aktivt i bruk tilskottsordninga i2i. I 2010 vart det fire vellukka søknader, dobbelt så mange som i 2009. For første gong på mange år vart eit norsk prosjekt tildelt MEDIA Promotion-tilskott, New Nordic Films i Haugesund.

### Distribusjonsstøtte – eit bidrag til kinomangfald

MEDIA-programmets hovudprioritering er distribusjon. Det blir også spegla i dei norske resultatane. Norske distributørar brukar MEDIA-programmet aktivt for import og lansering av europeiske filmar på kino, og norske filmar profiterer tilsvarande gjennom den selektive distribusjonsstøtta ved å bli lanserte i andre europeiske land.

Dei norske resultatane for distribusjonstilskott (selektiv og automatisk støtte) for 2010 ligg noko lågare i beløp samanlikna med 2009, medan talet på tilskott er det same. I 2010 fekk seks norske distributørar lanseringstilskott til 18 europeiske kinofilm. Den norske filmen *Hjem til jul* vart inkludert i den selektive distribusjonsordninga med lanseringstilskott frå MEDIA for distribusjon i tolv land, medan 2008-filmen *O'Horten* og 2009-filmen *Nord* fekk lansering i høvesvis eitt og to land.

Europa Cinemas er eit kinonettverk som med tilskott frå MEDIA gir økonomisk støtte til medlemskinoar som tar særleg hand om den europeiske filmen. I Noreg gjeld det kinoane i Oslo, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Tromsø.

#### 4. Delmål 2: Solid publikumsoppslutning

##### Filmåret 2010 - eit overblikk


Under Den norske filmfestivalen i 1980 uttalte kulturminister Einar Førde at "det er noko tungt å bere det parlamentariske ansvaret for norsk film"<sup>18</sup>. Det året Einar Førde sukka frå talarstolen i Skien, gjekk 6,4 prosent av kinopublikum og såg norske filmar. Tretti år seinare, etter tre år med besøkstal over to og ein halv millionar, og eit tiår etter at "filmreform 2001" innevarsla ei ny tenking om og prioritering av norsk filmverksemd, kan ein truleg med historisk dekning hevde at den norske filmen har gjenoppretta ryktet sitt. I 2010 var den norske marknadsdelen 23,2 prosent, det høgaste nivået sidan ein byrja med statistikk over dette i 1967.

I dette avsnittet trekk NFI fram nokre tendensar som ved filmåret 2010 som det ikkje blir rom for å drøfte under andre kapittel.

##### Ein syklisk bransje

Filmåret 2010 kan tene som ei påminning om kor "syklisk" og omskifteleg filmbransjen er. Første halvåret baud på svake publikumstal. Ti nye norske filmar samla berre om lag 780.000 besøk fram til midt i august. I pressa dukka åtvaringar og profetiar om eit "katastrofeår" for norsk film opp. Då 2010 var omme, stod året likevel fram som det tredje beste for norsk film på 2000-talet, med over 2,5 millionar besøk fordelt på 25 filmar, og med ein marknadsdel på 23,2 prosent som slo alle rekordar.

Figur 4. a) Besøksutvikling og marknadsdelar, norske filmar 2005-2010



Kjelde: NFI

<sup>18</sup> 1980 var, ikkje heilt utan grunn, året då "det store høstslaktet" (også kjend som "septembermordet") av norsk film fann stad. Mistilliten til filmmiljøet toppa seg i filmkritikarane sitt stormlaup mot sviktande kvalitet i norsk filmproduksjon under Den norske filmfestivalen i Skien (sjå m.a. Holst, Jan Erik: *Det lille sirkus*. Norsk filminstitutt, Oslo 2006, s. 69-73). Kanskje vart misnøya dempa noko av at året etter, i 1981, skifta fokus til kvinnelege filmskaparar i "det store jenteåret" (sjå m.a. Hanche, Øivind, m.fl.: *Bedre enn sitt rykte. En liten norsk filmhistorie*. Norsk filminstitutt, Oslo 1997/2004, s. 78).

Ein skal likevel vere varsam med å trekkje trendliner og projeksjonar for langt. Ser ein på korleis resultata svingar frå år til år, kan utslaga vere både brå og kraftige. Ein kan til dømes ha lett for å gløyme kor kraftig oppslutninga om norske filmar svinga berre for nokre få år sidan.

Tabell 4. a) Besøksutvikling og marknadsdelar, norske filmar 2005-2010


År	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Besøk, norske filmar	1.083.982	1.533.346	1.387.035	2.656.517	2.610.582	2.558.022
Resultat jamført med året før	-24,8%	+41,6%	-9,5%	+54,7%	-1,7%	-2,1%
Marknadsdel (besøk)	12,2%	16,1%	16,4%	22,4%	20,6%	23,2%

Kjelde: NFI

#### Sesongvariasjonar og kvalitetssans

Som nemnt var det store skilnader på besøket på norske filmar i vår- og hausthalvåret i 2010. Interessant nok synest det å vere ein korrelasjon mellom publikumstala og filmkritikarane sin dom over filmane: Medan snittet av terningkasta gitt av NFI sitt kritikarpanel (sjå avsnitt 5.1.4) låg på 3,87 for filmane i første halvår, kraup snittet opp til 4,08 i andre halvår. Rett nok utgjør ikkje to tidelar ein signifikant skilnad, reint statistisk og matematisk. I konteksten av ein vurderingsskala der firaren er det magiske svingetalet, må også utslag på to tidelar bli gitt ei viss tydingsvekt.

Figur 4. b) Besøk norske filmar per måned - snitt 2005-2008, 2009 og 2010



Kjelde: NFI

Dessverre har vi ikkje grunnlag for å meine noko om årsakene til samanfallet av dårleg besøk og atterhalden kvalitetsvurdering i første halvåret. Dei omdømmeundersøkingane om norsk film som Norsk filmfond i si tid gjennomførte halvårleg, har ikkje vorte følgde opp dei seinare åra. Teikn tyder likevel på at publikum etter kvart har opparbeidd ein grunnleggjande tillit til norsk film. Men tillit er ein skjør ting, og vi skal ikkje lenger tilbake enn til midt på 1990-talet for å finne år med 5-6 prosent publikumsoppslutning om norske filmar. Å halde kvaliteten oppe i det norske filmtilbodet, og å klare å kommunisere med det norske kinopublikummet, er derfor blant dei viktigaste utfordringane for norsk filmbransje og filmforvaltning framover.

### Eit "normalnivå" for besøk?

Samtidig latar resultatata for dei norske filmene i 2010 til å stadfeste det vi tidlegare har observert<sup>19</sup> om 2,5 millionar besøk som eit rimeleg ventande publikumstal for eit produksjonsvolum som det som er føresett i filmmeldinga, dvs. 20 fiksjonsfilmar og fem dokumentarfilmar pr. år. Om eit auka produksjonsvolum vil drive publikumstilstrøyminga opp på eit enda høgare nivå, vil dei rundt 40 premierefilmene som er venta i 2011 bli ei første prøve på.

Tabell 4. b) Gjennomsnittleg kinobesøk, norske fiksjonsfilmar 2005-2010

Premiereår	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Snittbesøk, fiksjon pr. kalenderår	96 457	120 671	114 043	142 888	98 005	101 876
Inkl. besøk <i>Max Manus</i> 2009	-	-	-	185 024	132 765	-
Fiksjonsfilmar	12	17	14	18	18 (19)	22
Totalbesøk, fiksjon pr. kalenderår	1 157 483	2 051 411	1 596 605	2 571 982	1 764 095	2 421 272
Inkl. besøk <i>Max Manus</i> 2009	-	-	-	3 330 427	2 522 540	-

Kjelde: NFI / Film & Kino

Tabellen ovanfor avdekkjer óg eit anna forhold: 2010 var ikkje eit toppår for publikumsoppslutninga om norsk fiksjonsfilm. Med snautt 102.000 besøk i snitt per fiksjonsfilm ligg resultatata nærare det relativt svake kinoåret 2005 enn dei etterfølgjande sterke kinoåra. Når det samla resultatet vart så bra som det vart i 2010, har dette først og fremst å gjere med at talet på fiksjonsfilmar har gått monaleg opp, samanlikna med åra før. – Som vist tidlegare<sup>20</sup> treng ein eit snittbesøk på om lag 120.000 per fiksjonsfilm for å halde nivået for besøk på norske filmar på om lag 2,5 millionar.

### Barnefilmen sikrar høgt totalbesøk

Tendensen til at det er barne- og ungdomsfilmane som utgjer den største enkeltgruppa filmar som dreg besøket opp for dei norske filmene, er ikkje like klår som i 2009, då dei tre best besøkte filmene var barne- og familiefilmar. Likevel står *Knerten gifter seg* (403 654), *Olsenbanden jr. og mestertyvens skatt* (189 264), *Yohan barnevandrer* (123 114), *Pelle Politibil går i vannet* (120 720), *Keeper'n til Liverpool* (84 246\*), *Elias og jakten på havets gull* (71 056\*), *Asfaltenglene* (60 094), *Kurt Josef Wagle og legenden om fjordheksa* (23 802) og *Brødrene Dal og vikingsverdets forbannelse* (22 008\*) for 43,0 prosent (2009: 58,7 prosent) av besøket på norske filmar, med eit samla besøk på 1 097 958 [\* tyder at filmen framleis var i oppsetting ved årsskiftet]. *Knerten gifter seg* kjem jamvel inn på andreplass på lista over dei best besøkte filmene på kino i 2010, berre slått av den amerikanske 3D-suksessen *Avatar*.

Elles er det, som venteleg, spenningsfilm i ulike undersjangrar som er populære på kino. Med omsyn til det ein kan vente av etterspurnad etter ulike filmtypar i den norske kinomarknaden, ser 2010 ut til å ha vore eit heller "normalt" år.

Tabell 4. c), sjå neste side, syner dei norske kinofilmene i 2010, rangerte etter besøket ved årsskiftet.

<sup>19</sup> Sjå NFIs årsrapport 2009, s. 41-42.

<sup>20</sup> Sjå NFI sin årsrapport 2009, s. 39-40.

Tabell 4. c) Norske kinofilmar 2010, etter besøk. Besøk og billettsal per 31.12.2010

Tittel	Besøk	Billettsal
Knerten gifter seg	403 654	29 018 474
Trolljegeren	267 112	22 051 402
Nokas	249 397	22 336 665
Olsenbanden jr. Mestertyvens skatt	189 264	13 008 874
Fritt vilt III	152 088	13 527 809
Yohan - Barnevandrer	123 114	8 719 422
Varg Veum -Skriften på veggen	121 645	10 677 201
Pelle Politibil går i vannet	120 720	8 358 221
Tomme Tønner	118 724	10 075 776
En ganske snill mann	96 054	8 280 093
Kongen av Bastøy	91 224	8 022 948
Keeper'n til Liverpool	84 246	5 216 648
Hjem til jul	74 489	6 388 077
Elias og jakten på havets gull	71 056	5 344 638
Asfaltenglene	60 094	4 093 360
Limbo	52 061	4 448 397
En helt vanlig dag på jobben	29 899	2 286 422
Kommandør Treholt & Ninjatropen	27 678	2 298 361
Sykt lykkelig	26 008	1 945 912
Kurt Josef Wagle og legenden om Fjordheksa	23 802	2 046 597
Brødrene Dal og Vikingsverdets forbannelse	22 008	1 505 569
Maskeblomstfamilien	16 935	1 328 348
Snøhulemannen	14 374	1 155 642
Strengt hemmelig	11 387	632 968
Gazas tårer	6 457	367 346

Kjelde: Film & Kino

#### Nasjonale filmar reddar kinobesøket

Etter oppgåver frå Film & Kino gjekk besøket ved norske kinoar tilbake med om lag 1,7 millionar frå 2009 til 2010. Dette svarer til ein tilbake gang på 13,4 prosent. Besøket på dei norske filmene gjekk derimot berre tilbake med vel 55 000, frå 2 613 502 i 2009 til 2 558 022 i 2010. Tilbakegangen i besøket på norsk filmar var såleis berre på 2,1 prosent.

På denne bakgrunnen må det vere rett å gi støtte til den konklusjonen som Det europeiske audiovisuelle observatoriet lenge har gitt uttrykk for, nemleg at nasjonale filmar er ein viktig berebjelke i kinobesøket i europeiske land. Medan amerikansk film står for det tyngste innslaget i kinobesøket, med frå to tredelar til tre firedelar, alt etter år og filmtilbod, er det dei nasjonale filmene som utgjer den avgjerande marginalen i besøket. Film frå "tredjeland" spelar ei vesentleg mindre rolle. Denne kjennsgjerninga er ikkje berre viktig for kinobransjen, men har óg implikasjonar for nasjonal film- og kulturpolitikk.

På vegner av norske kinoar har Film & Kino for fleire år sidan klart gitt uttrykk for kor viktig dei norske filmene er for det samla årlege kinoresultatet. Det er derfor interessant å merke seg at sjefen for tyske *Filmförderungsanstalt* i år offentleg har gått ut og sagt at "utan den tyske filmen går det ikkje [å overleve for kinoverksemda i Tyskland]"<sup>21</sup> og at liknande utsegner no óg kan høyrast mellom anna i Danmark og Sveits.

---

<sup>21</sup> Pressemelding frå *Filmförderungsanstalt* 9. februar 2011.



Minst 3 millionar besøkande på norske filmar, tilsvarande 25 prosent av kinomarknaden.

Med vel 2,5 millionar besøk i 2010 er det enno eit stykke igjen til målet om 3 millionar besøk er nådd. Dei siste tre åra har besøket på norske filmar jamt lege i overkant av 2,5 millionar. Spørsmålet er derfor om ein kan oppnå eit slikt besøkstal med det produksjonsvolumet som filmmeldinga legg til grunn.

I 2010 nådde marknadsdelen til norske filmar opp i 23,2 prosent. Det er 1,8 prosent under det offisielle målalet. Dette er likevel den høgaste marknadsdelen som er oppnådd sidan målingane tok til i 1967.

Billettinntektene for norske filmar steig noko frå 2009 til 2010, frå 195,3millionar kroner til 198,2 millionar kroner, medan marknadsdelen, målt etter billettinntekt, steig frå 18,7 prosent til 20,8 prosent.

Berre to norske minoritets samproduksjonar hadde premiere i 2010, mot fire i 2009. Ei heil rekkje av samproduserte filmar vil få premiere våren 2011.

Målet om fem norske barne- og ungdomsfilmar i året er nådd (sjå kap. 3.1). Ni norske barne- og ungdomsfilmar hadde premiere i 2010, fleire enn nokon gong tidlegare. Barne- og ungdomsfilmane stod for 43,0 prosent av besøket i 2010, mot 58,7 prosent i 2009. Målt i billettsal var resultatet for desse filmane så å seie den same i 2010 som i 2009, 40 prosent.

## 4.1 Kinofilmpremierar 2010

Tabell 4.1 a) viser dei 25 norske kinofilmpremierane i 2010, barne- og ungdomsfilmar er merka i oransje og kinodokumentarar er merka i blå. Lista er rangert frå høgaste til lågaste besøkstal.

Tabell 4.1 a) Kinofilmpremierar 2010

Tittel	Produsentselskap	Premiere	Besøk 10
Overheng frå 2009			102 425
Knerten gifter seg	Paradox Rettigheter	24.09	403 654
Trolljegeren	Filmkameratene	29.10	267 112
Nokas	Alligator Film	01.10	249 397
Olsenbanden jr. og Mestertyvens skatt	Nordisk film & tv	29.01	189 264
Fritt vilt III	Fantefilm Fiksjon	15.10	152 088
Yohan - Barnevandrer	Penelope film	26.03	123 114
Varg Veum II - Skriften på veggen	Cinemiso	27.08	121 645
Pelle Politibil går i vannet	Neofilm	08.01	120 720
Tomme Tønner	Tappeluft Pictures. Wanted Film	08.01	118 724
En ganske snill mann	Paradox	19.03	96 054
Kongen av Bastøy	4 ½	17.12	91 224
Keeper'n til Liverpool	4 ½	22.10	84 246
Hjem til jul	BulBul Film	12.11	74 489
Elias og jakten på havets gull	Filmkameratene	10.12	71 056
Asfaltenglene	Maipo	26.02	60 094
Limbo	SF Norge	10.09	52 061
En helt vanlig dag på jobben	Folk flest filmproduksjoner	12.03	29 899
Kommandør Treholt & Ninjatropen	Tordenfilm	13.08	27 678
Sykt Lykkelig	Maipo	05.11	26 008
Kurt Josef Wagle og legenden om Fjordheksa	Yellow Bastard, Tappeluft Pictures	05.03	23 802
Brødrene Dal og Vikingsverdets forbannelse	Magcat Productions	10.09	22 008
Maskeblomstfamilien	Maipo	08.10	16 935
Snøhulemannen	F(x) produksjoner	12.03	14 374
Strengt hemmelig	Orvung Film	08.02	11 387
Gazas tårer	Nero Media	05.11	6 457
<b>Sum norske filmar 2010</b>			<b>2 453 490</b>
<b>Sum norske filmar 2010 inkl. overheng frå 2009</b>			<b>2 555 915</b>

Kjelde: NFI/Film & Kino

#### 4.1.1 Besøktal, marknadsdel og billettinntekt

Målet frå filmmeldinga er å nå 25 prosent marknadsdel på kinomarknaden. Med ei ny rekordnotering på 23,2 prosent i 2010 ligg vi no berre 1,8 prosentpoeng frå å nå dette målet. For å ha nådd heilt fram, måtte besøket på dei norske filmene siste året likevel ha vore 2,75 millionar, altså om lag 200 000 besøk høgare enn det vart. Så høgt har besøket på norske filmar berre vore to gonger sidan målingane tok til i 1967. Det skjedde i 1974 og 1975, då kinomarknaden var ein heilt annan enn i dag. Samanlikna med dei andre nordiske landa ligg Noreg på omtrent same nivå som Danmark, Finland og Sverige, medan Noreg og Norden ligg langt føre andre mindre land i Europa.

I høve til dei nordiske nabolanda våre har den norske marknadsdelen etter kvart krope opp på eit nivå som svarar til nivået i Danmark, Finland og Sverige sine, dvs. i området 20-25 prosent.

Tabell 4.1.1 a) Marknadsdelar, nasjonal film i dei nordiske landa 2005-2010.  
Nasjonale filmar sin del av totalbesøket på kino i prosent; førebels tal for 2010

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Danmark	32,4	24,8	25,6	32,5	17,3	[20] <sup>22</sup>
Finland	15,0	24,0	20,0	22,5	15,0	27,0
Island	2,7	7,8	7,1	7,9	-	-
Sverige	22,6	18,8	21,6	20,0	32,7	21,0
Noreg	12,2	16,1	16,4	22,4	20,6	23,2

Kjelde: DFI, SES IFF / Statistics Iceland, SFI, Film & Kino, European Audiovisual Observatory

Sett opp mot andre land som vi "naturleg kan samanlikne oss med" i Europa, ligg dei norske og nordiske marknadsdelane av kinobesøket svært høgt. Av dei relevante samanlikningseksempla i tabellen nedanfor, er det berre Nederland som kjem nær til å ha ein marknadsdel opp mot den i Noreg og Norden.

Tabell 4.1.1 b) Marknadsdelar, nasjonal film i mindre europeiske land 2008-2010  
Nasjonale filmar sin del av totalbesøket på kino i prosent; førebels tal for 2010

	Belgia	Nederland	Portugal	Sveits	Austerrike
2008	4,7	17,9	2,5	3,0	5,6
2009	7,0	17,4	2,7	3,5	8,0
2010	-	15,8	1,9	5,4	5,0

Kjelde: NFI / European Audiovisual Observatory, NFF, ICA, OFS, ÖFI

NFI har tidlegare<sup>23</sup> peika på at mykje tyder på at framgang i nasjonal marknadsposisjon skjer på kostnad av "tredjelandsfilm" og ikkje i same mon råkar Hollywood-produksjonane. Dette gjeld film frå våre nordiske og europeiske naboland så vel som t.d. film frå den tredje verda. Ei slik utvikling kan ha kulturpolitiske konsekvensar med omsyn til mangfald i kinotilbodet.


<sup>22</sup> Danskane har førebels ikkje publisert berekna eller offisielle besøktal for 2010. Grove overslag som NFI har gjort på grunnlag av tal offentleggjort i dansk presse, syner at den danske marknadsdelen i 2010 kan komme til å liggje om lag 20 prosent, med eit besøk på ca. 2,65 millionar og eit samla kinobesøk på om lag 13 millionar.

<sup>23</sup> Sjå NFI sin årsrapport for 2009, s. 49 og ovanfor, s. 52.

### Marknadsdel etter billettsal

Det har etter kvart vorte vanleg å måle marknadsdel etter besøket på kino. Ser vi på marknadsdelen for norske filmar målt etter billettsalet, blir biletet noko annleis.

Figur 4.1.1 a) Marknadsdelar, norske filmar 2005-2010. Etter besøk og billettinntekt



Kjelde: NFI / Film & Kino

Marknadsdelen for norske filmar, rekna etter brutto billettsal, var i 2010 på 20,8 prosent, opp frå 18,7 prosent året før. Når marknadsdelen målt etter billettsal ligg under marknadsdel målt etter besøk, syner det truleg først og fremst den sterke stillinga barnefilm har på norske kinoar. Rett nok har lågare pris for barn på kino vorte sjeldnare enn før, men praksis heng framleis fast i form av ulike rabattar. Eit anna moment som utan tvil har vore med på å presse prisane på ikkje-barnefilm opp, er 3D-filmene, der billettane har vorte selde til høgare pris enn vanleg. Grunnlaget som billettomsætninga for norske filmar har vorte målt mot, har dermed auka, og marknadsdelen falle.

### Billettinntekter

Observasjonane ovanfor gir grunn til å sjå nærare på billettinntektene for norske filmar. Utviklinga i billettsal og marknadsdel etter billettsal går fram av tabellen nedanfor.

Kinoomsetninga på norske filmar i fjoråret ligg på litt under 200 millionar kroner. Etter gjengs bransjevisdom går ca. 30 prosent av dette produsentane. Etter slik tommelfingerrekning skal norske produsentar såleis ha hatt inntekter av billettsalet på kino på om lag 60 millionar kroner.

Tabell 4.1.1 c) Billettinntekt, marknadsdel, norske kinofilmar 2005-2010. Beløp i kroner, marknadsdel i prosent

	Billettinntekter, norske filmar	Billettinntekter, alle filmar	Marknadsdel etter billettsal
2005	79 114 051	626 787 310	12,6
2006	102 240 249	674 804 000	15,2
2007	91 694 465	629 900 906	14,6
2008	163 391 328	744 488 170	21,9
2009	195 330 359	1 042 144 702	18,7
2010	198 185 872	954 001 694	20,8

Kjelde: NFI

Gjennomsnittleg billettpris på norske filmar i fjor var kr. 77,30, mot 74,80 i 2009, ein oppgang på kr. 2,50, eller 3,3 prosent. Snittet for alle filmar i 2010 var kr. 86,57, mot kr. 82,11 i 2009, ein oppgang på kr. 4,46, eller 5,4 prosent. Norske filmar var dermed kr. 9,27,

eller 10,7 prosent billigare enn snittprisen for alle filmar i 2010. I 2009 var skilnaden på 8,9 prosent. Skilnaden speglar truleg først og fremst det sterke innslaget av barnefilm, med rabatterte billetter, i det norske filmtilbodet i 2010.

#### 4.1.2 Samproduksjonar, barne- og ungdomsfilmar

Berre to samproduksjonar hadde kinopremiere i fjor. Derimot var det rekordmange barne- og ungdomsfilmar, totalt heile ni. Besøket på barnefilmene gjekk noko tilbake frå 2009, medan billettinntektene til saman steig noko.

##### Samproduksjonar

Samproduksjonar blir her forstått som samproduksjonar med norsk minoritetsdeltaking. Det finst ingen målindikatorar for samproduksjon av dette slaget.

I 2010 har berre to slike filmar hatt premiere:

Tabell 4.1.2 a) Norske minoritets samproduksjonar, kinofilm, 2010

Norsk tittel	Originaltittel	Regissør	Hovud- produsent	Samprod. land	Norsk produsent	Premiere	Besøk	Billett- inntekt
Cornelis	Cornelis	Amir Chamdin	Chamdin & Stör Film	Sverige	SF Norge	11.12.	65 600	5 774 374
Rare Exports – The Truth about Santa	Rare Exports – The Truth about Santa	Jalmari Helander	Cinet	Finland	Pomor Film	3.12.	4 947	418 916

Kjelde: NFI / Film & Kino

Det er noko uventa at så få samproduksjonar har nådd fram til premiere etter at Noreg slutta seg til Den europeiske konvensjonen om samproduksjon av film frå 1. november 2009. Men det ligg uvanleg mange produksjonar i løypa for premiere på nyåret (blant dei Friðrik þor Friðrikssons *Mamma Gogo*, Jerzy Skolimovskis *Essential Killing*, Olivier Babinet og Fred Kihns *Robert Mitchum Is Dead*, Balthasar Kormakurs *Djupidö* og Per Flys *Kvinnen som drømte om en mann*). Andre er under innspeling. Nærare omtale av tilskott til minoritets samproduksjonar finn ein i kap. 3.3.

Det mest interessante trekket ved minoritets samproduksjonar er truleg dei erfaringane ein har frå Eurimages (sjå kap. 3.12.1), som tyder på at ein del mindre og/eller nyetablerte norske spelefilmprodusentar nyttar minoritets samproduksjonar til å vinne røynsle med så vel større produksjonar som med sjølvne samproduksjonsforma. Men det må óg seiast at veletablerte produsentar jamleg deltek i samproduksjonar.

##### Barne- og ungdomsfilm

For barne- og ungdomsfilm er det offisielle norske filmpolitiske målet fem (premiere)titlar i året. Som allereie nemnt (kap. 3.1) er dette målet nådd, ved at snittet over dei seinare åra ligg på nærare seks filmar.

I 2010 var det heile ni norske barne- og ungdomsfilmar som hadde premiere. Ikkje noko år tidlegare har det vore så mange barnefilm på plakaten på norske kinoar. Seks av dei plasserte seg på Topp 50-lista over kinosuksessar, to på Topp 20-lista og ein, *Knerten gifter seg*, på andre plass av alle filmene i 2010. To av filmene var framleis i oppsetting ved årets slutt og vil derfor få eit høgare totalbesøk til sist.

Tabell 4.1.2 b) Norske barne- og ungdomsfilmer 2010 - besøk, billettinntekt  
 \* Filmen var framleis i oppsetning i 2011

Tittel	Kategori	Premieredato	Besøk	Billettinntekt
Knerten gifter seg	B/F	24.09.	403 654	29 018 474
Olsenbanden jr Mestertyvens skatt	B/F	29.01.	189 264	13 008 874
Yohan - Barnevandrer	B/U	26.03.	123 114	8 719 422
Pelle Politibil går i vannet	B/F	08.01.	120 720	8 358 221
Keeper'n til Liverpool*	B/U	22.10.	84 246	5 216 648
Elias og jakten på havets gull*	B/F	10.12.	71 056	5 344 638
Asfaltenglene	B/F	26.02.	60 094	4 093 360
Kurt Josef Wagle og legenden om fjordheksa	B/U	05.03.	23 802	2 046 597
Brødrene Dal og vikingsverdets forbannelse	B/U	10.09.	22 008	1 505 569
I alt			1 097 958	77 312 163

Kjelde: NFI

Barne- og ungdomsfilmane svarer for 36 prosent av dei norske premierane i 2010 og for 43 prosent av besøket. I 2009 var desse tala 21,7 prosent, respektive 58,7 prosent. Billettinntektene var på 1 097 958 kroner, mot 1 036 167 i 2009. Dei utgjør 40 prosent av det samla billettsalet til norske filmar førre året. Det er så å seie det same som i 2009, då billettinntektene på barnefilm utgjorde 39,7 prosent av totalomsetninga for norske filmar.

15 prosent norsk del av dvd-marknaden og klikkefilmmarknaden.

Det finst ikkje pålitelege oppgåver tilgjengelege om omsetninga for klikkefilm og dvd.

NFI har likevel freista å grovrekne på salet av dvd-plater, og har kome til at norske kinofilmar på dvd i 2010 kan ha hatt ein marknadsdel på 7,4 prosent. Dette er om lag halvparten av måltalet.

#### 4.2 Marknadsdel for norske filmar på klikkefilm og dvd

Det er framleis uråd å finne pålitelege og presise oppgåver over omsetnad eller sjåarar for norske filmar som blir lanserte som klikkefilm og på dvd i Noreg. Med grunnlag i ein metode nytta i Tyskland har NFI likevel gjort eit overslag over sjåartalet for norske filmar på dvd i perioden 2006-2010. Utrekninga, som må takast med atterhald, gir som resultat eit samla tilskodartal for norske fiksjon kinofilmar på dvd på snautt 3,3 millionar i 2010 og ein marknadsdel på 7,4 prosent. Til tross for usikre tal synest det som om marknadsdelen for norske filmar på dvd framleis ligg vesentleg lågare enn for kino.

#### 4.3 Norske filmar som klikkefilm

Informasjon om norske filmar som klikkefilm er framleis ikkje tilgjengeleg. Film & Kino reknar med at det i alt var om lag 2 millionar nedlastingar av klikkefilm i 2010. Kor stor del av dette som var norske filmar, er ukjend. Filmmeldinga sitt mål er at norske audiovisuelle produksjonar skal ha 15 prosent av marknaden for klikkefilm.

##### 4.3.1 Norske filmar på dvd

Filmmeldinga sitt mål for norske filmar på dvd er at norske filmar skal stå for ein 15 prosent marknadsdel.

Eit kvart hundreår eller meir etter at videobransjen etablerte seg på brei front i Noreg, er det framleis uråd å skaffe presise tal for omsetninga av norskproduserte filmar på dvd. I fråvere av pålitelege data kan ein gripe til skipparskjøn og tommelfingerrekning for – i det minste – å få ein grov idé om omfanget av verksemda i denne bransjen. I det følgjande gjer vi ei slik øving. Ho er inspirert av føredøme frå den tyske filmbransjeorganisasjonen SPIO (*Spitzenorganisation der Filmwirtschaft e.V.*), som i nokre år har arbeidd med forholdstal for å berekne den tyske videomarknaden.

##### 2006 - 2010: Ei øving i tommelfingerrekning

Sjølv om salsoppgåver blir haldne hemmelege av "konkurransesyn", slepp det i blant i fag- og dagspressa ut nokre tal på omsetning på ulike titlar. NFI har samla salsoppgåver for 24 norske fiksjons-kinofilmar som har vorte "slepte" på dvd i åra 2006-2010. Dette utgjer 27,6 prosent av talet på spele- og animasjonsfilmar som har hatt kinopremiere i perioden, og gir såleis ein tilfredsstillande representativitet.

Nokre av dei tala vi har funne, er netto salstal over disk ("units sold"), andre er talet på eksemplar sende ut til butikkar frå grossistledet ("units shipped"). For nokre titlar har vi gjennom uavhengige kjelder identifisert både netto- og bruttotal, og dei tyder på at tala som er oppgitt i pressa er rimeleg korrekte. Desse kontrolltala har også gjort at vi meiner at det er rimeleg å rekne med at talet på returnerte, uselde eksemplar ligg på om lag 10 prosent av det volumet som blir sendt ut til butikkane. Vi har derfor korrigert salsoppgåvene for retur i dei vidare berekningane.

Ved å ta utgangspunkt i besøkstala på kino og samanlikne dei med (netto) omsetnadstal for same filmtittel på video, har vi for utvalet i perioden 2006-2010 funnet eit forholdstal på 2:1 mellom kinobesøk og videosal – for kvar video som blir seld av ein norsk kinofilm, blir det altså selde to kinobilletter<sup>24</sup>.

Film & Kino har gjennom fleire marknadsundersøkingar nådd fram til at kvar selde videokassett/dvd-plate blir sett av i snitt 2,7 personar. Når ein ser dette talet i høve til det berekna salet av dvd-plater, kjem ein til eit "sjåartal" for norske fiksjons kinofilmar på dvd på litt under 3,3 millionar i 2010.

Talet på sjåarar må takast med atterhald. Om vi likevel skal ta leiken til endes, må vi sjå desse tala i høve til omsetnaden i videomarknaden.

Tala som Film & Kino oppgir i sin årlege videostatistikk gjeld eksemplar selde over disk ("units sold"). Film & Kino gjer ikkje skilnad på norske og utanlandske filmar når dei reknar 2,7 sjåarar i snitt per eksemplar, og vi reknar derfor vidare med dette talet. I tabellen er sjåartalet for norske dvd-titlar er rekna ut på grunnlag av talet på fiksjon kinofilmar i same kalenderåret.

Tabell 4.3.1 a) Berekna marknadsdel av norske fiksjonskinofilmar på dvd – 2006 til 2010. Video, dvd og Blu-Ray. Marknadsdel i prosent

	2006	2007	2008	2009	2010
Berekna selde eksemplar video/dvd/Blu-Ray	20,0	22,3	19,8	19,2	16,3
Berekna sjåartal, alle titlar selde	54,00	60,20	53,46	51,84	44,01
Norske fiksjons kinofilmar	15	14	18	18	22
Kinobesøk, norske fiksjons kinofilmar	1,81	1,60	2,60	2,54	2,42
Berekna sjåartal, norske fiksjonsfilmar på dvd	2,45	2,16	3,51	3,43	3,27
Norsk marknadsdel dvd (etter sjåarar)	4,5	3,6	6,6	6,6	7,4

<sup>24</sup> Dette er oppsiktsvekkjande høgt, samanlikna med dei tyske tala: SPIO meiner at forholdstalet for tyske filmar er 8:1, og for amerikanske 5:1, basert på åra 2003-2005. Men både kino- og dvd-marknaden i Tyskland er annleis enn i Noreg. Ei kontrollutrekning av norske dvd-tal for eit tidlegare tidsrom syner at periodiseringa av statistikken og kan gi store utslag: For åra 2001-2003 er forholdstalet mellom kinobesøk og video/dvd-titlar selde 6:1. Det må her seisast at for denne perioden var det færre salstal for video/dvd tilgjengelege.



I filmmeldinga rekna ein med at marknadsdelen for norske filmar som kjøpefilm var 7,2 prosent og som leigefilm<sup>25</sup> 5,2 prosent i 2005 (Veiviseren [2006-2007] s. 25). Tala ovanfor synest derfor ikkje å vere urimelege<sup>26</sup>. Merknaden i filmmeldinga om at "den norske markedsandelen for dvd er langt lavere enn markedsandelen på kino" gjeld derfor truleg framleis.

Vi må likevel presisere at tala for marknadsdel ovanfor berre gjeld dei norske fiksjons kinofilmane sin del av samla dvd-sal. Sidan det ikkje ligg føre salstal for heile spekteret av norske audiovisuelle produksjonar, blir tala for marknadsdel derfor for låge om ein ønskjer ein oversikt over den totale marknaden. Dessutan skjer det også ei faseforskyving som tala for kvart år ikkje fangar opp med den metoden vi har nytta ovanfor: Sidan kinofilmar blir lanserte på dvd om lag ni månader seinare enn kinopremieren, vil nokre titlar først slå inn i salstala for dvd året etter. I reknestykket ovanfor er dvd-omsetninga rekna ut frå titlane som hadde kinopremiere same året.

---

<sup>25</sup> Marknaden for leigefilm har krympa vesentleg i åra som har gått sidan 2005.

<sup>26</sup> Snittet for dei to typane omsetning var 6,9 prosent, rekna ut etter det innbyrdes styrkjeforholdet mellom kjøpe- og leigefilm i 2005. I tillegg må ein ta omsyn til eit langt lågare kinobesøk. I 2005 var besøket på fiksjons kinofilmar 1,26 millionar, medan snittet for perioden 2006-2010 ligg på 2,14 millionar, noko som kan vere med på å forklare ein noko høgare marknadsdel for norske filmar på dvd i 2005 enn i perioden 2006-2010.

Bruttoverdien av eksporten av norske kinofilmar i 2008 er rekna å ha vore 30,5 millionar kroner. Dette er halvannen million kroner under måtalet på 32 millionar kroner, som er det dobbelte av verdien av eksporten i 2005. Kulturdepartementet har i budsjettproposisjonen for 2011 vurdert målet som nådd og har derfor endra målformuleringa på dette punktet.

#### 4.4 Eksport av norsk film og tv-drama

Framsyningsrettane til dei norske kinofilmane frå 2008<sup>27</sup> vart selde til utlandet for i alt 30,5 millionar kroner. Eksportverdien av norske filmar var dermed vel 40 prosent høgare i 2008 enn førre året. Sidan 2002 har verdien av utanlandssalet av norske filmar godt og vel firedobla seg. Resultatet for 2008 tyder at det filmpolitiske målet om å doble utanlandssalet mellom 2005 og 2010 er så godt som nådd. Men marknaden for norske filmar i utlandet er vanskelegare enn før.

Norsk filminstitutt har ikkje innsyn i eksporten av norsk TV-drama.

##### Norske filmar på eksportmarknaden

Sidan 2005 har NFI følgd utviklinga i eksportverdien av norske kinofilmar. Monitoreringa gjer at NFI no har ein historisk statistikkserie for samla verdi av den norske filmeksporten frå 2002 til og med 2008<sup>28</sup>.

Tabell 4.3 a) Eksportverdien av norske kinofilmar 2002-2008

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Total eksportverdi	7,4	8,1	13,1	15,9	19,9	21,7	30,5
Etterhandssal	6,4	6,6	6,0	4,6	9,8	8,3	17,9
Førehandssal	1,0	1,5	7,1	11,3	10,1	13,4	12,5
Snitt pr. film	0,46	0,48	0,73	0,84	0,99	0,99	1,69

Kjelde: NFI

##### Det filmpolitiske målet nådd

I dei filmpolitiske måla for norsk filmbransje (Veiviseren [2006-2007]) heiter det at målet er å auke eksportverdien av norske kinofilmar til det dobbelte innan 2010. Utgangspunktet for utsegna var nivået for eksportverdien i 2005. Han låg då på 15,9 millionar kroner. Ei dobling ville altså seie at norske kinofilmar skulle selje for om lag 32 millionar kroner. Med utgangspunkt i at salstala for 2008 låg berre 5 prosent lågare enn det opphavlege måtalet, endra Kulturdepartementet i budsjettproposisjonen for 2011 derfor målformuleringa om


<sup>27</sup> Eksportverdien kan berre reknast ut med ei tidsforskyvning på minst eitt år etter premieren.

<sup>28</sup> Dei første eksportundersøkingane vart utførde av AK Consulting/PriceWaterhouseCoopers og publiserte av NFI i 2007 (for åra 2002-2006) og 2008 (åra 2002-2007). Undersøkinga for året 2008 vart gjennomført av NFI sjølv og publisert hausten 2010. Fulltekstversjonen av undersøkingane kan lastast med i pdf-format via <http://www.nfi.no/Norsk+film/Nyhetsarkiv/%C3%98kt+filmsalg+i+trangt+eksportmarked.63064.cms>

eksport av norsk film til at "eksporten av norske audiovisuelle produksjoner skal økes" (St.prp. nr. 1 (2010-2011) Kulturdepartementet, Kap. 334 Film- og medieformål)<sup>29</sup>.

Jamført med snittet av eksportverdien for dei føregåande seks åra (2002-2007) på 14,4 millionar kroner, var resultatet i 2008 meir enn dobbelt så høgt.

Figur 4.3 a) Utviklinga i eksportverdien av norske kinofilmar 2002-2008



Kjelde: NFI

#### Europa framleis viktigaste marknad

Sala av norske kinofilmar i 2008 har skjedd til land i heile verda. Likevel er det ei klår overvekt på sal til den europeiske marknaden: 79,6 prosent av transaksjonane gjaldt sal av framsyningsrettar til land i Europa, medan resten av verda stod for 20,4 prosent.

Av ein annan analyse, med utgangspunkt i tilskodartal på norske filmar i 27 europeiske land<sup>30</sup>, går det fram at dei tyskspråklege områda (Tyskland, Austerrike og delar av Belgia, Luxemburg, Sveits og Italia) er den største marknaden for norske filmar, om lag like stor som alle dei andre europeiske marknadene til saman.

Av oversikten over til kva område ("territorie") og for kva bruk ("vindauge") rettane har vorte selde, går det fram at det er ei god speiing mellom sal av rettar til kinoframsying og sal til fjernsynsframsying, dvd-sal og andre bruksområde.

#### Ein stram marknad

Til tross for dei gode resultatane i 2008 har norske filmprodusentar, som vart intervjuet i samband med undersøkinga, peika på at marknaden vart mykje strammare i 2008. Noko av dette har samanheng med finanskrisa. Men vanskelegare tider for filmdistributørar og fjernsynsselskap, med lågare omsetnad og nedskjeringar i innkjøpsbudsjetta, spelar truleg

<sup>29</sup> I kommentarane til måla heiter det at "[u]nder delmål 2 var det i budsjettproposisjonen for 2010 et mål at eksporten av norsk film og fjernsynsdrama skulle doubles innen 2010. Dette målet vil trolig oppnås i løpet av 2010. Målet er derfor endret slik at det ikke er tidsbegrenset" (s.s.)

<sup>30</sup> Analysen er teken inn som vedlegg i "Eksportundersøkelsen 2008" (sjå note 27).

den viktigaste rolla. Det kan derfor vere grunn til å åtvare mot å tru på vidare vekst i same takt som til no. Sjølv ei stabilisering på 2008-nivå kan syne seg å bli ei utfordring.

#### Eit overslag over verdien

Det er viktig å vere klår over at undersøkinga gjeld *verdien* av salet av norske filmar til utlandet. Meir presist tyder det at undersøkinga set tal på bruttoomsættningen av filmrettane til dei 19 filmene som vart selde.

Undersøkinga gir derfor ikkje svar på kor store inntektene som norske filmprodusentar har hatt av salet av filmene, har vore. Før inntektene blir utbetalt, kjem salskostnadene til fråtrekk, og likeeins provisjonen til dei internasjonale salsagentane. 17 av dei 19 filmene som er omfatta av undersøkinga, hadde ein internasjonal salsagent til å ta hand om utanlandssalet. Dei aller fleste filmene hadde skandinaviske salsagentar.

Det er elles viktig å vere merksam på at tala som er oppgitte, er overslag. Oppgåvene byggjer på rapportane frå salsagentane. Fleire tilhøve spelar inn når det ikkje er mogleg sikkert å slå fast ein absolutt verdi av utanlandssala. Viktigast er at fleire av kontraktane er avrekna som prosentsal, dvs. at inntektene kan strekkje seg over heile tida ein film er i oppsetting på kinoar rundt om. Svingingar i valutakurs ("agio" - i 2008 på opptil 20 prosent) kan óg ha påverka resultatet.

## 5. Delmål 3: Kvalitet og mangfald

Eit mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle delar av landet

Kartlegginga av korleis norske kinofilmar fordeler seg etter sjangrar mellom 2006 og 2010, syner at det har blitt ei større spreining i sjangrar og ei jamnare fordeling mellom talet på filmar i dei enkelte sjangrane.

Gjennomgangen av filmbudsjett frå 2005 til og med 2010 avslører at kinofilmene har vorte dyrare i snitt, men auken er først og fremst knytt til kostnadstunge spelefilmproduksjonar. Dette er i tråd med politiske signal. Budsjettstorleiken for dei enkelte kinofilmene spreier seg over eit større spekter, medan fordelinga mellom dei ulike kostnadane i filmbudsjetta har halde seg svært stabil.

Filmene i 2010 fordeler seg jamnare mellom film for barn/familie/ungdom og film for ungdom/vaksne (Medietilsynets kategoriar) enn tidlegare, truleg først og fremst som følgje av auken i produksjonsvolum.

Målt med terningkasta til eit panel av røynde filmkritikarar står 2010 fram som eit kvalitetsmessig betre filmår enn 2009. Kritikarane er samde om at det var fleire filmar av høg kvalitet i 2010 enn året før.

Måling av kor filmselskapa som laga 2010-filmene høyrer heime, syner ei større spreining enn i 2008 og 2009. Også når det gjeld innspelingsstadar har variasjonsbreidda auka over desse åra.

Det er størst geografisk spreining i søknader om tilskott til interaktive produksjonar. Også kortfilm og dokumentarfilm har mange søkjarar frå stader utanom Oslo/Akershus. Det er likevel grunn til å tru at fordelinga speglar etableringsstrukturen blant norske produksjonsselskap.

## 5.1 Uttrykksform, produksjonskostnad


### 5.1.1 Sjanger

NFI deler dei norske kinofilmane inn etter sjanger på grunnlag av dei sjangerkategoriene som Medietilsynet brukar i sine tilrådingar til publikum gjennom filmdatabasen (<http://film.medietilsynet.no/Filmdatabase>).

Filmar kategorisert som "drama" utgjer størst del av filmene i åra 2006 til 2010, med eit gjennomsnitt på åtte filmar i perioden. Deretter følgjer "kinodokumentarar" og "dokudrama", med gjennomsnittleg fire (4,4) filmar per år i perioden. Det er generelt ein gjennomgåande variasjon i filmenes sjanger, der alle kategoriene, med noko variasjon, er representert kvart år i perioden. Sjå figur 5.1.1 a).

Medan filmar kategoriserte som "skrekk/thriller/grøsser/krim/action" auka i åra 2008 (5 stk.) og 2009 (3 stk.), har filmar kategoriserte som "komedie" og "anna" auka markant i 2010. Dei sju komediane i 2010 er over dobbelt så mange som "rekord-komedie-året" 2006, som hadde tre komediar. Det er også ein markant auke av filmar som ikkje inngår i dei ordinære kategoriene (merka "anna" i figuren). "Anna"-filmene i 2010 omfattar "animasjon/eventyr" (*Elias og jakten på havets gull*), "animasjon" (*Pelle Politibil går i vannet*), "eventyr" (*Brødrene Dal og Vikingsverdets forbannelse*), "sort komedie" (*Hjem til ju*), "actionkomedie" (*Kommandør Treholt og Ninjatropen*) og "spenning" (*Asfaltenglene*). At eit så høgt tal filmar går utover dei ordinære kategoriene kan sjåast som eit teikn på aukande mangfald og kreativitet i sjangerval.

Figur 5.1.1 a) Fordeling sjanger - premiefilmar 2006 - 2010



Kjelde: NFI

### 5.1.2 Produksjonskostnad

Filmene har vorte dyrare i 2010. Medan samla budsjett for de 23 kinofilmene i 2009 låg på om lag 370 millionar kroner, kosta dei 25 kinofilmene i 2010 vel 520 millionar kroner. Snittkostnaden steig altså frå 16,0 millionar kroner til 20,8 millionar kroner, ein auke på 30 prosent. NFI har hatt som eksplisitt mål å auke storleiken på budsjetta til norske kinofilmar. Dette er i tråd med dei politiske signala som har vorte sende. Filmar med budsjett mellom 20 og 35 millionar kroner auka mest i tal, frå åtte filmar i 2009 til 13 filmar i 2010. Meir enn halvparten av filmene i 2010 hadde såleis eit budsjett i dette kostnadsbandet. Fordelinga mellom dei enkelte postane i filmrekneskapa held seg derimot svært stabil.

NFI har følgd utviklinga i produksjonskostnader for norske filmar over fleire år. Utgangspunktet er den analysen av kostnadane i norsk filmproduksjon som ein finn i filmmeldinga (Veiviseren [2006-2007]), og som byggjer på ein analyse lagd fram i den såkalla "Rambøll-rapporten". Analyse av kostnadsnivået er særleg relevant etter dei politiske signala som har komme i den seinare tida om å auke produksjonsbudsjetta, særleg for å gi rom for nokre større produksjonar kvart år.

#### Gjennomsnittleg kostnad

Frå 2009 til 2010 steig den gjennomsnittlege kostnaden for norske kinofilmar (spelefilmar og kinodokumentar) frå 16,0 millionar kroner til 20,8 millionar kroner<sup>31</sup>. Dette svarar til ein auke på 30 prosent. Spelefilmene vart i snitt 4,8 millionar kroner dyrare. Auken, frå 18,2 millionar kroner i 2009 til 22,9 millionar kroner i 2010, er på 26,1 prosent.

Tabell 5.1.2 a) Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett – 2005-2010  
Alle kinofilmar/alle spelefilmar; eksklusive kort- og novellefilmar

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett	14 234 180	15 249 694	13 795 361	21 211 465	16 060 747	20 858 697
Alle kinofilmar	19	21	22	22	23	25
Gj.snitt produksjonsbudsjett, spelefilm	15 790 618	19 400 693	19 660 183	24 878 222	18 161 721	22 908 786
Spelefilmar	15	15	14	19	19	22

Kjelde: NFI

Tabellen ovanfor illustrerer først og fremst kva utslag enkelte svært påkosta filmar kan ha. I 2008 trakk *Kautokeino-opprøret* og *Max Manus* snittkostnadane opp, i 2010 hadde *Kongen av Bastøy* same effekten. Dette kjem ganske tydeleg fram når ein ser på kostnadsbanda i norsk filmproduksjon.


Det er meir usikkert om tabellen gir grunnlag for å hevde at det har gått føre seg ein meir generell kostnadsauke i norsk filmproduksjon over dei seinare åra, i alle fall når det gjeld spelefilmar. Tek vi ut *Kautokeino-opprøret* og *Max Manus* frå tala for 2008, blir snittkostnaden for ein spelefilm 20,9 millionar. Gjer vi det same med *Kongen av Bastøy* i 2010, får vi ein snittkostnad for dei andre spelefilmene på 21,4 millionar. Det kan derfor vere grunn til å meine at kostnadane ved å lage spelefilm i Noreg har halde seg nokså jamne, i alle fall frå 2006 til og med 2010.

<sup>31</sup> Merk at det er ein skilnad mellom kostnadsomgrepet som blir nytta her og det som kjem fram i avsnittet om "Produksjonskostnader" nedanfor: I dette avsnittet er det tale om gjennomsnittet av budsjettet til alle kinofilmar/spelefilmar per år. Nedanfor er framstillinga basert på rekneskapa som er innleverte og gjennomgatte av NFI for filmene med premiere i 2008, samanlikna med snittet for åra 2002-2007.

## Kostnadsband

Utviklinga frå 2009 til 2010 kan ein og sjå om ein deler produksjonskostnadane opp i grupper eller kategoriar etter budsjettstorleiken, såkalla "kostnadsband".

Figur 5.1.2 a) Produksjonsbudsjett 2009 og 2010 etter kostnadsband<sup>32</sup>



Kjelde: NFI

I figuren ovanfor teiknar *Kongen av Bastøy* seg tydeleg av som einaste film med budsjett i kostnadsbandet mellom 50 og 60 millionar kroner, medan tyngda av filmar i 2010 tydeleg ligg i kostnadsbandet 20 til 25 millionar kroner. For utviklinga over tid sjå tabell 5.1.2 b), nedanfor.

Tabell 5.1.2 b) Produksjonsbudsjett - 2005-2010. Filmar per budsjettkategori/kostnadsband

Budsjett i mill.kr. ("kostnadsband")	2005	2006	2007	2008	2009	2010
50-60	-	-	-	2	-	1
45-50	-	-	-	-	-	-
40-45	-	-	-	-	-	-
35-40	-	1	-	-	-	-
30-35	-	-	-	-	1	3
25-30	-	-	1	3	2	4
20-25	3	4	5	8	5	6
18-20	7	4	4	2	2	1
16-18	2	3	2	1	2	3
14-16	-	2	1	-	2	1
12-14	1	-	-	1	1	1
10-12	-	1	-	-	1	0
8-10	1	1	2	-	2	1
6-8	1	1	1	1	1	1
4-6	1	1	3	3	2	3
2-4	3	3	3	1	2	0
0-2	-	-	-	-	-	0
Filmar i alt <sup>33</sup>	19	21	22	22	23	25

Kjelde: Hagna (2009) / NFI

<sup>32</sup> Same kostnadsbanda er nytta her som i filmmeldinga (tab. 3.11, s. 35) og i Rambøll-rapporten.

<sup>33</sup> Talet på filmar er ikkje identisk med talet premierer same år. Kortfilm er uteletne, likeeins filmar med avgrensa distribusjon, og amatørproduksjonar.



## Produksjonskostnader

Med utgangspunkt i ei undersøking frå Handelshøyskolen BI<sup>34</sup> starta NFI i 2010 ei oppfølging av fordelinga av faktiske kostnader ved produksjon av fiksjonsfilm ("spelefilmar på kino"), fordelt etter hovudpostane i dei godkjende rekneskapa som produksjonsselskapa som har fått støtte, er pliktige å levere inn til NFI etter at produksjonen er avslutta. Registreringa "heng etter" tidsmessig fordi rekneskapa først blir leverte inn fire til ti månader etter premieren<sup>35</sup>.

Tabell 5.1.2 c) Kostnadsfordeling, norske spelefilmar på kino 2002-2008  
Etter hovudpostar i kontoplan, godkjende rekneskap; omfattar ikkje kort- og dokumentarfilm framsynte på kino

Produksjonsfase	Budsjettpost	Snittkostnad 2002-07	%	Snittkostnad 2008	%	Snittkostnad 2009	%
FORARBEID	Manusutvikling	563 036	3	961 161	4		
	Prosjektutvikling	375 357	2	656 953	2		
PRODUKSJON	Forarbeid	563 036	3	658 110	2		
	Produksjon	2 064 465	11	2 855 026	11		
	Regi	750 715	4	1 033 082	4		
	Dekor	563 036	3	1 435 328	5		
	Rekvisitter	563 036	3	1 120 645	4		
	Special Effects	0	0	269 957	1		
	Kostyme	375 357	2	732 861	3		
	Sminke	187 679	1	304 532	1		
	Foto	1 126 072	6	1 467 705	5		
	Lys	563 036	3	801 878	3		
	Grip	375 357	2	277 991	1		
	Opptakslyd	375 357	2	360 228	1		
	Skuespillere	1 313 750	7	1 676 052	6		
	Animasjon	0	0	0	0		
	Reiser/transport	375 357	2	1 247 690	5		
ETTERARBEID	Prod.etterarbeid	375 357	2	370 406	1		
	Klipp	563 036	3	608 579	2		
	Lydetterarbeid	750 715	4	836 359	3		
	Musikk	375 357	2	486 200	2		
	Digitale effekter	187 679	1	723 535	3		
	Laboratorium	1 313 750	7	1 342 365	5		
ADMINISTRASJON	Administrasjon	1 876 786	10	2 614 216	10		
LANSERING	Lanseringskopier	2 815 180	15	3 894 447	14		
	Andre versjoner	0	0	0	0		
	Samlet	18 392 507	98	26 915 304	100		

Kjelde: Hegna (2009)/NFI

Oversikta ovanfor syner at snittkostnadane i 2008 har gått mykje opp, med meir enn 8,5 millionar kroner, samanlikna med snittet i perioden 2002-2007. Dette er etter alt å døme knytt til to tilhøve: For det første er snittkostnadane i perioden 2002-2007 ikkje justert for prisstiginga i desse seks åra. For det andre var det to svært kostnadskrevjande produksjonar i 2008-årgangen. Både *Kautokeino-opprøret* og *Max Manus* er med i talgrunnlaget og gjer sitt til å trekkje dei nominelle verdiane opp.

<sup>34</sup> Hegna, Janne: *Hvor går pengene i norsk film?* (2009); sjå NFI sin Årsrapport 2009, s. 56-57, for nærare omtale av undersøkinga og metodikken bak henne.

<sup>35</sup> Undersøkinga av 2008-filmene omfattar såleis 17 av 18 fiksjonsfilmar (av i alt 21 kinofilmar.) Analysen av lanseringsbudsjetta baserer seg på data frå berre åtte filmar.

Ser ein derimot på prosentfordelinga av kostnadane, er skilnadene mellom snittet for perioden 2002-2007 og 2008 svært små. I den grad det er endringar, er forskuvingane for det meste på berre eitt prosentpoeng mellom dei enkelte postane. Berre på postane "dekor", "reiser/transport", "digitale effekter" og "laboratorium" er det skilnader på meir enn eitt prosentpoeng.


Både fordi nyttilfanget av data berre omfattar eitt år, og fordi det er ein høg del atypiske og dyre filmar i utvalet frå 2008, er det ikkje råd å trekkje fleire konklusjonar av det materialet som no ligg føre. NFI kjem til å følgje opp monitoreringa av kostnadene i åra framover.

### 5.1.3 Målgrupper

NFI tar i bruk Medietilsynets kategorisering av kven filmen er eigna for til å kategorisere filmars målgrupper.

I åra 2006 til 2010 har det vore gjennomsnittleg 17 (16,8) filmar for "ungdom og vaksne", og seks (5,6) filmar for "barn, familie og ungdom" per år. Det har vore ein auke av filmar kategoriserte som barn/familie/ungdom frå fem i 2009 til ni i 2010. Ni filmar er det høgaste talet på barne/familie/ungdoms-film i perioden, medan talet på filmar for ungdom/vaksne berre har minka med to filmar. Auken frå 23 premiefilmar i 2009 til 25 i 2010 har altså sørgja for ein auke i filmar for barn/familie/ungdom, utan at dette har minka talet på filmar for ungdom/vaksne noko særleg. Sjå figur 5.1.3 a).

Figur 5.1.3 a) Fordeling målgrupper<sup>36</sup> – premiefilmar 2006 - 2010



Kjelde: NFI

<sup>36</sup> Kategoriane er baserte på Medietilsynet vurdering av kven filmen er "eigna for". I "Barn/familie/ungdom" inngår Medietilsynets kategoriar "Barn", "Barn/familie", "Familie", "Ungdom", "Ungdom frå 13". I "Ungdom/voksen" inngår kategoriane "Ungdom/voksen" og "Voksen".

### 5.1.4 Terningkasta til filmkritikarane – ein kvalitetsindikator

Sidan 2009 har NFI samla terningkasta frå eit panel filmkritikarar i 15 større mediebedrifter i Noreg. Dette har ein gjort i den trua at vurderingane til røynde filmkritikarar kan vere eit relevant mål på kvaliteten av filmene.

Tabell 5.1.4 a) "Pressens dom": Filmkritikarar i 15 norske medier om filmene i 2010

FILMTITTEL	Aftenposten	Verdens Gang	Dagbladet	Dagsavisen	Bergens Tidende	Adresseavisen	Stavanger Aftenblad	Fædrelandsvennen	Bergensavisen	Nordlys	Romerikes Blad	Klassekampen	NRK P2/Kulturnyt	TV2 Nettavisen	Filmmagasinet	Median	Gjennomsnitt	Standard avvik
Pelle Politibil går i vannet	4	5	5	4	4	4	3	5	4	4	4	-	4	5	-	4	4,23	0,60
Tomme tønner	4	3	4	4	4	2	3	3	4	2	4	4	5	4	4	4	3,60	0,83
Olsenbanden - Mestertyven	3	4	3	3	3	4	3	2	3	-	5	-	4	4	4	3	3,46	0,78
Strengt hemmelig	5	4	3	-	4	4	5	3	-	5	-	4	4	4	-	4	4,09	0,70
Asfaltenglene	4	4	3	4	5	2	4	4	4	-	4	-	3	4	4	4	3,77	0,73
Kurt Josef - Fjordheksa	-	3	3	3	2	2	4	3	3	-	-	-	-	3	2	3	2,80	0,63
Snøhulemannen	4	4	4	-	4	3	3	4	5	4	-	-	-	-	4	4	3,90	0,57
En helt vanlig dag på jobben	4	4	5	4	4	4	5	4	4	4	5	5	-	4	4	4	4,29	0,47
En ganske snill mann	5	5	5	5	5	4	5	5	5	-	6	4	5	6	4	5	4,93	0,62
Yohan barnevandreren	5	3	3	3	4	2	4	4	3	-	5	3	2	3	3	3	3,36	0,93
Kommandør Treholt...	4	5	4	4	4	4	4	2	4	-	4	3	3	4	-	4	3,77	0,73
Varg Veum - Skriften på...	4	4	4	4	2	4	2	4	4	4	4	4	5	5	-	4	3,86	0,86
Limbo	5	5	4	4	5	4	5	5	4	5	5	5	5	5	5	5	4,73	0,46
Brødrene Dahl.. Vikingsverdet...	3	2	3	3	1	1	2	4	3	-	2	-	4	2	-	3	2,50	1,00
Knerten gifter seg	4	3	5	4	3	4	2	3	4	5	4	5	3	5	-	4	3,86	0,95
Nokas	3	5	4	5	5	4	5	5	4	5	3	5	5	5	5	5	4,53	0,74
Maskeblomstfamilien	3	2	3	3	4	2	5	5	2	3	3	4	3	3	2	3	3,13	0,99
Fritt vilt III	3	3	3	4	4	2	4	2	4	3	4	-	3	3	4	3	3,29	0,73
Keeper'n til Liverpool	5	5	4	4	5	4	4	5	5	5	5	5	5	5	4	5	4,67	0,49
Trolljegeren	3	4	4	5	5	4	4	5	5	-	5	4	-	4	5	4	4,38	0,65
Sykt lykkelig	4	4	4	4	5	3	3	3	4	4	4	5	4	5	4	4	4,00	0,65
Gazas tårer	4	5	4	5	5	4	4	5	4	-	-	4	6	5	4	4	4,54	0,66
Hjem til jul	5	5	4	5	5	4	5	5	5	5	4	4	5	5	5	5	4,73	0,46
Elias og jakten på havets gull	4	5	3	4	4	4	3	5	4	5	5	3	-	5	4	4	4,14	0,77
Kongen av Bastøy	4	5	5	5	4	4	5	5	5	5	5	5	-	5	4	5	4,71	0,47
Snittverdiar																4	4,00	0,93

Kjelde: NFI

I tabellen er kvar film rekna opp med dei terningkasta det har vore mogleg å identifisere. Desse talvurderingane er samla til høgre i tabellen. "Median" uttrykkjer den "typiske" verdien i alle terningkasta som er gitt til den enkelte filmen. "Gjennomsnitt" er det aritmetiske snittet av talverdiene på terningkasta for kvar film. Og "STDAV" (standardavvik) uttrykkjer semje eller usemje mellom kritikarane – jo lågare tal, jo meir semje om den "typiske" vurderinga.

### Ein liten, men viktig framgang

Den samla vurderinga frå kritikarpanelet av filmåret 2010 kan samanfattast i vurderinga "terningkast fire". Dette er den "typiske" karakteren (medianverdien av terningkasta) kritikarane gir filmene i 2010. 4,00 er også eksakt det aritmetiske snittet for terningkasta. Slik er det altså samanfall mellom den typiske vurderinga og den matematisk utrekna vurderinga i 2010.

Tabell 5.1.4 b) Kritikarpanelet sine terningkast for dei norske filmåra – 2009 -2010

	2009	2010	2011	2012	2013
Typisk terningkast (medianverdi)	4	4	-	-	-
Gjennomsnittsverdi (aritmetisk snitt)	3,81	4,00	-	-	-
Semje/usemje (standardavvik)	1,03	0,93	-	-	-

Kjelde: NFI

Det er svært tidleg å snakke om tendensar i eit materiale som berre inneheld data for to år. Men dersom ein likevel skal drista seg til å samanlikne tala frå 2009 og 2010, er det viktig å vere klår over at terningkast er ein skala som i praksis ikkje har seks, men fire verdier: Terningkast "6" og "1" blir knapt nok nytta; i materialet frå 2010 er det berre to einarar og tre seksar av 338 enkeltvurderingar.

I ein slik kontekst blir medianverdien eit for grovt verkty å nytte for å spore endringar og utvikling – skilnadane ligg i ti- og hundredelane. Dei finn ein ved å sjå på det aritmetiske snittet av terningkasta. For 2010 har kritikarane gitt nær to tidelar betre gjennomsnittleg "karakter" til filmene i stort enn kva dei gjorde i 2009. To tidelar er knapt statistisk signifikant, men vitnar likevel på ein viss generell framgang i kritikarane sin totalvurdering av den norske filmproduksjonen frå 2009 til 2010.

Ein slik konklusjon får ytterlegare vekt når ein ser at semja kritikarane imellom er større i 2010 enn ho var i 2009.

Ein annen indikasjon på at kritikarane ser 2010 som eit betre norsk filmår enn 2009, er talet på filmar med høg skåre. I 2009 fekk tre filmar (av 23) terningkast "5" frå kritikarane, medan heile seks filmar (av 25) fekk terningkast "5" i 2010. *En ganske snill mann, Limbo, Nokas, Keeper'n til Liverpool, Hjem til jul og Kongen av Bastøy* skåra alle "5".

### Semje om kvalitet, mindre om fiasko

Ser ein på indikatoren for semje, slår det ein at kritikarane er svært samde i domen sin over dei seks filmene som skåra høgast; STDAV-berekninga ligg frå 0,46 til 0,77.

Filmene som fekk lågast skåre, dei med terningkast "3", var det derimot meir usemje om, med STDAV-verdiar frå 0,63 til 1,00. Det kan synest som om filmkritikarane har meir ulike oppfatningar av t.d. kva som er ein vellukka/mislukka sjangerfilm eller komedie, enn dei har om kva som er ein vellukka film i meir generell tyding.

#### Media: Meir samkøyring, smalare dekning

Ein mogleg veikskap i å nytte terningkast i dagspressa som kvalitetsindikator, er at etter kvart har det oppstått ein del samkøyring av kulturstoff mellom aviser. Eit døme på dette er "Fri Flyt"-samarbeidet i Nord-Noreg, der åtte aviser<sup>37</sup> utvekslar stoff, m.a. filmmeldingar. Også i andre delar av A-pressa brukar ein frå tid til annan kritikkar skrivne for ei anna avis.

Samtidig kan ein sjå ein tendens til hardare prioriteringar i ein del media, noko som fører til at enkelte førande aviser og etermedia ikkje lenger held fast på lina med å melde alle norske filmar. Vi har likevel ikkje vurdert dette som så omfattande at det skulle ha innverknad på det generelle bildet undersøkinga er meint å gi - framleis er det ein dekningsgrad på 90,1 prosent i panelet sine meldingar av filmene frå 2009.

#### Frå publikum si side - entusiastar og storforbrukarar

Som peika på i NFIs årsmelding for 2009, utgjer filmkritikarar ei gruppe særskilt "trena lesarar", som har eit anna og meir profesjonelt forhold til film enn den gjennomsnittlege publikummaren. Dei siste to åra har nettsida filmweb.no invitert brukarane sine til å legge inn deira terningkast på dei enkelte filmene. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over dommen frå publikum som eit supplement til kritikarane sine vurderingar.

Tabell 5.1.4 c) Publikum sine terningkast 2010

Titlar	Stemmar	Terning-kast	Aritme-tisk snitt	Film-kritikarar
Kongen av Bastøy	396	5	5,14	5
Elias og jakten på havets gull	1 216	3	3,44	4
Hjem til jul	246	5	4,63	5
Gasas tårer	248	5	4,68	4
Sykt lykkelig	247	4	4,48	4
Trolljegeren	1 769	5	5,27	4
Keeper'n til Liverpool	832	5	5,21	5
Fritt vilt III	1 756	5	4,56	3
Maskelomstfamilien	160	4	4,31	3
Nokas	1 305	5	4,98	5
Kneren gifter seg	741	5	4,89	4
Brødrene Dal - Vikingsverdet ...	491	5	4,72	3
Limbo	405	3	3,46	5
Varg Veum - Skriften på veggen	535	4	4,41	4
Kommandør Treholt - Ninja...	656	3	3,03	4
Yohan barnevandrer	1 109	4	4,44	3
En ganske snill mann	800	5	4,52	5
En helt vanlig dag på jobben	338	4	4,35	4
Snøhulemannen	281	5	4,89	4
Kurt Josef ... fjordheksa	609	5	5,44	3
Pelle politibil går i vannet	1 007	5	4,86	4
Strengt hemmelig	236	5	5,02	4
Olsenbanden jr - Mesterlyven	956	5	5,08	3
Tomme tønner	1 201	5	4,98	4
Pelle Politibil går i vannet	362	4	4,19	4

Kjelde: www.filmweb.no / NFI

<sup>37</sup> "Nordlys" (Tromsø), "Finnmarken" (Vadsø), "Finnmark Dagblad" (Hammerfest), "Fremover" (Narvik), "Lofotposten" (Svolvær), "Avisa Nordland" (Bodø), "Rana Blad" (Mo i Rana) og "Helgeland Arbeiderblad" (Mosjøen).

Ein skal vere svært varsam med slike friviljuge målingar. Feilkjelder i form av manglande representativitet ved låg deltaking og mogleg dobbeltvotering er openberre varsko mot å ta tala som reinspikka sanning. Det gir derfor lita meining å drøfte 2010-filmane langs ein akse for meir/mindre omtykte eller vellukka på grunnlag av publikums terningkast på filmweb.no.

Likevel kan ein òg sjå på resultatane av publikum sine terningkast i lys av kategoriane "entusiastar" og "storforbrukarar". Særleg er gruppa storforbrukarar<sup>38</sup> interessant fordi desse filmkonsumentane rår over ein filmkulturell kapital og er med å setje dagsorden, i det minste i deira eige miljø, men òg fordi dei gjerne er svært meinings- og ytringsglade og ofte nyttar sosiale media, i vidare krinsar.

To ting slår ein særleg ved å samanlikne vurderingane frå filmkritikarane og "publikumspanelet":

- Det er stor usemje mellom dei to gruppene om nokre filmar. For *Olsenbanden jr. - Mestertyvens skatt*, *Kurt Josef Wagle og legenden om fjordheksa*, *Limbo*, *Maskeblomstfamilien* og *Hjem til jul* er avstanden mellom dei to gruppene to heile terningauge ("5" mot "3"). Dette er likevel ikkje særleg overraskande. Tilhengarar av "seriøs" film, som *Limbo*, *Maskeblomstfamilien* og *Hjem til jul* er truleg mindre disponerte for å oppsøkje filmweb.no eller Facebook for å stemme på eller skrive kommentarar til filmane dei har sett. Likeeins kan ein vente at filmar i populærjangrar, som blir nedvurderte av kritikarane, vil ha taleføre tilhengargrupper som gjerne står fram og skriv for og stemmer på sine favorittar i opne fora.
- Publikum er vesentleg meir sjenerøse enn kritikarane med omsyn til filmane i 2010. Medan gjennomsnittsskåren frå kritikarane var 4,0, gav publikum i snitt 4,52 – eller, på ei hårsbreidd nær, terningkast "5", dersom ein følgjer vanlege opphøgingsreglar. Og medan kritikarane gav terningkast 5 til berre seks filmar, gav publikum like godt same skåre til heile 16 filmar.

Ein skal som sagt ikkje leggje for mykje i terningkast frå publikum. Men sidan vi ikkje har omdømeundersøkingar om norsk film, er det nærliggjande å tolke dei tala som kjem fram gjennom filmweb.no, som ei tillitserklæring frå publikum til den norske filmen i året som gjekk.

---

<sup>38</sup> For ei nærare drøfting av storforbrukarar av film, sjå n.n.: *A Study of Film Avids*. UK Film Council/Stimulating World Research, London 2007, og Løkstad, Bjørnar: *Mellom kultur og underholdning - En kvalitativ studie av storbrukere av film og kino*. NTNU, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Trondheim 2008 (Mastergradsoppgåve).

## 5.2 Sterke filmmiljø

### 5.2.1 Geografisk spreiring i premiefilmar

19 av dei 25 premiefilmene i 2010 er produserte av produksjonsselskap med heimkommune i Oslo eller Akershus. Tre produksjonsselskap har heimkommune på Austlandet (men ikkje i Oslo og Akershus), to på Vestlandet, ein på Sørlandet og to i Nord-Noreg. Dette utgjer den største spreiringa dei siste tre åra. Sjå tabell 5.2.1 a).

Geografisk spreiring er målt ved lokalisering av produksjonsselskapets heimkommune. Fylkesgrenser og Postens postnummersystem er brukt som mål. Oslo og Akershus er her slått saman til ein kategori.

Den geografiske spreiringa målt i innspjelingsstader viser ei større fordeling utanfor Oslo og Akershus enn selskapa sine heimekommunar. Sju filmar var spelte inn i Oslo og Akershus, seks på Austlandet, fire på Vestlandet, tre utanfor Noreg, ein på Sørlandet og ein i Nord-Noreg. Meir konkret er det òg stor spreiring i typar innspjelingsstadar, frå Gudbrandsdalen (*Fritt Vilt III*) og Hardangervidda (*Snøhulemannen*) til Trinidad (*Limbo*) og Gazastripa (*Gazas tårer*), i tillegg til spreiring frå langt sør i Noreg (*Yohan - Barnevandrer*) til langt nord (*Kurt Josef Wagle og fjordheksa*). Sjå tabell 5.2.1 b).

NFI planlegg å endre målinga av geografisk spreiring til ein metode der ein òg kan sjå fordelinga i forhold til dei regionale filmsentra. Dette vil tre i kraft i årsrapporten for 2011.

Tabell 5.2.1 a) Geografisk spreiring i premiefilmar basert på produksjonsselskapets heimkommune - 2008-2010

Landsdel	2008	2009	2010 <sup>39</sup>
Oslo og Akershus	19	17	19
Vestlandet	0	4	2
Austlandet	1	1	3
Sørlandet	1	0	1
Midt-Norge	1	0	0
Nord-Norge	0	1	2

Kjelde: NFI

Tabell 5.2.1 b) Geografisk spreiring i premiefilmar basert på innspjelingsstad (majoritet) - 2008-2010

Landsdel	2008	2009	2010
Oslo og Akershus	13	7	7
Vestlandet	4	5	4
Austlandet	2	7	6
Sørlandet	1	0	1
Midt-Norge	0	1	0
Nord-Norge	2	2	1
Utlandet	0	0	3
Annet	2 <sup>40</sup>	0	3 <sup>41</sup>

Kjelde: NFI

<sup>39</sup> To filmar er samproduksjonar mellom to (norske) produksjonsselskap og blir derfor talde med to heimekommunar.

<sup>40</sup> Inkluderer *Blod og ære* med svært mange ulike innspjelingsstadar, og *Kurt blir grusom*, som er ein animasjonsfilm.

<sup>41</sup> Inkluderer to animasjonsfilmar og *Strengt hemmelig*, innspelt i studio.



### 5.2.2 Geografisk spreing i søknadsmassen

I 2010 viser interaktive produksjonar seg å ha flest søknader om tilskott frå produksjonsselskap utanfor Oslo og Akershus, med sju søknader frå Vestlandet, 13 frå Austlandet og elleve frå Sørlandet. Deretter viser kinofilm seg òg å ha ein god del søknader frå produksjonsselskap utanfor Oslo og Akershus, med ti frå Vestlandet, 14 frå Austlandet og seks frå Sørlandet. Sjå figur 5.2.2 a) og tabell 5.2.2 b) - f).

Totalt er det flest søknader frå produksjonsselskap i Oslo og Akershus (450), deretter Vestlandet (74), Austlandet (45), Nord-Noreg (33), og sist Sørlandet (24) og Midt-Noreg (15). Det er grunn til å tru at denne fordelinga grovt sett speglar etableringsstrukturen blant produksjonsselskapa.


Den same fordelinga viser seg i tal på produksjonstilskott for kinofilm, dokumentarfilm og kortfilm. Produksjonsselskap med heimeadresse i Oslo og Akershus fekk i 2010 kr 150 349 500 i tilskott fordelt på 24 tildelingar til produksjon av kinofilm. Produksjonsselskap med adresse på Vestlandet fekk kr 1 300 000 (1 tildeling), Austlandet kr 1 400 000 (1 tildeling) og Nord-Noreg kr 400 000 (1 tildeling). Sjå tabell 5.5.2 a).

Produksjonstilskott til kortfilm fordelte seg med kr 15 061 800 (19 tildelingar) i Oslo og Akershus, kr 2 850 000 (4 tildelingar) på Vestlandet, kr 650 000 (1 tildeling) på Sørlandet, kr 900 000 (1 tildeling) i Midt-Noreg og kr 890 000 (2 tildelingar) i Nord-Noreg.

For dokumentarfilm var fordelinga meir spreidd med kr 10 987 000 (20 tildelingar) i Oslo og Akershus, kr 5 625 000 (12 tildelingar) på Vestlandet, kr 340 000 (1 tildeling) på Austlandet og kr 1 675 000 (4 tildelingar) i Nord-Noreg.

Alle produksjonstilskott i dei fem tilskottskategoriene samla viser ei spredning kor produksjonsselskap med adresse i Oslo og Akershus er tildelt kr 197 588 300 (76 tildelingar), Vestlandet kr 10 625 000 (20 tildelingar), Austlandet kr 4 140 000 (5 tildelingar), Sørlandet kr 650 000 (1 tildeling), Midt-Noreg kr 900 000 (1 tildeling) og Nord-Noreg kr 2 965 000 (7 tildelingar).

Figur 5.2.2 a) Geografisk spreing i søknadsmassen, basert på produksjonsselskapets heimkommune - 2010



Kjelde: NFI

Tabell 5.2.2 b) Tilskott - PRODUKSJON - fordelt på produksjonsselskapets heimkommune - 2010

	Kinofilm <sup>42</sup>		Kortfilm		Dokumentarfilm	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Oslo og Akershus	24	150 349 500	16	15 061 800	20	10 987 000
Vestlandet	1	1 300 000	4	2 850 000	12	5 625 000
Austlandet	1	1 400 000	0	0	1	340 000
Sørlandet	0	0	1	650 000	0	0
Midt-Noreg	0	0	1	900 000	0	0
Nord-Noreg	1	400 000	2	890 000	4	1 675 000

	Fjernsynsdrama		Interaktive prod.		Totalt <sup>43</sup>	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Oslo og Akershus	4	14 090 000	12	7 100 000	76	197 588 300
Vestlandet	0	0	3	850 000	20	10 625 000
Austlandet	0	0	3	2 400 000	5	4 140 000
Sørlandet	0	0	0	0	1	650 000
Midt-Noreg	0	0	0	0	1	900 000
Nord-Noreg	0	0	0	0	7	2 965 000

Kjelde: NFI

Tabell 5.2.2 c) Kinofilm: Tilskott og avslag fordelt på produksjonsselskapets heimkommune - 2009 og 2010

Kinofilm	Oslo og Akershus		Vestlandet		Austlandet		Sørlandet		Midt-Noreg		Nord-Noreg	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
2010	119	67	7	3	6	8	4	2	0	1	5	7
2009	106	74	15	5	7	6	0	5	1	0	7	7

T= tilskott, A= avslag. Kjelde: NFI

Tabell 5.2.2 d) Kortfilm: Tilskott og avslag fordelt på produksjonsselskapets heimkommune - 2009 og 2010

Kortfilm	Oslo og Akershus		Vestlandet		Austlandet		Sørlandet		Midt-Noreg		Nord-Noreg	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
2010	19	29	5	11	0	6	1	4	1	1	2	3
2009	34	38	4	11	3	5	0	4	1	1	0	10

T= tilskott, A= avslag. Kjelde: NFI

Tabell 5.2.2 e) Dokumentarfilm: Tilskott og avslag fordelt på produksjonsselskapets heimkommune - 2009 og 2010.

Dokumentar	Oslo og Akershus		Vestlandet		Austlandet		Sørlandet		Midt-Noreg		Nord-Noreg	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
2010	51	107	19	21	1	11	1	1	1	7	6	7
2009	52	148	11	50	4	20	1	6	1	3	5	11

T= tilskott, A= avslag. Kjelde: NFI

<sup>42</sup> Marknadsvurdert og konsulentvurdert kinofilm, samproduksjon og kinodokumentar

<sup>43</sup> Kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm, fjernsynsdrama og interaktive produksjonar samla

Tabell 5.2.2 f) Tv-drama: Tilskott og avslag fordelt på produksjonsselskapets heimkommune – 2009 og 2010.

Tv-drama	Oslo og Akershus		Vestlandet		Austlandet		Sørlandet		Midt-Noreg		Nord-Noreg	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
2010	13	7	1	0	0	0	0	0	1	1	1	2
2009	23	9	4	0	1	0	0	0	0	0	2	0

T= tilskott, A= avslag. Kjelde: NFI

Tabell 5.2.2 g) Interaktive prod.: Tilskott og avslag fordelt på produksjonsselskapets heimkommune – 2009 og 2010.

Interaktive	Oslo og Akershus		Vestlandet		Austlandet		Sørlandet		Midt-Noreg		Nord-Noreg	
	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A	T	A
2010	14	24	3	4	6	7	1	10	0	2	0	0
2009	7	29	3	9	8	8	0	6	0	5	0	0

T= tilskott, A= avslag. Kjelde: NFI

### 5.2.3 Samarbeid med dei regionale filmsentra

Samarbeidet med dei regionale filmtiltaka har vore konstruktivt i året som har gått. Dei prioriterte områda har vore samordning av statistikk og rapportering, kurs og kompetanseutvikling, og barn og unge. NFI gjorde våren 2010 ei større kartlegging av arbeidet i regionane, som i stor grad synleggjorde den store skilnaden mellom dei ulike tiltaka. Vi har også sett at aktiviteten på området kurs og kompetanse har vore lågare enn planlagt, slik at delar av kursmidla øyremerkte regionane i NFI vart ståande unytta.

Det har vore lagt vekt på fagsamarbeid og felles kursverksemd innan tildelingar, og det har blitt etablert ei statistikkgruppe for å samordne og kvalitetssikre rapporteringane frå dei regionale sentraa og NFI. I tillegg har vi gjennomført ei kartlegging av aktiviteten på område barn og unge og talentsatsing. NFI oppretta også ei hospiteringsordning for tilsette i sentra, der dei gjennom ei veke får ei innføring i dei ulike områda av verksemda i NFI, ein presentasjon av dei viktigaste samarbeidspartnarane, og møter elles nøkkelpersonell i bransjen. Styret i NFI inviterte også styret i FilmReg til eit fellesmøte under Bergen Internasjonale Filmfestival.

Norsk filminstitutt har hatt eit særskilt sterkt fokus på målsettinga også i 2010, og bidrog til finansiering av bransjerapporten "Ta alle talentene i bruk".

Prinsippet om moderat kvotering har vore gjennomført konsekvent i alle tildelingar over fond. Det har gjort at vi både innan dokumentarfilm og kortfilm har nådd målsettinga, det same har utviklingstilskott for konsulentvurdert spelefilm, med 42%. Konsulentvurderte produksjonstilskott har ein kvinnedel på 32 %. Dessverre ser vi at utviklinga på dei områda vi ikkje har verkemiddel, ikkje er positiv. På tilskott etter marknadsvurdering er det berre 15% kvinner, og berre 12% i søkjarmassen. Dersom vi også tar omsyn til filmar som ikkje har førehandstilskott frå NFI, er kvinnedelen svært låg. For fjorårets premierefilm var kvinnedelen 25%.

Målingane blir gjort med utgangspunkt i kjønnsfordelinga i dei tre sentrale funksjonane produsent, regissør og manuskriptforfattar.

For kinofilmene syner NFIs oversikt at kvinner har dei sentrale funksjonane i 25 prosent av filmene i 2010. For filmar med tilskott frå NFI er det 30 prosent kvinner i desse funksjonane. Det har vore ein jamn auke i kvinnerepresentasjonen dei siste tre åra. Sterkast er auken blant kvinnelege manuskriptforfattarar.

For konsulentvurdert kinofilm svingar kvinnedelen dei siste tre åra innan tilskott til utvikling rund 40 prosent, medan han for produksjonstilskott svingar kring 35 prosent.

For (minoritets) samproduksjonar har kvinnedelen i filmar som har fått produksjonstilskott falle til nær det halve dei siste tre åra, frå 47 til 24 prosent.

Marknadsvurdert kinofilm har den svakaste kvinnerepresentasjonen, og den dårlegaste utviklinga over tid: Frå 2006 til 2010 har kvinnedelen i sentrale funksjonar vorte meir enn halvert, frå 31 prosent til 15 prosent. Nivået på kvinnedelen i sentrale funksjonar er det lågaste for alle tilskottsordningane.

Sidan 2006 har kvinnedelen for tilskott til dokumentarfilm halde seg over 40 prosent. På dette punktet er dermed målet i filmmeldinga nådd.

For kortfilm gjeld òg at kvinnedelen i sentrale posisjonar i filmar som har fått tilskott ligg i området 40 prosent eller meir dei siste tre åra. På dette punktet må målet derfor også seiast å vere nådd.

NFI har også sett i verk fleire tiltak. Det har vore gjennomført 4 masterclasses med kvinnelege innleiarar, i tillegg til Liv Ullmann-seminaret. Vi har utvikla kurs i samarbeid med og etter innspel frå kvinnelege regissørar. Av VIP-stipenda er 50% gitt til kvinner, og innan filmrekrutteringsstipend heile 83% (fem av seks). Innan manuskriptutviklingsordninga er kvinnedelen heile 58%.

## 5.3 Historisk kjønnsfordeling


### 5.3.1 Kjønnsfordeling i premiefilmar 2007-2010

NFI fører oversikt over talet på kvinner i premiefilmanes nøkkelposisjonar. Til nøkkelposisjonane reknas regissør, manusforfattar og produsent. Oversiktene vert førde både for alle premiefilmar samla (inkluderar filmar som ikkje har mottatt forhandstilskot frå NFI og dei som har mottatt forhandstilskot), men inneheld og ein eigen oversikt over premiefilmar *med* forhandstilskot frå NFI. Dette er gjort for å kunne måle kva effekt NFI sitt tilskotssystem har for talet på kvinner i nøkkelposisjonar.

Når det gjeld prosentdelen kvinner samla for alle premiefilmar, har det vore ein auke frå 23 prosent i 2007 til 25 prosent 2010. Prosentdelen kvinner i premiefilmar med forhandsstøtte frå NFI har auka frå 23 prosent i 2007 til 30 prosent i 2010. Sjå figur 5.3.1 a).

Ser ein nøkkelposisjonane kvar for seg, viser nøkkelposisjonen manusforfattar den største auka i tal på kvinner, frå ni prosent i 2007 til 32 prosent i 2010. Kvinnedelen i nøkkelposisjonen regissør fall brått etter eit rekordnivå på 34 prosent i 2007, men har deretter auka frå ni prosent i 2008 til 24 prosent i 2010. Nøkkelposisjonen produsent har minka frå 25 prosent i 2007 til 20 prosent i 2010. Sjå tabell 5.3.1 a).

Figur 5.3.1 a) Prosentdel kvinner i nøkkelposisjonar summert (regissør, manusforfattar og produsent), i alle premiefilmar samla og premiefilmar med forhandstilskott frå NFI isolert



Kjelde: NFI

Tabell 5.3.1 a) Prosentdel kvinner i nøkkelposisjonar, alle premiefilmar - 2007 -2010

Regi				Manus				Produsent			
2007	2008	2009	2010	2007	2008	2009	2010	2007	2008	2009	2010
34 %	9 %	20 %	24 %	9 %	13 %	17 %	32 %	25 %	24 %	17 %	20 %

Kjelde: NFI

### 5.3.2 Kjønnfordeling i søknadsmassen 2005-2010

NFI har i 2010 gjennomgått søknadsmassen dei siste seks åra for kinofilm, dokumentarfilm og kortfilm, og ført ein historisk oversikt over tal på kvinner i nøkkelposisjonar frå 2005 til 2010, både for alle behandla søknader (søknadsmassen) og for tildelingar.

Endring i prosent<sup>44</sup> er her rekna frå prosentdelen kvinner og ikkje frå dei nominelle tala på kvinner. Der teksten omtalar ein endring i prosent, representerer det den relative auken. Der teksten omtalar ein endring i prosentpoeng, er det tale om den absolutte auken.

Tabell 5.3.2 a) er ein oppsummeringstabell med prosentdel kvinner i søknader og tilskot. Kolonnane merka *søkt (S)* inneheld prosentdel kvinner i det totale talet på søknader behandla. Kolonnane merka *tildelt (T)* inneheld prosentdel kvinner tildelt tilskot i det totale talet på tildelingar. Dei følgjande kapitla (5.3.2.1-3) gjennomgår dei ulike tilskotskategoriane i meir detalj.

Sjå elles "Vedlegg 3 - Kvinnedel (tal og prosent) i tilskot og søknader 2005-2010, kinofilm, kortfilm og dokumentarfilm" for grunnlagsdata.

Tabell 5.3.2 a) Oppsummeringstabell: Prosentdel kvinner i søknader og tilskott. S = søkt tilskott, T = tildelt tilskott

Tilskottskategori	2005		2006		2007		2008		2009		2010	
	S	T	S	T	S	T	S	T	S	T	S	T
Konsulentv. kinofilm <sup>45</sup> utvikling	22	20	28	30	32	29	29	27	31	44	35	42
Konsulentv. kinofilm <sup>46</sup> produksjon	25	24	14	25	23	20	22	33	32	36	15	32
Marknadsv. kinofilm produksjon	9	19	27	31	29	17	17	10	21	24	12	15
Samproduksjon kinofilm	23	29	18	0	23	22	39	47	33	30	24	21
Dokumentar <sup>47</sup> utvikling	42	49	34	42	32	53	49	56	42	41	44	40
Dokumentar <sup>1</sup> produksjon	28	30	31	46	36	40	46	48	41	43	43	45
Kortfilm <sup>48</sup> utvikling	33	19	29	19	28	17	39	42	38	44	30	33
Kortfilm <sup>2</sup> produksjon	35	43	29	25	37	34	32	39	35	48	31	42

Kjelde: NFI

<sup>44</sup> Når prosentandeler endrer seg fra en periode til en annen, kan denne prosentvise endringen uttrykkes på to ulike måter. Hvis en andel, for eksempel andelen EU-motstandere, øker fra 50 til 55 prosent, innebærer dette en økning på 10 prosent, eller en økning på 5 prosentpoeng. [...] Når vi omtaler økningen som 5 prosentpoeng, er dette den *absolutte* økningen, mens en økning på 10 prosent er den *relative* økningen (Kjelde: SSB / ssb.no).

<sup>45</sup> Inkluderer kinodokumentar (inkluderer ikkje pakkefinansieringsordninga)

<sup>46</sup> Inkluderer kinodokumentar (inkluderer ikkje pakkefinansieringsordninga)

<sup>47</sup> (som ikkje er kinofilm.) Inkluderer *Nye veier til dokumentarfilm* i årene 2008-2010 (inkluderer ikkje pakkefinansieringsordninga)

<sup>48</sup> Inkluderer *Nye veier til korte filmer* i åra 2008-2010

### 5.3.2.1 Kinofilm


#### Konsulentvurdert kinofilm: Utviklingstilskott og Signatur K i 2008

Figur 5.3.2.1 a) viser prosentdel kvinner som vart tildelt og som søkte tilskot til konsulentvurdert utvikling av kinofilm. Tala inkluderer dokumentarfilm for kino og Signatur K i 2008. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til utvikling av kinofilm har auka frå 22 prosent i 2005 til 35 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (22 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (35 %) utgjer dermed 59 prosents auke.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til utvikling av kinofilm har auka frå 20 prosent i 2005 til 42 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (20 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (42 %) utgjer dermed 110 prosents auke.

Figur 5.3.2.1 a) Prosentdel kvinner, tildelt og søkt tilskott, konsulentvurdert utvikling kinofilm, inkludert tilskott gjennom ordninga Signatur K i 2008



Kjelde: NFI

#### Konsulentvurdert kinofilm: Produksjonstilskott


Figur 5.3.2.1 b) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til konsulentvurdert produksjon av kinofilm. Tala inkluderer dokumentarfilm for kino. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til konsulentvurdert produksjon av kinofilm har hatt ein nedgong frå 25 prosent i 2005 til 15 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (25 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (15 %) utgjer dermed 40 prosents nedgong.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til konsulentvurdert produksjon av kinofilm har auka frå 24 prosent i 2005 til 32 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (24 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (32 %) utgjer dermed 33 prosents auke.

Prosentdelen kvinner som har søkt og mottatt tilskot til konsulentvurdert produksjon har ikkje vore stabilt slik tala for konsulentvurdert utvikling har vore (sjå figur 5.3.2.1 a)). I åra 2008 til 2010 har tilskotet til kvinner vore høgare enn talet på kvinner som har søkt.

Figur 5.3.2.1 b) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til konsulentvurdert produksjon kinofilm



Kjelde: NFI

### Samproduksjon med utlandet


Figur 5.3.2.1 c) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til konsulentvurdert produksjon av samprodusert kinofilm med norsk minoritetsprosent. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til samproduksjon av kinofilm har hatt ein auke frå 23 prosent i 2005 til 24 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (23 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (24 %) utgjer dermed fire prosents auke.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til samproduksjon av kinofilm har hatt ein nedgang frå 29 prosent i 2005 til 21 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (29 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (21 %) utgjer dermed 27,5 prosents nedgang.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot og som har motteke tilskot til samproduksjon av kinofilm har variert mykje frå år til år i perioden. Frå 2008 med rekordhøge 47 prosent kvinner i tildelingar har det vore ein jamn nedgang til 2010 med 21 prosent kvinner i tilskot. Talet på kvinner som har søkt tilskot har minka proporsjonalt med tildelingane.

Figur 5.3.2.1 c) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til samproduksjon med utlandet produksjon



Kjelde: NFI



### Marknadsvurdert kinofilm: Produksjonstilskott

Figur 5.3.2.1 d) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til marknadsvurdert produksjon av kinofilm. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.


Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til marknadsvurdert produksjon av kinofilm har auka frå ni prosent i 2005 til tolv prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (9 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (12 %) utgjer dermed 33 prosents auke.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til marknadsvurdert produksjon av kinofilm har hatt ein nedgong frå 19 prosent i 2005 til 15 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (19 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (15 %) utgjer dermed 21 prosents nedgong.

Både talet på kvinner som har søkt tilskot og som har motteke tilskot til marknadsvurdert produksjon har variert mykje frå år til år i perioden. Kurvane for søkt tilskot og tildelt tilskot er ujamne og ikkje proporsjonale.

Frå 2007 då kvinnedelen for søkt tilskot gjennom marknadsvurdering var rekordhøg, med 29 prosent, minka talet til 21 prosent i 2009 og til tolv prosent i 2010. Talet på kvinner som søker tilskot gjennom marknadsvurdering har altså minka markant dei siste fire åra. I 2009 og 2010 var derimot prosentdelen kvinner som fekk tildelt tilskot tre prosentpoeng høgare enn prosentdelen som søkte tilskot.

Figur 5.3.2.1 d) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til marknadsvurdert produksjon kinofilm



Kjelde: NFI

### 5.3.2.2 Dokumentarfilm

#### Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm): Utviklingstilskott


Figur 5.3.2.2 a) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til utvikling av dokumentarfilm som ikkje er kinofilm (enkeltstående og seriar); ordinga "nye veier til dokumentarfilm" er inkludert i åra 2008-2010. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til utvikling av dokumentarfilm har auka frå 42 prosent i 2005 til 44 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (42 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (44 %) utgjer dermed fem prosentsoauke.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til utvikling av dokumentarfilm har hatt ein nedgong frå 49 prosent i 2005 til 40 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (49 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (40 %) utgjer dermed 18 prosentsoauke.

Det har vore ein jamt høg kvinnedel i både søknader og tilskot til utvikling av dokumentarfilm i perioden 2005 til 2010.

Figur 5.3.2.2 a) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm) utvikling



Kjelde: NFI

#### Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm): Produksjonstilskott


Figur 5.3.2.2 b) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til produksjon av dokumentarfilm som ikkje er kinofilm (enkeltstående og seriar); ordinga "nye veier til dokumentarfilm" er inkludert i åra 2008-2010. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til produksjon av dokumentarfilm har auka frå 28 prosent i 2005 til 43 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (28 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (43 %) utgjer dermed 54 prosentsoauke.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til produksjon av dokumentarfilm har auka frå 30 prosent i 2005 til 45 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (30 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (45 %) utgjer dermed 50 prosentsoauke.

I likskap med søknader og tilskot til utvikling av dokumentarfilm (sjå figur 5.3.2.2 a)), har også kvinnedelen i både søknader og tilskot til produksjon av dokumentarfilm vore jamt høg.

Figur 5.3.2.2 b) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm) produksjon



Kjelde: NFI

### 5.3.2.3 Kortfilm


#### Kortfilm: Utviklingstilskott

Figur 5.3.2.3 a) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til utvikling av kortfilm; ordinga "nye veier til korte filmer" er inkludert i åra 2008-2010. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskott til utvikling av kortfilm har hatt ein nedgong frå 33 prosent i 2005 til 30 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (33 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (30 %) utgjer dermed ni prosents nedgong.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskott til utvikling av kortfilm har auka frå 19 prosent i 2005 til 30 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (19 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (30 %) utgjer dermed 58 prosents auke.

Figur 5.3.2.3 a) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til kortfilm utvikling



Kjelde: NFI


### Kortfilm: Produksjonstilskott

Figur 5.3.2.3 b) viser prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskot til produksjon av kortfilm; ordinga "nye veier til korte filmer" er inkludert i åra 2008-2010. Dei tre nøkkelposisjonane er summert til ein total kvinnedel.

Prosentdelen kvinner som har søkt tilskot til produksjon av kortfilm har hatt ein nedgong frå 35 prosent i 2005 til 31 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (35 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (31 %) utgjør dermed elleve prosents nedgong.

Prosentdelen kvinner som er tildelt tilskot til produksjon av kortfilm har hatt ein nedgong frå 43 prosent i 2005 til 42 prosent i 2010. Endringa frå prosentdelen kvinner i 2005 (43 %) til prosentdelen kvinner i 2010 (42 %) utgjør dermed 2 prosents nedgong.

Figur 5.3.2.3 b) Prosentdel kvinner tildelt og søkt tilskott til kortfilm produksjon



Kjelde: NFI

## 5.4 Kjønnfordeling 2010

### 5.4.1 Kjønnfordeling i produksjonstilskott kinofilm

Tabell 5.4.1 a) - d) viser det nominelle talet og prosenten kvinner som har søkt produksjonstilskott og som er tildelt produksjonstilskott i 2010.

Tabell 5.4.1 a) Kvinnedel i søknader og tilskott: produksjonstilskott kinofilm (fiksjon) konsulentvurdering - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	2	2	2	2	2	4	6	8
Prosent av total søkt/tildelt	14,3	22,2	14,3	22,2	14,3	44,4	14	30

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.1 b) Kvinnedel i søknader og tilskott: produksjonstilskott kinofilm (fiksjon) marknadsvurdering - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	2,5	0	2,5	1,5	4,33	0,8	9,33	2,3
Prosent av total søkt/tildelt	9,6	0	9,6	30	16,7	16	12	15

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.1 c) Kvinnedel i søknader og tilskott: produksjonstilskott dokumentarfilm for kino - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	2	2	1	1	0,5	0,5	3,5	3,5
Prosent av total søkt/tildelt	29	67	14	33	7	17	17	39

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.1 d) Kvinnedel i søknader og tilskott: produksjonstilskott samproduksjon (norsk minoritet) - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	0	0	4	2	9,16	3,66	13,16	5,66
Prosent av total søkt/tildelt	0	0	22	22	51	41	24	21

Kjelde: NFI

#### 5.4.2 Kjønnsfordeling i den resterande søknadsmassen

Tabell 5.4.2 a) til k) viser det nominelle talet og prosenten kvinner i den resterande søknadsmassen for 2010. Dette inkluderer ordninger for utvikling av ulike typer kinofilm, samt utløyst tilskot frå pakkefinansiering til både kinofilm fiksjon og dokumentarfilm, dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm), kortfilm, tv-drama og interaktive produksjonar.

For historisk oversikt over kvinnedel i kinofilm, dokumentarfilm og kortfilm, sjå punkt 5.3.2.

Tabell 5.4.2 a) Kinofilm: Konsulentvurdert utviklingstilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	23	11,5	29	12	32,5	17	84,5	40,5
Prosent av total søkt/tildelt	28	64	14	81	14	90	34	38

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 b) Kinofilm: Pakkefinansiering utløyst tilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	n/a	5	n/a	8,5	n/a	9,5	n/a	23
Prosent av total søkt/tildelt	n/a	42	n/a	71	n/a	79	n/a	64

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 c) Kinofilm: Utviklingstilskott til dokumentarfilm for kino - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	0	4	5	4	6	4	11	12
Prosent av total søkt/tildelt	0	67	63	67	75	67	46	67

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 d) Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm): Utviklingstilskott (inkl. Nye veier til dokumentar) - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	51	12	55	12	50	18,5	156	42,5
Prosent av total søkt/tildelt	43	34	47	34	42	53	44	40

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 e) Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm): Produksjonstilskott (inkl. Nye veier til dokumentar) - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	49,66	17,66	48,16	16,66	40	16	137,82	50,32
Prosent av total søkt/tildelt	46	48	45	45	37	43	43	45

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 f) Dokumentarfilm (som ikkje er kinofilm): Pakkefinansiering utløyst tilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	n/a	4	n/a	3	n/a	2,5	n/a	7
Prosent av total søkt/tildelt	n/a	57	n/a	43	n/a	36	n/a	45

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 g) Kortfilm: Utviklingstilskott (inkl. Nye veier til korte filmer) - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	5,5	1	6	1	7,5	2	19	4
Prosent av total søkt/tildelt	26	25	29	25	36	50	30	33

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 h) Kortfilm: Produksjonstilskott (inkl. Nye veier til korte filmer) - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	16,9	10,4	18,9	10,4	23	9,5	58,8	30,3
Prosent av total søkt/tildelt	27	43	30	43	37	40	31	42

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 i) Tv-drama: Utviklingstilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	n/a	n/a	4	4	5	5	9	9
Prosent av total søkt/tildelt	n/a	n/a	31	31	38	38	35	35

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 j) Tv-drama: Produksjonstilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	2	1	7,3	2,3	4	2	13,3	5,3
Prosent av total søkt/tildelt	18	25	52	58	29	50	32	44

Kjelde: NFI

Tabell 5.4.2 k) Interaktive produksjonar: Utviklingstilskott - 2010

	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Tal kvinner	12	4	n/a	n/a	7	4	19	8
Prosent av total søkt/tildelt	19	25	n/a	n/a	11	25	15	25

Kjelde: NFI



Norske kinofilmar har vore svært etterspurde ved festivalar rundt om i verda. Talet på norske filmar som har vore viste på festivalar, talet på festivalar med norsk deltaking og talet på land der festivalane blir halde, har vore nokså stabilt frå 2009 til 2010. Det er ein klår oppgang i talet på festivalvisingar, og ein nedgang i talet på prisar.

Når det gjeld dei prioriterte internasjonale festivalane for kinofilm, har det vore ein mindre nedgang frå 2009 til 2010 både i talet på filmar og på festivalprisar. Talet på filmar og prisar ved desse festivalane er likevel så lite at endringane neppe utgjør nokon tendens. Nærveret i form av marknadsvisingar i Cannes og Berlin har derimot gått vesentleg ned. Desse visningane er det produsent eller distributør sjølv som må kjøpe

Etterspurnaden er òg stor etter norske kort- og dokumentarfilmer på den internasjonale festivalmarknaden. Ved dei prioriterte festivalane har talet på filmar i konkurranse, så vel som talet på prisar til norske filmar, gått monaleg opp. Også for kortfilm har marknadsframsyningane vorte merkbar færrer.

## 5.5 Festivaldeltaking og prisar til norske filmar

Lanseringsavdelinga arbeider etter to eigne konkretiserte mål for å nå resultatmålet frå Veiviseren. Vidare følgjar dei to måla og arbeidet i forhold til dei i 2010:

### 1. Internasjonalisering og samproduksjon

"Lanseringsavdelinga skal prioritere internasjonalisering av norsk filmproduksjon, slik at norsk film i større grad når ut over landets grenser og markerer seg ved internasjonale festivalar. Vidare skal vi leggje særleg vekt på samproduksjon, i tråd med at Noreg no er ein del av Den europeiske konvensjonen om samproduksjon av film."

Lanseringsavdelinga har arrangert ei rekkje nettverksbyggjande tiltak for bransjen i året som gjekk, blant anna mottaking for norske og tyske produsentar og internasjonale kjøparar og festivalar i Berlin, samproduksjonsmiddag i Cannes og samproduksjonsmøte for norske og tyske produsentar.

Lanseringsavdelinga har vidare tildelt internasjonalt lanseringstilskott til norske minoritetssamproduksjonar for den norske produsentens deltaking ved Cannes International Film Festival og Venezia Film Festival, for filmene *Robert Mitchum is Dead* og *Essential Killing*. Lanseringsavdelinga har også tildelt nasjonalt lanseringstilskott til minoritetssamproduksjonar for lansering på kino i Noreg, for filmene *Rare Exports* og *Cornelis*.

### 2. Merksemd for produksjonane

"Lanseringsavdelinga skal leggje til rette for at produsentane får mest mulig merksemd rundt sine produksjonar i Noreg og i utlandet."

Lanseringsavdelinga har i 2010 gitt råd og rettleiing til norske produsentar knytt til festivallansering, lansering i Noreg, utlandssal og avtalar med salsagentar, kontakt med UD og ambassadane, i tillegg til lanseringstilskott og deltaking på festivalar og salsmarknader. Lanseringsavdelinga har òg drive sal og marknadsføring av kort- og dokumentarfilm på festivalar og marknader og lagt til rette for sal av spelefilm ved store internasjonale festivalar og marknader. Avdelinga har arrangert fleire filmveker for å synleggjere norsk film i samarbeid med institusjonar i utlandet, ambassadar og UD.

Avdelinga informerer internasjonale kjøparar, festivalar og journalistar om norske filmar gjennom pressemeldingar på engelsk og norsk. Avdelinga deltek på alle større festivalar med norsk film på programmet. I Cannes, Berlin og Toronto er NFI representert med ein eiga stand under Scandinavian Films- paraplyen. Det er produsert to katalogar over alle norske filmar, samt laga brosjyrar og flyare til alle dei store festivalane.

### 5.5.1 Norske kinofilmar fiksjon

#### Oppsummering av festivalåret for kinofilm fiksjon

68 norske kinofilmar har i løpet av 2010 vore viste 381 gongar, ved totalt 167 utanlandske filmfestivalar, fordelt på 153 internasjonale og 14 nordiske og norske festivalar/filmveker i totalt 50 ulike land. Dette er ein auke frå 2009, då 62 filmar vart viste 285 gongar ved 145 festivalar i 48 land. 36 prisar er vunne i 2010. Dette er ein nedgang frå 46 prisar i 2009, sjå tabell 5.5.1 a).

For liste over norsk festivaldeltaking for kinofilm fiksjon/spelefilm sjå "Vedlegg 5 - Festivaldeltaking spelefilm 2010".

Tabell 5.5.1 a) Tal på titlar, festivalar, deltaking, land og prisar for norske kinofilmar fiksjon i internasjonal festivalmarknad - 2009 og 2010

Tal på	2009	2010
Titlar	62	68
Festivalar	145	167
Deltaking/framsyningar	285	381
Land	48	50
Prisar	46	36

Kjelde: NFI

Året opna sterkt med *En ganske snill mann* i hovudkonkurransen og to norske barnefilmar i Generation-konkurransen ved Berlin International Film Festival.

*En ganske snill mann*, *Limbo* og *Hjem til jul* har delteke i hovudkonkurransen på A-festivalar, høvesvis Berlin International Film Festival, Montreal World Film Festival og San Sebastian International Film Festival. Dei har vunne prisar på alle festivalane, høvesvis Berliner Morgenposts publikumspris til *En ganske snill mann*, beste regi til *Limbo* i Montreal og Beste manus til *Hjem til jul* i San Sebastian.

I tillegg kan Noreg skryte av to verdspremierar ved Toronto International Film Festival, *Hjem til jul* og *Gazas tårer*, sistnemnde kinodokumentarfilm. Vidare var det sterkt fokus på

norsk film ved ein av verdas leiande Fantastic-festivalar, i Austin, med hemmeleg verdspremiere på *Trolljegerne*, internasjonal premiere på *Kommandør Treholt og Ninjatroppen* og USA-premiere på *En ganske snill mann*, i tillegg til 2008-filmen *Fatso*. *Kommandør Treholt og Ninjatroppen* og *En ganske snill mann* vant begge prisar.

Norske filmar har òg gjort det godt i nordiske konkurransar. Publikumspris til *Engelen* ved Gøteborg Film Festival, hovudpris ved Nordic Film Festival i Rouen til *Upperdog*, beste barnefilm frå barnejuryen til *Asfaltenglene* ved Nordiske filmdagar i Lübeck, Svenske Kyrkans ungdomspris ved Barne- og ungdomsfestivalen i Malmø og Årets beste barnefilm ved Buster Festival i København til *Vegas*, og sist, Beste spillefilm til *Yohan Barnevandrer* ved Stockholm barnefilmfestival.

Norske filmar er sterk ønskte ved mange festivalar. *En ganske snill mann* deltok på 37 festivalar, tett følgd av 2008-filmen *Mannen som elsket Yngve* som deltok på 20 festivalar. *Bestevenner* og *Knerten*, som begge fekk sine internasjonale premierar i Berlin i februar, vart viste ved høvesvis 22 og 18 festivalar. I tillegg vart *Julenatt i Blåfjell* vist ved 19 festivalar og *Pelle Politibil* ved 9 festivalar. Mellom dei andre titlane som framleis er populære ved filmfestivalar, finn vi *Max Manus* (vist ved 9 festivalar), *Nord* (15 festivalar), *Upperdog* (19 festivalar), *Engelen* (10 festivalar), *Vegas* (12 festivalar), *Jernanger* (15 festivalar) og *Lønsj* (5 festivalar).

*Hjem til jul*, *Kommandør Treholt og Ninjatroppen* og *Limbo* hadde ikkje internasjonal premiere før på hausten, men rakk likevel å delta på ni, seks og tre festivalar i 2010, som og resulterte i fleire prisar. Visningar av *Hjem til jul* kom i mange tilfeller i stand ved samarbeid med lokale distributørar, og med visningar av fleire av Bent Hamers andre filmar. *Limbo* deltok i hovudkonkurransen på alle dei tre festivalane i Montreal, Lübeck og Thessaloniki.

Dei resterande av dei 68 filmene som var ute på festivalar i løpet av 2010, har vore vist på ein til fire festivalar. Særleg barnefilmar og genrefilmar kan leve i mange år.

Så snart ein film er selt og distributøren har skaffa sin eigen kopi, er det distributøren som tek over planlegging av nasjonal festivalstrategi i forhold til lansering. Det er derfor ikkje mogleg for NFI å følge med på alle filmar og festivalar. Enkelte av filmene kan derfor ha vore ute på festivalar utan at NFI er informert, eller har fanga det opp.

#### Tiltak

Lanseringsavdelinga skal prioritere internasjonale festivalar etter gjennomslag og merksemd og gjere prioriteringane kjende.

Lanseringsavdelinga skal prioritere festivaldeltaking for norske kinofilm ut frå festivalens internasjonale betyding, og såkalla A-filmfestivalar har førsteprioritet. Festivalar med pengeprisar til produsent og regissør vert prioriterte.

Tabell 5.5.1 b) viser dei åtte internasjonale festivalane NFI spesielt ønskjer norsk deltaking for spelefilm/kinofilm fiksjon. Talet på filmar i konkurranse ved dei åtte festivalane sank frå ni i 2009, til seks i 2010. Talet på filmar vist på marknaden var høgt i 2009, heile elleve

filmar vart vist, i 2010 deltok ingen norske filmar med visningar på marknaden. I 2010 vann to filmar prisar mot tre prisar i 2009.

Kolonnen "Filmar" viser talet på norske filmar som har vore i konkurranse ved dei ulike festivalane. Kolonna "Marknad" viser talet på filmar som har vore vist på marknaden. Dette er visningar som blir kjøpt av distributør eller produsent. Kolonnen "Pris" viser kor mange prisar som vart vunne ved festivalen.

Tabell 5.5.1 b) NFIs liste over prioriterte internasjonale festivalar, tal på filmar, deltaking og prisar - 2009 og 2010

	Filmar		Marknad <sup>49</sup>		Prisar	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Sundance	1	0	n/a	n/a	0	0
Berlin	1	3	4	0	2	1
Cannes	0	0	7	0	0	0
Annecy	1	0	n/a	n/a	0	0
Karlovy Vary	2	0	n/a	n/a	0	0
Venezia	0	0	n/a	n/a	0	0
Toronto	3	2	n/a	n/a	0	0
San Sebastian	1	1	n/a	n/a	1	1
<b>Sum</b>	<b>9</b>	<b>6</b>	<b>11</b>	<b>0</b>	<b>3</b>	<b>2</b>

Kjelde: NFI

NFI ønskjer å auke fokus på norsk film gjennom å delta på utvalde større filmkulturelle mønstringar i året. Dette skjer som regel i samarbeid med utanriksstasjonane, og er i regi av etablerte institusjonar med ein infrastruktur og eit nettverk innan informasjon og programmering.

Dette arbeidet har vore koordinert med verksemda til redaktøren i NFI. Ei oversikt over slike filmkulturelle arrangement i 2010 finst i "Vedlegg 4 - Filmkulturelle tiltak 2010".

<sup>49</sup> Det finnes marknad berre ved Cannes og Berlin Internasjonale Filmfestival

Tabell 5.5.1 c) Langfilm: Norske prisvinnarar ved internasjonale filmfestivalar i 2010

Tittel	Regissør	Festival	Hvor	Pris
Asfaltenglene	Lars Berg	Nordiske filmdager I Lübeck	Tyskland	Beste film fra barnejuryen
Bestevenner	Christian Lo	Montreal International Children Film Festival	Canada	Spesialpris fra hovedjuryen
Bestevenner	Christian Lo	Montreal International Children Film Festival	Canada	Spesialpris fra barnejuryen
Bestevenner	Christian Lo	Cologne Childrens Film Festival	Tyskland	Barnejuryens førstepris
Bestevenner	Christian Lo	Castellinaria International Film Festival og Young People in Bellinzona	Sveits	Publikumsprisen Minicastellinaria
Et speil i en gåte	Jesper W. Nielsen	Young Audience Film Festival Ale Kino!	Polen	Hederlig omtale fra barnejuryen
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Berlin International Film Festival	Tyskland	Berliner Morgenposts Publikumspris
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Festroida	Portugal	Beste film
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Festroida	Portugal	Beste regi
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Festroida	Portugal	Beste manus
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Festroida	Portugal	Beste skuespiller til Stellan Skarsgård
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Haifa International Film Festival	Israel	The FEDEORA Prize
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Fantastic Fest	USA	Beste skuespiller, Stellan Skarsgård
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Chicago International Film Festival	USA	Juryens Spesialpris, "Silver Hugo"
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Thessaloniki International Festival	USA	Fischer Audience Award
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Noir in Festival	Italia	Best Actor, Stellan Skarsgård
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Les Arcs European Film Festival	Frankrike	Crystal Arrow (hovedprisen)
Engelen	Margreth Olin	Gøteborg Film Festival	Sverige	Publikumspris
Hjem til jul	Bent Hamer	San Sebastian International Film Festival	Spania	Beste manus
Jernanger	Pål Jackman	Funchal International Film Festival	Portugal	Beste skuespiller til Bjørn Sundquist
Julenatt i blåfjell	Katarina Launing/Roar Uthaug	Leeds Young People's Film Festival	England	Special Mention
Kommandør Treholt og ninjatroppen	Thomas Cappelen Malling	Fantastic Fest	USA	Beste regi (Next Wave Spotlight konkurransen)
Kommandør Treholt og ninjatroppen	Thomas Cappelen Malling	Fantastic Fest	USA	Beste mannlige skuespiller
Kurt blir grusom	Rasmus A. Sivertsen	China International Animation and Digital Arts Festival	Kina	Jury Special Award
Limbo	Maria Sødahl	Montreal World Film Festival	Canada	Beste regi
Max Manus	Joachim Rønning, Espen Sandberg	East & West International Film Festival	Russland	Beste film
Max Manus	Joachim Rønning, Espen Sandberg	East & West International Film Festival	Russland	Beste skuespiller, Axel Hennie
ORPS	Atle Knudsen	Leeds Young People's Film Festival	England	Young Jury Award
ORPS	Atle Knudsen	Chicago International Children's Film Festival	USA	Beste film fra voksenjuryen

Titanics ti liv	Grethe Bøe	Freeze Frame	Canada	Publikumspris
Upperdog	Sara Johnsen	Nordic Film Festival, Rouen	Frankrike	GrandPrix
Upperdog	Sara Johnsen	Baltic Debut	Russland	Best film
Vegas	Gunnar Vikene	Barne- og ungdomsfestivalen	Sverige	Svenska kyrkans ungdomsfilmpris
Vegas	Gunnar Vikene	Sarajevo International Film Festival, Teen Arena	Bosnia H.	TeenAward
Vegas	Gunnar Vikene	Buster	Danmark	Årets beste ungdomsfilm
Yohan Barnevandrer	Grete Salomonsen	Stockholm International Film Festival Junior	Sverige	Beste spillefilm

Tabell 5.5.1 d) Langfilm: Norske prisvinnarar ved norske filmfestivalar i 2010

Tittel	Regissør	Festival	Pris
Bestevenner	Christian Lo	Norske Kinosjefers Forbund	Sølvklum for Beste barnefilm 2009
Engelen	Margreth Olin	Kosmorama <sup>50</sup>	Kanonpris for Beste kvinnelige skuespiller, Maria Bonnevie
Engelen	Margreth Olin	Kosmorama	Kanonpris for Beste nyskaper, Margreth Olin
Engelen	Margreth Olin	Filmfestivalen i Haugesund	Beste kvinnelige birolle til Gunilla Röör
Engelen	Margreth Olin	Filmfestivalen i Haugesund	Folkets Amanda
En ganske snill mann	Hans Petter Moland	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste mannlige skuespiller til Stellan Skarsgård
En helt vanlig dag på jobben	Terje Rangnes	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste mannlige birolle til Ingar Helge Gimle
Jernanger	Pål Jackman	Kosmorama	Kononpris for Beste birolle, Pål Sverre Valheim Hagen
Julenatt i Blåfjell	Roar Uthaug, Kataraine Launing	Kosmorama	Kanonpris for Beste produksjonsdesign, Karl Juliusson
Knerten	Åsleik Engmark	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste barnefilm
Knerten	Åsleik Engmark	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste produksjonsdesign / scenografi
Knerten	Åsleik Engmark	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste visuelle effekter, Qvisten Animation
Nord	Rune Denstad Langlo	Kosmorama	Kanonpris for Beste mannlige skuespiller, Anders B. Christiansen
Nord	Rune Denstad Langlo	Kosmorama	Kanonpris for Beste produsenter, Sigve Endresen og Brede Hovland
Nord	Rune Denstad Langlo	Kosmorama	Kanonpris for Beste lyddesign, Bent Holm
Pelle Politibil går i vannet	Rasmus A. Sivertsen	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste lyddesign, Tormod Ringnes (Storyline Studios)
Rottenetter	Arild Østin Ommundsen	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste Musikk, Thomas Dybdahl
Upperdog	Sara Johnsen	Norske Kinosjefers Forbund	Sølvklum for Beste film 2009
Upperdog	Sara Johnsen	Kosmorama	Kanonpris for Beste regi
Upperdog	Sara Johnsen	Kosmorama	Kanonpris for Beste manus, Sara Johnsen
Upperdog	Sara Johnsen	Kosmorama	Kanonpris for Beste foto, John Andreas Andersen
Upperdog	Sara Johnsen	Kosmorama	Kanonpris for Beste klipp, Zaklina Stojcevska
Upperdog	Sara Johnsen	Norsk filmkritikerlags filmpris	Til Sara Johnsen
Upperdog	Sara Johnsen	Filmfestivalen i Haugesund <sup>51</sup>	Amanda: Beste norske kinofilm
Upperdog	Sara Johnsen	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste kvinnelige skuespiller til Agnieszka Grochowska
Upperdog	Sara Johnsen	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste foto til John Andreas Andersen
Upperdog	Sara Johnsen	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste klipp, Zaklina Stojcevska
Vegas	Gunnar Vikene	Filmfestivalen i Haugesund	Amanda: Beste filmmanus til Gunnar Vikene og Torun Lian

<sup>50</sup> Fullt namn: Kosmorama Internasjonale filmfestival

<sup>51</sup> Fullt namn: Den norske filmfestivalen i Haugesund

### 5.5.2 Norske kortfilmer

Det er stor interesse for og etterspurnad etter norsk kortfilm i den tradisjonelle festivalmarknaden. 2010 opna sterkt med tre filmer i konkurranse i Sundance, *Alle fugler*, *Skylappjenta* og *Slåsskampen*. Rett etter følgde filmfestivalen i Rotterdam der *Travelling Fields* deltok i konkurranse, kortfilmfestivalen i Clermont-Ferrand der *Sinna Mann* og *Ella* deltok i konkurranse, og deretter filmfestivalen i Berlin der *Sinna Mann* deltok i konkurranse i Generation Kplus-seksjonen.

Animasjonsfilmen *Sinna Mann* er årets mest populære kortfilm. Filmen vart vist på 94 større og mindre festivalar i 2010. Filmen har vunne 37 internasjonale prisar i 2010, fem av desse er Oscar-kvalifiserande prisar. Blant fiksjonsfilmene er det novellefilmen *Ella* og kortfilmen *Skylappjenta* som har delteke på flest festivalar saman med kunstfilmen *Travelling Fields*. Barnefilmer som *Elevkonsert*, *Guro Gursjan og Gursjan Gru*, *Isfiske* og *Min pappa av papp* har og vore populære. For oversikt over prisar til norske kortfilmer sjå tabell 5.5.2 b) og 5.5.2 c).

#### Tiltak

Lanseringsavdelinga skal prioritere internasjonale festivalar etter gjennomslag og merksemd, og gjere desse prioriteringar kjende.

Kortfilm blir rangert etter desse kriteria:

- Førstepris ved festivalen kvalifiserer for Oscar (for høvesvis kort fiksjonsfilm, kort animasjonsfilm og kort dokumentarfilm). Utgjer rundt 80 festivalar. Lista blir endra årleg.
- Festivalar som deler ut Prix UIP (nominasjon til European Film Award). Utgjer 15 festivalar.
- Festivalar som nominerer til Cartoon d`Or (den europeiske animasjonsprisen). Utgjer sju festivalar.
- Festivalen har ein velfungerande salsmarknad med påviste resultat
- Andre festivalar med spesielle faglege innretningar (natur, kunst, etnografi, kjønnsstatikk, human rights, barnefilmfestivalar i følge medlemslista til CIFEJm.m)

Tabell 5.5.2 a) viser dei ti internasjonale festivalane NFI spesielt ønskjer norsk deltaking for kortfilmer. Talet på filmer i konkurranse ved dei ti festivalane auka frå 20 i 2009, til 26 i 2010. Talet på filmer viste på marknaden sank frå seks i 2009 til tre i 2010. Talet på prisar vunne auka markant frå fire i 2009 til heile ti prisar i 2010.

Kolonnen "Filmar" viser talet på norske filmer som har vore i konkurranse ved dei ulike festivalane. Kolonnen "Marknad" viser talet på filmer som har vore viste på marknaden. Dette er visningar som blir kjøpt av distributør eller produsent. Kolonnen "Pris" viser kor mange prisar som vart vunne ved festivalen.

For liste over norsk festivaldeltaking for kortfilm, sjå "Vedlegg 5 - Festivaldeltaking kortfilm 2010".



Tabell 5.5.2 a) Internasjonale festivalar NFI spesielt ønskjer norsk filmdeltaking<sup>52</sup> - kortfilm

	Filmar		Marknad		Prisar	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Sundance	0	3	0	0	0	0
Rotterdam	0	1	0	0	0	0
Clermont-Ferrand	2	2	6	3	0	3
Berlin	1	1	0	0	2	0
Aspen	1	3	0	0	0	2
Cannes	0	0	0	0	0	0
Annecy	4	2	0	0	1	2
Palm Springs	1	6	0	0	0	2
Venezia	1	0	0	0	0	0
Chicago (kun barnefilm)	10	8	0	0	1	1
<b>Sum</b>	<b>20</b>	<b>26</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>10</b>

Kjelde: NFI

<sup>52</sup> Berre kortfilmar i konkurranseprogram, ikkje i sideprogram.

Tabell 5.5.2 b) Kortfilm: Norske prisvinnarar ved internasjonale festivalar 2010

Tittel	Regissør	Festival	Hvor	Pris <sup>53</sup>
Akvarium	Bård Røssevold	Palm Springs International Shortfest	USA	2 <sup>nd</sup> Place Live Action over 15 min.
Amor	Thomas Wangsmo	Little International Short Film Festival	Frankrike	Honorary Mention
Brukerstøtte	Andre Øverdal	Festival Mas Sorrer	Spania	Award for Best Performance to the actors Siri Helene Müller og Kai Kenneth Hanson
Brukerstøtte	Andre Øverdal	Festival Int. de Cine de Monterrey	Mexico	Special Mention of the Jury
Daddy`s girl	Helen Kominí Olsen	Science+Fiction Film Festival	Italia	Méliès d'Argent
Den ulykkelige kvinnen	Tomas Sem Løkke-Sørensen	Aspen Shortsfest	USA	Best Short Short*
Ella	Hanne Larsen	Clermont-Ferrand <sup>54</sup>	Frankrike	Jury's Special Prize
Ella	Hanne Larsen	Brest European Film Festival	Frankrike	Best Actor Award, Mona Andersson
Ella	Hanne Larsen	Encounters Int. Short Film Festival	UK	UK Film Council Audience Award
Isfiske	Atle S. Blakseth	Festival du Court Métrage pour Jeune Public	Frankrike	Best film for Children, age 5-8 years
Isfiske	Atle S. Blakseth	Int. Film Festival Cine-Jeune	Frankrike	Best Prize in the Short Animated films Cometition, School Jury
I skyggen av tid	Kardo Mansur	Tawar Short Film Festival	Kurdistan	Jury Award
I skyggen av tid	Kardo Mansur	Tawar Short Film Festival	Kurdistan	Best Male Actor
I skyggen av tid	Kardo Mansur	Tawar Short Film Festival	Kurdistan	Best Editing
Liten knute	Kjersti Steinsbø	Nordic Lights Film Festival	USA	Jury Choice Award
Lille Frø	Hanne Larsen	Atlantic Film Festival	Canada	Best Live Action Short Film
Min pappa av papp	Siri Rutlin	21 <sup>st</sup> Filmfest Emden-Norderney	Tyskland	2 <sup>nd</sup> Prize Ostfriesischer Kurzfilmpreis der VGH
Min pappa av papp	Siri Rutlin	Giffoni International Film Festival	Italia	Best short, Elements+10 section
Opptur	Ketil Høeg	Northern Character Int. Film & TV-Festival	Russland	Beste kortfilm
Samaritanen	Magnus Mork	Outfest LA	USA	Grand Jury Award for Outstanding Dramatic short film
Samaritanen	Magnus Mork	Cardiff`s Int. Gay and Lesbian Short Film Prize	UK	Iris Prize - Best Film
Samaritanen	Magnus Mork	2010 Seattle Lesbian & Gay Film Festival	USA	Jury Prize for Best Short Film
Scratch	Jakob Rørvik	Festival International du film d'Aubagne	Frankrike	Best Short Film
Sinna Mann	Anita Killi	Clermont-Ferrand	Frankrike	Best Animated Film
Sinna Mann	Anita Killi	Clermont-Ferrand	Frankrike	Audience Award

<sup>53</sup> Prisar markerte med \* viser at prisen kvalifiserer til Oscar-påmelding for beste kortfilm / beste korte animasjonsfilm

<sup>54</sup> Fullt namn: Clermont-Ferrand International Short Film Festival

Sinna Mann	Anita Killi	Aspen Shortsfest	USA	Best Animated Film*
Sinna Mann	Anita Killi	Human Rights Film Festival	Spania	Youth Jury Prize for best Short Film
Sinna Mann	Anita Killi	Stuttgart International Animation Film Festival	Tyskland	SDR Audience Award
Sinna Mann	Anita Killi	Planet Doc Review Film Festival	Polen	Warszawa Animation Winner 2010
Sinna Mann	Anita Killi	Mo & Friese Children & Youth Film Festival	Tyskland	Mo-Award
Sinna Mann	Anita Killi	Annecy International Animation Film Festival	Frankrike	Jury`s Special Prize*
Sinna Mann	Anita Killi	Annecy International Animation Film Festival	Frankrike	Audience Award
Sinna Mann	Anita Killi	Annecy International Animation Film Festival	Frankrike	UNICEF Prize
Sinna Mann	Anita Killi	Plein la Bobine International Children`s Film Festival	Frankrike	Young Jury Award
Sinna Mann	Anita Killi	Plein la Bobine International Children`s Film Festival	Frankrike	Professional Jury Award
Sinna Mann	Anita Killi	Palm Springs International Shortfest	USA	Best Animated Film*
Sinna Mann	Anita Killi	Cartoon d`Or	Europa	Nominasjon
Sinna Mann	Anita Killi	Expresion en Corto Film Festival	Mexico	Special Mention Short Animation
Sinna Mann	Anita Killi	Melbourne International Film Festival	Australia	Best Animation Short Film*
Sinna Mann	Anita Killi	Hiroshima International Animation Festival	Japan	Grad Prix*
Sinna Mann	Anita Killi	Odense Film Festival	Danmark	Best Animation
Sinna Mann	Anita Killi	Concorto Film Festival	Italia	Best Animation
Sinna Mann	Anita Killi	Fantoche International Animation Festival	Sveits	NAB-Publikumspreis
Sinna Mann	Anita Killi	ISAFF Open Cinema	Russland	Special Jury Prize
Sinna Mann	Anita Killi	ReAnimania Film Festival	Armenia	Best Music for Shortfilm Category
Sinna Mann	Anita Killi	ReAnimania Film Festival	Armenia	Jury Special Mention, Good Citizenship Award
Sinna Mann	Anita Killi	Mill Valley International Film Festival	USA	The BAFTA/LA Award for Best Shortfilm
Sinna Mann	Anita Killi	Animadrid	Spania	Segurdo Premio del Jurado
Sinna Mann	Anita Killi	Cine-Jeune	Frankrike	Prize of Short animated Film from the Second School Jury
Sinna Mann	Anita Killi	Ottawa inernational Animation Festival	Canada	Audience Prize
Sinna Mann	Anita Killi	Leipzig festival for Documentary and Animated Film	Tyskland	Honorary Mention
Sinna Mann	Anita Killi	Carroussel de Rimouski Youth FF	Canada	Mention - Camerio NFB Canada Award
Sinna Mann	Anita Killi	Cortoonia Animation Festival	Italia	Special Mention
Sinna Mann	Anita Killi	Expresión en Corto Int. Film Festival	Mexico	1 <sup>st</sup> place winner - Speak out against domestic violence
Sinna Mann	Anita Killi	Etudia & Anima Festival	Polen	Bronze Jabberwocky
Sinna Mann	Anita Killi	Big Cartoon Festival	Russland	Audience Award

Sinna Mann	Anita Killi	Tallin Black Nights Film Festival	Estland	Audience Award
Sinna Mann	Anita Killi	Tallin Black Nights Film Festival	Estland	Jury Special Mention
Sinna Mann	Anita Killi	Ale Kino Children & Youth Festival	Polen	The Poznan Goats for best Animated Children's Film
Sinna Mann	Anita Killi	VIII International Festival of Animation Arts Multivision	Russland	Best Story
Sirkus	Guro Bruusgaard	Nordisk Panorama	Norge	Honorary mention
Skylappjenta	Iram Haq	Aspen Shortsfest	USA	The Ellen Award
Skylappjenta	Iram Haq	Maui International Film Festival	Hawaii	World Cinema Award
Skylappjenta	Iram Haq	Salaam DK Film Festival	Danmark	Salaams Filmpris
Skylappjenta	Iram Haq	Interfilm Short Film Festival	Tyskland	Special Mention
Sáiva	Tuva Synnevåg	Nordisk Panorama	Norge <sup>55</sup>	Honorary mention
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LesGaiCineMad	Spania	Best Short Film
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	1st Place International Section
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Director
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Costume Design
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Actress
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Supporting Actor
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Supporting Actress
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Original Score
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Editing
Tiden imellom	Henrik M. Dahlsbakken	LA Movie Awards	USA	Best Special Effects
Travelling fields	Inger Lise Hansen	Ann Arbor Film Festival	USA	Peter Wilde Award for Most Technically Innovative Film
Travelling fields	Inger Lise Hansen	Internationale Kurzfilmtage Oberhausen	Tyskland	Special Mention, International competition
Travelling fields	Inger Lise Hansen	VideoEx 2010	Sveits	First Prize
Varde	Hanne Larsen	Chicago Int. Children's Film Festival	USA	2 <sup>nd</sup> Prize Live Action Shorts

<sup>55</sup> Internasjonal festival som blir arrangert kvart år i ein av desse byane: Bergen, Århus, Oulu, Malmö og Reykjavik.

Tabell 5.5.2 c) Kortfilm: Norske prisvinnarar ved norske filmfestivalar i 2010.

Tittel	Regissør	Festival	Pris
1987-1993	Marius Dybwand Brandrud	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Terje Vigen-prisen
Daddy's girl	Helen Komini Olsen	Minimalen kortfilmfestival	Beste fiksjonsfilm
Fireball	Jørgen W. Bull	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Hederlig omtale
Guri Gursjen & Gursjan Gru	Eirik Aure, Johanne Anda	Minimalen kortfilmfestival	Beste animasjonsfilm
Grep	Truls Krane Meby	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Hederlig omtale
Hand of God	Rune og Erik Eriksson	Bergen Animasjonsfilmfestival	1. pris
Jenny	Ingvild Søderlind	Bergen Int. Film Festival	Beste norske kortfilm
Julenissen	Mats Grorud, Robin Jensen	Fredrikstad Animation Festival	Publikumsprisen
Julenissen	Mats Grorud, Robin Jensen	Fredrikstad Animation Festival	Nominert ANOBA prisen
Nummer	Petter Askø Næss	n/a	Filmpolitiets kortfilmpris
Samaritanen	Magnus Mørk	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Dramatikerforbundets pris Timeglasset
Samaritanen	Magnus Mørk	Den norske filmfestivalen i Haugesund	Amanda for beste kortfilm
Sinna Mann	Anita Killi	Visuelt 2010	Gull i kategorien musikkvideo og kortfilm
Sirkus	Guro Bruusgaard	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Gullstolen
Sirkus	Guro Bruusgaard	Nordisk Panorama	Honorary Mention
Såiva	Tuva Synnevåg	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Norsk filmforbunds fagpris
Såiva	Tuva Synnevåg	Kortfilmfestivalen i Grimstad	Filmkritikerprisen
Såiva	Tuva Synnevåg	Nordisk Panorama	Honorary Mention

### 5.5.3 Norske dokumentarfilmer

Det norske dokumentarfilmåret opna sterkt med internasjonal premiere på *Russian Lessons* ved Sundance Film Festival. Filmen fekk etter det europeisk premiere ved International Film Festival Rotterdam nokre dagar seinare. Filmen har vore vist ved 32 internasjonale filmfestivalar i 2010.

I september hadde *Gazas tårer* premiere ved Toronto International Film Festival. Året vart avslutta med visning av både *Gazas tårer* og *Strengt hemmelig* ved den internasjonale dokumentarfestivalen i Amsterdam.

Sjå tabell 5.5.3 b) for oversikt over prisvinnarar ved internasjonale filmfestivalar 2010, og tabell 5.5.3 c) for oversikt over prisvinnarar ved norske filmfestivalar 2010.

For kortfilm og dokumentarfilm finst det ingen internasjonal rangering eller kategorisering slik det gjer for spelefilm/fiksjonsfilm.

#### Tiltak

Vi skal prioritere internasjonale festivalar etter gjennomslag og merksemd, og gjere prioriteringane kjende.

For dokumentarfilm sett Lanseringsavdelinga opp ei liste over festivalar bygd på vurderingar vi gjer saman med våre nordiske kollegaer. Lista blir revidert ein gong i året, normalt i desember etter dokumentarfilmfestivalen i Amsterdam. På dette området konsulterer vi også European Documentary Network (EDN), og dels amerikanske kjelder som for eksempel International Documentary Association (IDA).

Vi vurderar også om:

- Festivalen har ein velfungerande salsmarknad med påviste resultat
- Festivalen har ei spesiell fagleg innretning (natur, kunst, etnografi, kjønnsstatistikk, human rights)

Tabell 5.5.3 a) viser dei ni internasjonale festivalane der NFI spesielt ønskjer norsk deltaking for dokumentarfilmer. Talet på filmar i konkurranse ved dei ni festivalane auka frå seks i 2009 til sju i 2010. Talet på filmar vist på marknaden auka markant frå fem i 2009 til 15 i 2010. Ingen prisar vart vunne i 2009 eller 2010.

Kolonnen "Filmar" viser talet på norske filmar som har vore i konkurranse ved dei ulike festivalane. Kolonnen "Marknad" viser talet på filmar som har vore viste på marknaden. Dette er visningar som blir kjøpt av distributør eller produsent. Kolonnen "Pris" viser kor mange prisar som vart vunne ved festivalen.

For liste over norsk festivaldeltaking for dokumentarfilm sjå "Vedlegg 7 - Festivaldeltaking dokumentarfilm 2010".

Tabell 5.5.3 a) Internasjonale festivalar NFI spesielt ønskjer norsk filmdeltaking - dokumentarfilm

	Filmar		Marknad		Prisar	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Sundance	0	1	0	0	0	0
Rotterdam	0	1	0	0	0	0
Berlin	0	0	0	0	0	0
Toronto (Hot Docs)	3	1	3	1	0	0
Tribeca	1	0	0	0	0	0
Venezia	0	0	0	0	0	0
Toronta (TIFF)	0	1	0	1	0	0
Sheffield	1	1	1	1	0	0
Amsterdam	1	2	1	12	0	0
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>5</b>	<b>15</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Tabell 5.5.4 b) Dokumentarfilm: Norske prisvinnarar ved internasjonale filmfestivalar i 2010

Tittel	Regissør	Festival	Hvor	Pris
A Sense of a Maze	Dimitri Lurie	International Film Festival "Deboshirfilm XIII"	Rusland	Special Prize in the non-fiction section
Fabelaktige Fiff og Fam	Solveig Melkeraaen	Huesca International Short Film Festival	Spania	Best International Documentary
Fjord	Skule Eriksen	Eco-Etno Film Festival	Romania	Beste foto
Fjord	Skule Eriksen	Matsalu naturfilmfestival	Estland	Lääne fylkes filmpris
Fjord	Skule Eriksen	Matsalu naturfilmfestival	Estland	Honorary Mention
Fjord	Skule Eriksen	Green Vision Film Festival	Rusland	Prize for Artistic Merits
Gazas tårer	Vibeke Løkkeberg	2 <sup>nd</sup> Gaza Film Festival	Palestina	Gold Award
Snøhulemannen	Fridtjof Kjæreng	The Zakopane Mountain Film Festival	Polen	Award of the Major of City of Zakopane
Snøhulemannen	Fridtjof Kjæreng	The Zakopane Mountain Film Festival	Polen	Youth Jury Award
Snøhulemannen	Fridtjof Kjæreng	Fest Int. du Film Montagne d`Autrans	Frankrike	Prix du Film Vie des Hommes "Terre d`Aventure"
Å puste ut musikk	Trond Eliassen	Mexico International Film Festival	Mexico	Silver Palm 2010
Å puste ut musikk	Trond Eliassen	Park City Film Music Festival	USA	Silver Medal of Excellence 2010
Å puste ut musikk	Trond Eliassen	DocUtah International Film Festival	USA	Raven Statuette 2010
Å puste ut musikk	Trond Eliassen	Northern Character Film & TV-festival	Rusland	Hederlig omtale

Tabell 5.5.4 c) Dokumentarfilm: Norske prisvinnarar ved norske filmfestivalar i 2010

Tittel	Regissør	Festival	Pris
Brødre i krig	Øystein Rakkenes	Den norske filmfestivalen i Haugesund	Amanda for beste dokumentarfilm
Fabelaktige Fiff og Fam	Solveig Melkeraaen	Minimalen kortfilmfestival	Beste Film
Kontroll	Hanne Myren	Minimalen kortfilmfestival	Juryens spesialpris
Fjellfinnhua	Guro Saniola Bjerk	Den Norske Dokumentarfilmfestivalen	Beste norske dokumentarfilm
Guds datter	Silje E. Jacobsen, Christian W. Jensen	Den Norske Dokumentarfilmfestivalen	Beste norske studentfilm
Jeg vil takke livet	Roar Christiansen, Sverre Galgum	Kortfilmfestivalen I Grimstad	Hederlig omtale
Russian Lessons	Olgan Kanskaya, Andrei Nekrasov	Kortfilmfestivalen I Grimstad	Gullstolen
Uteliggernes sang	Mali Finborud Nøren	Den Norske Dokumentarfilmfestivalen	Publikumsprisen
Å puste ut musikk	Trond Eliassen	Tromsø International Film Festival	Tromsøpalmen



## 6. Delmål 4: Filmkultur for alle

Sikre den norske filmarven og gjere den tilgjengeleg på alle plattformer.

NFI har løyst oppdraget sitt med å formidle den norske filmarven på dvd og klikkefilm ved i 2010 å gi ut tre dvd-samlingar med sentrale filmar frå norsk filmhistorie. Til alle filmene har det vorte skriva omfattande dokumentasjonsmateriale, som del av produktet. Særskilte framsyningar, tiltak overfor presse m.m. har vore del av lanseringane.

Bruken av klikkefilm på Filmarkivet.no og Filmrommet.no har vore noko redusert i påvente av nye nettsider for NFI, men nye alliansepartnarar på distribusjonssida, saman med nye nettsider, er venta å auke bruken av tilbodet frå 2011.

Saman med Nasjonalbiblioteket var NFI vertskap for verdskongressen til den internasjonale organisasjonen for filmarkiv, FIAF. Arrangementet blir vurdert som særskilt vellukka.

### 6.1 Utgivingar historisk film på dvd

I 2010 vart det lansert tre dvd-utgivingar med sentrale filmar frå norsk filmhistorie.

Ei praktutgåve med Erik Løchen sine to spelefilm *Jakten* (1959) og *Motforestilling* (1972) og fem kortfilm som ekstramateriale, vart lansert i februar, samtidig med utstilling av bilete frå filmene. I samband med lanseringa viste Cinemateket ein serie med Løchen sine filmar, og fleire av dei medverkande var til stades. Utgivinga fekk god pressedekning i bl.a. Rushprint og Aftenposten. Erik Løchen blir rekna som ein vesentleg filmskapar i norsk historie og er den som blir tettast knytt til den nye bølga i fransk film på 60-tallet. Filmene er teksta til engelsk og fransk. Utgivinga har mellom anna ført til sal av distribusjonsrettar til Frankrike, inkludert norsk-utarbeidd artwork og teksting.

Roald Amundsens sydpolsferd (1910 - 1912) vart lansert under FIAFs arkivkonferanse i mai 2010 med eit stort release-arrangement om bord i båten Fram. Filmen, som står på Unescos verdsfilmarsliste, har vakt stor interesse. Utgivinga var eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Høgskolen i Lillehammer, og fekk òg støtte frå UD og Norsk Polarinstitutt. Dvd-en har bl.a. russiske mellomtekstar. Det følgjer med ei bok som set film og filmmateriale inn i den historiske konteksten. I bonusmaterialet finst eit utval av Amundsens handkolorerte bilete. *Roald Amundsens sydpolsferd (1910 - 1912)* har vorte ein av NFI sine mest selde dvd-utgivingar og har blant anna gjort at filmarkivet i Sveits har kontakta Nasjonalbiblioteket om funn av meir, tidlegare ukjend Amundsen-materiell.

Norsk filminstitut var produsent og utgivar av dvd-en *Bjørnson på film* med to stumfilm, *Synnøve Solbakken* (1919) og *Et farlig frieri* (1919), begge med nykomponert musikk, og *En glad gut* frå 1932. Dvd-en vart utgitt i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Svenska Filminstitutet, dei to stumfilmene er svenskproduserte og restaurert av SFI. Dvd-utgivinga var ein del av markeringa av Bjørnson-året 2010 og vart lansert med utevisning av *Synnøve Solbakken* på Akershus Festning i august og seinare som digitale visningar på DCP

i dei digitale cinemateka. Seinare på hausten arrangerte SFI og stumfilmkonsert med *Synnøve Solbakken* i Filmhuset i Stockholm.

## 6.2 Klikkefilm

NFI har ved utgangen av 2010 tilgjengeleg 793, i hovudsak norske, filmar som klikkefilm i Filmarkivet.no og i Filmrommet.no. Klikkefilmtenesta består av norske spelefilmar, kortfilm og dokumentarfilm, i tillegg til historiske utgivingar, og er eit tilbod til både privatpersonar, organisasjonar og utdanningsinstitusjonar. Klikkefilmtenesta blir drive av Norgesfilm, byggjer på royaltybaserte avtalar med dei som har rettane for streaming av filmar for påsyn. På grunn av omlegging av nettsidene til NFI har det i 2010 vore vanskelegare å profilere tilbodet på nett, og vi ser det som ein medverkande årsak til at tenesta ikkje er hyppigare brukt dette året. Med utbygging av digitale nettverk og stadig fleire abonnentar for digital tv er det truleg at eit gjennombrøt for klikkefilmtenester vil komme frå 2011. Mot slutten av 2010 vart også Filmrommet.no, ei abonnementsteneste spesielt retta mot bibliotek og skular, relansert med betre søkjemoglegheiter og tilrettelegging for bl.a. å lage eigne spelelister.

Hausten 2010 inngjekk Norgesfilm ein avtale med Biblioteksentralen AL om marknadsføring og sal av Filmrommet.no til alle landets bibliotek. Dette kan innebere eit større gjennombrøt for filmar som blir distribuerte av NFI til bibliotek. NFI bidreg gjennom programmering og konsulenttenester for biblioteka til å gjere tilgjengeleg norske filmar på desse arenaene. NFI er og rådgivar for bruk av tenesta i skular og bibliotek.

Påsyn av film i Filmarkivet.no gjekk noko ned i 2010 i forhold til 2009. Påsyn i abonnementstenesta Filmrommet.no auka frå 1 204 i 2009 til 8 515 i 2010, dvs ein mangedobling av påsynet. Sjå tabell 6.2 a), på neste side, for oversikt over dei ti mest sette filmane i Filmrommet i 2010.

I 2010 vart det lagd inn 97 nye filmar i tenesta, av desse var det 15 spelefilmar, 22 dokumentarfilmar og 60 kortfilmar. Ca. 20 prosent av filmane er barnefilmar.

Tabell 6.2 a) Dei ti mest sette filmane i Filmrommet i 2010

Tittel	Tal påsyn
Den danske dikteren	240
- og avisen dør med døgnnet	162
Fatty på nye eventyr	148
Asylsøkere	144
Aria	120
Er det sånn man får barn?	117
Blå himlen blues	110
Isfiske	97
Sex: en bruksanvisning for unge	91
A man of no importance	85

Kjelde: NFI

### 6.3 FIAF-kongressen Oslo 2010

I samarbeid med Nasjonalbiblioteket arrangerte NFI FIAF-kongressen 2010 i Oslo. FIAF er interesseorganisasjon og nettverk for alle internasjonale filmarkiv. Kvart år blir det arrangert ein vekeslang kongress med det formål at medlemmane kan møtast for å dele røyndom og utveksle informasjon. Kongressen blir avvikla i ulike land kvart år og byr på vitskapeleg, kulturelt, lovmessig og administrativt innhald. NFI vart tildelt ansvaret for kongressen 2010 i 2007. Då arkivet vart flytta frå NFI til NB året etter, overtok NB budsjettansvar, og institusjonane sto som felles avsendarar av kongressen. Over 300 filmarkivarar og cinematekmedarbeidarar frå heile verda deltok på årets FIAF-kongress. Dei første tre dagane vart det halde eit teknisk symposium, JTS, i Klingenberg kino, eit omfattande symposium der NFI sitt kinotekniske personale hadde ansvar for tilrettelegging og gjennomføring. Parallelt med kongressen arrangerte NFI sin årlege 70mm-festival (sjå 6.3) med eigne tilbod til kongressdeltakarane.

- 318 namn var registrerte på JTS og FIAF-kongressen
- 151 institusjonar var representerte
- 84 arkiv
- 78 land

Desse aktivitetane fann stad hos NFI eller var arrangement NFI hadde ansvar for:

- Styremøte i FIAF
- Joint Technical Symposium (3 dagar på Klingenberg kino, opning ved Nina Refseth)
- Second Century Forum og Generalforsamling
- Mottaking i Oslo Rådhus ved Fabian Stang, med overrekking av FIAF-prisen til Liv Ullmann for sitt engasjement for bevaring og preservering av filmkulturen.
- Workshops med ulike tema
- Regionale arkivmøte for Nord-Amerika, Latin-Amerika, Europa, Norden, Asia, Australia og Afrika gruppen.
- Seminar Access to Archives, om bruk av arkivfilm i dokumentarfilmproduksjon for kongressdeltakarane og norsk filmbransje.
- Filmvisning med førelesing/seminar knytta til norske filmar (*Gymnaslærer Pedersen*, Hans Petter Moland, *Troløsa*, Liv Ullmann, *Windjammer*, dokumentar om Christian Radich, *Roald Amundsens sydpolsferd 1910-1912*, dokumentar)
- 70mm festival med mellom anna visning av *Windjammer* og førelesning om restaureringa av filmen
- Utbreidd møteverksemd blant deltakarane
- Ekskursjon til Kon-Tiki og Fram med dvd-lansering av *Roald Amundsens sydpolsferd 1910-1912*, med lunsj i Fram.

Mottaking og velkomstsereoni gjekk føre seg på Nasjonalbiblioteket. Avslutningsseremoni og mottaking vart arrangert i Den norske opera og ballett. Samarbeidet mellom NFI og Nasjonalbiblioteket om planlegging og avvikling av kongressen var tett og godt. Styret i FIAF var svært nøgde med kongressen i Oslo og dei generelle tilbakemeldingane var gode.

NFI har gitt støtte til 33 "filmkulturelle tiltak" (post 78) med 2,7 millionar kroner i 2010. Tildelingane spenner frå talentverkstad til bokutgjeving, frå tilskott til filmprisar til lokale framsyningsprosjekt. Tilskottskriteria vart gjennomgått i 2010 med sikte på betre samordning med støtte frå regionale filmsenter og frå Film & Kino.

Cinemateket i Filmens Hus i Oslo har hatt eit stabilt besøk på opne publikumsframsyningar på om lag 38 000 gjennom året. I tillegg er det gjennomført arrangement i samarbeid med ei rekkje eksterne partnerar. Cinemateket er arena for sju "eksterne" festivalar og står sjølv for arrangementet av 70mm-festivalen og Eurodok (europeisk dokumentarfilm). I forhold til den omfattande verksemda må ein ha i minne at kinosalane var stengde for oppussing og montering av nye sete i tre veker på seinvinteren, og at publikumsareala har vorte pussa opp over ein halvårsperiode. Kinoen Lillebil er no fulldigitalisert, og eit nytt billettsystem er teke i bruk for å kunne selje billetter på Internett. Cinemateket er koordinator for cinematekverksemda i seks byar utanfor Oslo og organiserer m.a. innlån av kopiar, samansetting av filmseriar m.m.

Det digitale Cinemateket formidlar filmarven i eit nettverk mellom Cinemateket i Oslo og cinemateka i Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Tromsø og Lillehammer, og syner filmar ein gong i veka. 22 filmar vart importerte for digital cinematekframsyning i 2010. I tillegg kom sju norske filmar, digitaliserte i samarbeid med Nasjonalbiblioteket. Dei 29 filmane vart tilbode i 349 framsyningar.

Av dei eigne utgjevingane selde NFI i 2010 ca. 16 000 eksemplar, om lag 1 000 færre enn i 2009. Sal over Internett var noko vanskelegare på grunn av omlegginga av NFIs heimesider. Dette har i omlegginga ført til at kundane ikkje har kunne betale med kort for nettkjøp.

Filmmuseet har ei jamn tilstrøyming. I 2010 var det 8 300 besøk, fordelt på 6 300 enkeltbesøk og 2 000 grupper. Filmmuseet var stengd pga. oppussing i to månader på ettervinteren. Tolv temporære utstillingar har òg vorte organiserte av museet, dei fleste av dei via filmkunstnarar og viktige enkeltfilm.

[NRK har ikkje levert underlagsmateriale for framsyningar av norske filmar på NRK sine kanalar i 2010]

Omfanget av TV2 sin bruk av norske kinofilm på dei tre kanalane TV2 (hovudkanalen), TV2 Zebra og TV2 Filmkanalen er litt høgare i 2010 enn i 2009, med i alt 33 titlar. Sjøartala for desse filmane er derimot meir enn halvert, frå nær 5 millionar i 2009, til 2,3 millionar i 2010. Noko av dette kan skuldast at tilbodet av norske filmar i 2010 hadde eit sterkt innslag av reprisar av filmar som òg vart viste i 2009.

## 6.4 Filmkulturelle tiltak

NFI forvaltar 2,68 millionar kroner til filmkulturelle tiltak (post 78). For 2010 vart kriteria gjennomgått og betre tilpassa andre offentlege støtteordningar for filmtiltak, blant anna støtta til regionale filmsentra og nye ordningar frå Film & Kino.

79 søknader med eit totalt søknadsbeløp på 9,2 millionar kroner vart behandla. Av dei 79 søknadene mottok 33 prosjekt frå heile landet støtte i 2010. Det samla tilskottsbeløpet i 2010 er kr 2 685 339. Sjå tabell 6.4 a).

Tiltaka spenner frå kurs, verkstad og seminar til utstillingar, filmvisningar, kunstprosjekt, nettstadar, bøker, tidsskrifter og prisar.

Tabell 6.4 a) Tilskott etter Post 78 - Filmkulturelle formål (inkluderer tilskott overført frå 2009)

Mottakar	Formål	Tilskott	Søknadsrunde
Freedom from fear AS	Skrivekurs	50 000	1
IMK, Universitetet i Oslo	Seminar, visning	10 000	1
Oslo dokumentarkino	Visningar	125 000	1
Sherpa distribusjon	Visningar, arr.	30 000	1
Grønnskjerm	Visningar	50 000	1
Norske kveners forbund	Filmkveld	18 000	1
Imprintforlaget AS	Bok	50 000	1
KULT	Seminar, visningar	60 000	1
Montages	Nettstad	200 000	1
Flora kommune	Visningar, verkstader	20 000	1
Atelier Nord	Kunstprosjekt	15 000	1
Filmkontakt Nord	Nasjonal del	408 830	1
Cinamateket i Bergen	Klassikarar, innkjøp	200 000	1
Norsk animasjonsforum	Mobil kino, verkstad	50 000	1
Vestnorsk filmsenter	Pilotprosjekt, talentutvikling	75 000	1
Rushprint AS	Tidsskrift	450 000	1
Norsk form	Filmkveldar	5 500	1
Kortfilmfestivalen	Gullstolen, pris	50 000	1
Filmskaper	Arne Skouen pris	50 000	1
Liv Ullmanns ærespris (til Margret Olin)	Pris	34 000	2
Mediamente	Filmvisningar	10 000	2
Kennel Collective	Filmvisningar	5 000	2
Oslo Kommune, bydel Bjerke	Verkstader o.a.	25 000	2
Oslo Kommune, bydel Gamle Oslo	Verkstader o.a.	25 000	2
Atopia Stiftelse	Utstilling	50 000	2
Arthaus	Visningar, Nordisk Råds pris	75 000	2
Gyldendal norsk forlag	Bok	90 000	2
Kristiansund Kyrkje	Seminar, filmvisningar	15 000	2
Fratres Film	Filmvisningar	6 400	3
Eva Bakkeslett, Gentle Actions	Film i utstilling, tverrestetisk	50 000	3
FIFF BA, Femmina	Edith Carlmar pris	20 000	3
Østnorsk filmsenter (på vegne av fleire)	Nasjonalt talentverkstad	164 000	3
<b>Totalt</b>		<b>2 685 339</b>	

Kjelde: NFI

## 6.5 Cinemateka

Cinemateket har i 2010 gjennomført 1166 opne publikumsframvisningar, med eit totalt besøk på omkring 37 996. Av dette hadde eigenarrangerte framvisningar eit besøk på 31 996 og publikumsvisningar arrangert av andre ca. 6 000 besøkande. Tilsvarende tall for same periode i fjor var 32 724 og 6 680, totalt 38 764. Med omsyn til stenginga tre veker på vinteren, må dette seiast å vere svært godt.

### Regionale Cinematek

Det er i dag operative Cinematek i seks byar utanfor Oslo. Norsk filminstitutt/Cinemateket i Oslo samarbeidar tett med dei andre cinemateka, og organiserar og koordinerer ei rekkje programpakker og framvisningar i alle dei sju byane. NFI fungerer som garantist for dei andre cinemateka ved lån av filmkopiar frå andre FIAF-arkiv. To av cinemateka (Stavanger og Lillehammer) er reint digitale og har framvisningar på dei lokale kinoane, medan dei resterande fire kombinerer digital og analog drift på ulikt nivå (2 - 10 framvisningar i veka). Cinemateket i Oslo organiserte fleire større filmseriar for dei analoge cinemateka, og det vart i tillegg arrangert faste framvisningar gjennom det digitale nettverket.

### Gjestar i 2010

Cinemateket hadde fleire høgprofilerte internasjonale gjestar i 2010. Mest merksemd var det omkring besøket til den amerikanske kultregissøren David Lynch (18. oktober), men det var også stor interesse for møta med den franske regissøren Claire Denis i januar, og italienske Lina Wertmüller i mai. Andre gjestar på Cinemateket i 2010 inkluderer den tyske regissøren Andreas Dresen, Focus Features-sjef James Schamus, den norske kunstnaren Bjarne Melgaard, dei amerikanske produsentane Ted Hope og Christine Vachon, dokumentarfilmskaparane Mark Terry, Torfinnur Gudnason, Johan Bjerkner, Cedric Dupiré og mange fleire.

### Samarbeidsprosjekt

Cinemateket gjennomførte i 2010 ei rekkje samarbeidsprosjekt med eksterne institusjonar. Blant desse var Astrup Fearnley Museet (Bjarne Melgaard), Centre Culturel Francaise (Claire Denis), Goethe Institut (Andreas Dresen), Polarforskningskonferansen/Forskningsrådet (Polarfilm), Romanias ambassade (ny rumensk film), Kinas ambassade (Kinesisk kulturfestival), Det italienske kulturinstituttet/Den italienske ambassaden (Lina Wertmüller), Norsk Psykoanalytisk Forening (Film & psykoanalyse), NOTAM (lydseminar), Tyrkisk ungdomsforening (visning av nye tyrkiske filmar), Norsk Filmklubbforbund (Filmfagleg Seminar), Tromsø Internasjonale Filmfestival (ny russisk film) med meir.

### Seminar og foredrag

Cinemateket arrangerer fleire seminar og foredrag for studentar og det allmenne publikum. Foredragsserien "Cinematekets Filmakademi" er eit ope kurs i filmhistorie, og i tillegg vart det i 2010 avvikla fleire spesialiserte foredrag og seminar i samarbeid med eksterne aktørar. I april arrangerte vi seminaret "Den skandinaviske nybølgen" og i desember seminaret "Audiovisual aesthetics", begge i samarbeid med Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo. I april fokuserte vi på japansk film i ein foredragsserie ved den japanske filmprofessoren Yomota, i samarbeid med Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Universitetet i Oslo.

## Festivalar

Cinemateket samarbeidde i 2010 med følgjande festivalar: Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival, Skeive Filmer, Bollywood-festivalen, Kortfilmfestivalen, Oslo Comics Expo, Inferno-festivalen og Oslo Screen Festival. I tillegg arrangerte vi to festivalar sjølv:

### Den åttande 70mm-festivalen

Den åttande 70mm-festivalen gjekk av stabelen i perioden 30. april - 12. mai med eit besøk på 2 316 (tilsvarande tall for 2009 var 2 087). Programmet bestod av ei rekkje restaurerte filmar i nye kopiar frå dei amerikanske studioa Sony, Fox og Warner, samt frå det tyske Bundesarchiv-Filmarchiv. Mykje merksemd frå presse og publikum fekk den digitaliserte utgåva av klassikaren *Windjammer*, som vart presentert eksklusivt av restauratørane David Strohmaier og Randy Gitsch. Dette arrangementet vil bli dokumentert på den kommande dvd-utgåva av denne filmen. 70mm-festivalen er eineståande i sitt slag på verdsbasis og er anerkjent og vekkjer begeistring i det internasjonale fagmiljøet.

### Eurodok - den europeisk dokumentarfilmfestivalen

Cinematkets dokumentarfilmfestival er eit viktig vindauge for europeiske dokumentarar generelt, og ein vesentleg arena for synleggjering av norsk dokumentarfilm spesielt. Årets europeiske dokumentarfilmfestival hadde ein auke i besøk i forhold til fjoråret (2 525, mot 2 406 i fjor, på fem dagar). Under festivalen vart det avvikla fleire norske filmpremierar, og det vart totalt vist tretten norske dokumentarar under festivalen. Eurodok-prisen 2010 gjekk til den sveitsiske dokumentaren *Space Tourists*. Samarbeidspartnarar på Eurodok-festivalen 2010 var EU-kommisjonen, EUNIC, Goethe Institut, Centre Culturel Francaise, Nederlands ambassade, Austerrikes ambassade med fleire.

### Kinodrift

Gjennom utleigeverksemda gjennomfører NFI eit stort tal pressevisningar, testvisningar, bransjevisningar, førpremierar og liknande for produsentar, distributørar og andre aktørar i kino- og videobransjen. Vi avviklar også ei rekkje seminar, konferansar og tekniske presentasjonar for bransjen, i tillegg til publikumsvisningar arrangerte av andre, og lukka visningar for ulike institusjonar og foreiningar. Faste samarbeidspartnarar inkluderer Foreningen Norske Filmfotografer, Smuglesning, Norsk-tyrkisk ungdomsklubb, Cinema Bollywood, Produsentforeninga, Norske filmbyråers foreining og Film & Kino. Til tross for ein periode der kinodrifta måtte stenge på grunn av oppussing, har 2010 vore eit rekordår i høve til utleige. NFIs kino er leiande i Noreg på teknisk service og er attraktiv for alle deler av bransjen.

### Oppgradering av kinosalar

Kinosalane var stengde i perioden 15. februar - 7. mars for oppgradering og oppussing. Salane vart pussa opp innvendig, nye kinostolar vart installerte, og salen Lillebil vart bygd om og fulldigitalisert. Arbeidet vart gjennomført i tråd med anbod og planlagde fristar, og resultatet er svært tilfredsstillande.

### Oppussing av publikumsareal

Publikumsareala i Filmens Hus vart pussa opp i perioden februar - august 2010. Dei frigjorte lokala i 2. høgda vart pussa opp og gjort om, og fungerer no som kombinert foajé, vrimleareal, utstillingslokale og arena for ulike typar arrangement og tilstellingar. Lokala

vert òg brukte til ulike formål av leigetakarar, til premierefestar, utstillingar, festar og mottakingar og anna. NRK sitt program "Filmbonanza" vert spelt inn her. I 1. høgda vart det bygd ny kombinert resepsjonsskranke, billettskranke og butikdisk, og det vart montert skjermar, belysning, påsynsstasjon for filmrommet.no med meir.

Oppussing av huset blei feira med ei open veke for publikum. 6. – 12. september inviterte NFI til Filmens Hus – Opent Hus der alle tilbod var gratis. Veka vart gjennomført med det føremål å nå ut med våre faste aktivitet til eit nytt og bredt publikum. Veka vart opna med ei forhandsvisning av den norske filmen *Limbo*, og hadde totalt 2 700 vitjarar i dei to kinosalane.

Cinemateket skifta også billettsystem i 2010, mellom anna for å kunne starte med sal av billetter på Internett i løpet av våren 2011.

### 6.6 Det digitale Cinemateket

Det digitale Cinemateket er eit nettverksamarbeid mellom NFI ved Cinemateket i Oslo og dei seks regionale cinemateka i Bergen, Kristiansand, Lillehammer, Stavanger, Tromsø og Trondheim om digitale visningar av klassikarar og særskilt verdfull ny film. Verksemda starta hausten 2008 som del av eit forsøksprosjekt. Det har vore ordinær drift i 2010 med ein film i veka store delar av året, finansiert av Film & Kino si støtte til dei regionale cinemateka. Norsk filminstitutt har utført størstedelen av arbeidet med drifta.

Det er ein føresetnad at alle filmar som skal visast i Det digitale Cinemateket finst i høgkvalitets digitale kopiar i samsvar med DCI-standarden, som mellom anna krev 2k eller 4k biletoppløysing. Det er stadig lettare å skaffe klassisk film i digitalt kinoformat frå utlandet, og 22 filmar vart importerte i 2009. Dessutan vart det i samarbeid med Nasjonalbiblioteket laga digitale kinokopiar av sju norske filmar for visning på cinemateka. Dei 29 filmane på programmet vart viste på i alt 349 førestillingar, 14 av desse i filmklubbar og andre visningsstader utanom cinemateka.

HD-overføringar (streaming) av korte innleiingar til filmene frå ein av spelestadane til dei andre er gjennomførde med godt resultat frå Lillehammer og Oslo framfor visningar av fire av filmene. Det digitale Cinemateket er marknadsført ved eigne programhefte, nettsidene [www.cinematekene.no](http://www.cinematekene.no) og lokalt av spelestadene. Det er vedteke å lansere filmene i Det digitale Cinemateket under merkenamnet Torsdagsfilmen i 2011. Alle filmene visas første gongen samtidig på dei sju cinemateka, torsdagar kl 18.00.

Tabell 6.6 a) Framsyningar i Det digitale Cinemateket i 2009 og 2010

Type	2009	2010
Digitale filmar	31	29
Streaming av innleiingar	5	4
Visningar i alt	325	349
Av dette visningar utanom cinemateka	16	14
Tilskodarar	4 036	3 004

Kjelde: NFI



## 6.7 Sal av egne utgivingar

Filmbutikken i sin opphavlege form vart nedlagd 31. desember 2009, men det er eit utsal av norske filmar i resepsjonen i Filmens Hus. Det er ikkje lenger noko tilbod på internasjonale dvd-utgivingar, men i tillegg til egne utgivingar kan NFI tilby sentrale norske spelefilmur på dvd frå andre distributørar. Det er no ca. 480 titlar i distribusjon.

Den totale omsetninga av dvd-ar i Noreg har gått kraftig ned. Utgivingar frå NFI har vorte ekstra sterkt ramma av dette. Nedlegginga av Filmbutikken i sin tidlegare form og ombygginga av resepsjonsområdet førte i 2010 til ein markant nedgang i omsetninga. I tillegg førte arbeidet med NFI sine nettsider til at nettbutikken vart mindre synleg og at ein mista moglegheita til å betale med kort på nettet.

NFI selde i 2010 17 700 dvd-ar. Av desse utgjorde våre egne utgivingar 16 100, medan 1 575 var kjøpt inn frå andre distributørar, sjå tabell 6.5 a). Når tal på selde egne dvd-utgivingar likevel berre har gått ned med ca 1000 skyldast dette eit auka sal til forhandlarar og store bestillingar av blant anna *Roald Amundsen*.

Tabell 6.7 a) Sal av egne og innkjøpte dvd-ar - 2009 og 2010

Type	2009	2010
Sal egne utgivingar	17 116	16 100
Sal innkjøpte dvd-ar	14 692	1 575

Kjelde: NFI

## 6.8 Museet

Filmmuseet har opplevd stabile publikumstal i 2010. Det totale besøket er ca. 8 300, med 6 300 enkeltbesøk og ca. 2 000 gruppebesøk på guida omsyning. Filmmuseet var stengd i nærare to månader på grunn av oppussing av publikumsareal i februar og mars, og i ljøs av dette er besøket i 2010 eit godt resultat. Det er naturleg å tru at dei utvida opningstidene frå august er årsaka til det gode resultatet.

### Utstillingar

I tillegg til den faste utstillinga i Filmmuseet har det vore gjennomført tolv temporære utstillingar i publikumsområda. NFI jobbar aktivt med visuell kommunikasjon retta med heile målgruppa vår: bransje, publikum, barn og unge. Filmens Hus blir rekna som eit utstillingsvindaug for det som skjer på lansering av ny norsk film, markering av seriar i Cinemateket, feiring av store norske filmskaparar, aktivitetar for bransjen, barn og unge, og for formidling av filmkunnskap.

Første halvdel av 2010 vart i hovudsak via filmskaparen Erik Løchen. I foajeen i andre høgda kunne publikum oppleve bilete frå hans to filmar *Motforestilling* og *Jakten*. Utstillinga besto også av klipp frå filmene og intervju med filmskaparar som kjende og var inspirerte av Erik Løchen. Utstillinga vart opna i samband med at NFI ga ut Løchen sine filmar på dvd og klikkefilm (sjå punkt 6.2)

I april og mai var tre utstillingar tilgjengelege for publikum. Først ut var ei utstilling av digitalt framstilte arbeid knytte til seminaret *Digital Storytelling*, etter det ein presentasjon

av utvalde 70mm-filmar frå 50-, 60- og 70-tallet i samband med 70mm-festivalen og den internasjonale FIAF-kongressen (sjå punkt 6.3/6.1). Mai vart avslutta med *The Cinema Photos*, ei fotoutstilling som synte sju framtrekande italienske fotografar sine møte med verdas mest kjende skodespelarar.

I juni og juli vart ei utstilling om Liv Ullmann presentert. Anledninga var arrangementet *Liv Ullmann symposium* som fann stad på Filmens Hus. Juni var også tid for framsyning av eksamensfilmene frå Filmskolen. Eksamensfilmene vart viste for presse og publikum, og skulens scenografilinje stilte ut arbeida sine i 2. høgda.

I august arrangerte Norsk filminstitutt *Filmhøsten 2010*, der haustens norske kinofilmar vart presenterte for pressa. Dette arrangementet var utgangspunktet for ei utstilling på haustens filmar, med nye norske filmplakatar, fotografi og stillbileteutsnitt frå filmene.

I september opna ei ny utstilling i Barnas filmrom i 2. høgda. Her blir det siste årets norske barnefilmar presenterte, gjennom fotografi, kostymer, rekvisittar og visning av filmklipp og trailerar. Stua til Lillebror og Knerten er framleis å finne i Barnas filmrom, og i tillegg kan barna prøve seg på eit kjempestort puslespel med Pelle Politibil, fargeleggje Knerten, spele spel eller bla i biletbøker.

September vart også via ei utstilling med den franske kunstnaren Chris von Steiner og hans digitale maleri, eit samarbeid med filmfestivalen Skeive filmer. Utstillinga vart avløyst i oktober av ei ny utstilling med bilete og filmklipp frå Mário Breves Peixotos berømde stumfilm *Limité* (1931), i samarbeid med Film Fra Sør og World Cinema Foundation.

I november vart det presentert ei utstilling om livsfasar og livets slutt, ei vandreutstilling i samarbeid med Interkulturelt museum. Utstillinga vart presentert i tilknytning til seminaret *Den andres ansikt - dialog om religion og livssyn på film*. Utstillinga vart avløyst av ei plakatutstilling over haustens og vinterens filmar.

November og desember vart også via Agnete Bruns fantastiske stillbilete frå Marius Holsts nye film, *Kongen av Bastøy*, i samarbeid med filmens produsent Spillefilmkompaniet 4½.

Filmmuseet har vidare bidrege til utstillingar og presentasjonar om norsk film i utlandet. I september vart 20 portrett, fotograferte av Morten Krogvold, utstilde i Warszawa. Portretta syner framtrekande norske filmfolk og er eit utval henta frå Norsk filminstitutt si kunstnarleg utsmykking. Utstillinga vart arrangert i samarbeid med Noregs ambassade i Warszawa. I november var det 60 år sidan Thor Heyerdahl mottok Oscar for filmen om Kon-Tiki-ferden. Dette vart markert på Scanorama filmfestival i Vilnius, der biletmateriale frå Norsk filminstitutt vart presentert.

## 6.9 Norske spelefilmar viste på fjernsyn i Noreg

I skrivande stund (10. februar 2011) har ikkje NRK levert oppgåver over dei norske kinofilmane som vart sende på kringkastaren sine kanalar i 2010. Det er derfor ikkje mogleg å gi eit samandrag av eller ei samla framstilling og analyse av fjernsynstilbodet av norsk spelefilm i 2010.

### 6.9.1 Norske spelefilmar på Norsk rikskringkasting 2009

I skrivande stund (medio februar) har NRK si analyseavdeling enno ikkje levert underlagsmateriale for rapporten. NRK har lova å levere speleliste og sjåartal så snart det er mogleg for dei.

### 6.9.2 Norske spelefilmar på TV 2

TV2 sitt kanaltilbod femner om hovudkanalen, samt TV2 Zebra og TV2 Filmkanalen. Norske kinofilmar samla snautt 2,3 millionar sjåarar på desse tre kanalane i 2010, ein merkbar nedgang frå 2009, då nær fem millionar sjåarar såg norske spelefilmar på TV2 og TV2 Zebra. Forbruket deira av norske kinofilmar har derimot gått noko fram, frå 27 titlar fordelte på dei tre kanalane i 2009, til 33 i 2010. Blant desse 33 titlane var likevel tolv filmar som også hadde vorte viste i 2009, og som TV2 derfor truleg framleis hadde framsyningsrett/repriserett til i 2010.

Tabell 6.9.2 a) Norske kinofilmar på TV2 - 2009-2010.  
Sjåartal univers 12+, inkl. reprisar i same/andre TV2-kanalar

År	2009		2010	
	Filmtitlar	Sjåarar	Filmtitlar	Sjåarar
TV2 (hovudkanalen)	20	4 656 000	13	903 000
TV2 Zebra	6	302 000	16	794 000
TV2 Filmkanalen	1	-	4	541 000
Samla TV2	27	4 958 000	33	2 294 000

Kjelde: NFI / TV2

### Kanalprofilar

Nyare kinofilmar og klassiske folkekomediar dominerer programmeringa av norske filmar på TV2 sin hovudkanal. Nær halvparten, seks av dei i alt 13 filmane som vart viste der, er utprega barnefilmar, to er klassiske og velprøvde Lambertseter-komediar, og fire er nokså "ufarleg" underhaldningsfilm for vaksne av nyare dato. Berre *Uno* (Axel Henie, 2004) kan med nokon rett seiast å vere ein film med profil og ambisjonar ut over å underhalde.

Tabell 6.9.2 b) Norske kinofilmar på TV2 hovudkanalen 2010

Filmtittel	Produksjonsår	Framsyningsdato	Sjåartal
5 løgner	2007	10.09.2010	76 000
Flåklypa Grand Prix	1975	23.12.2010	318 000
Kalde føtter	2006	31.07.2010	137 000

Kaptein Sabeltann	2003	30.12.2010	17 000
Mars og Venus	2007	08.10.2010	40 000
Mirakel	2006	26.02.2010	4 000
Olsenbanden jr. på Circus	2006	31.12.2010	72 000
Støv på hjernen	1959	02.04.2010	60 000
Svein og Rotta mellom himmel og jord	2007	25.12.2010	69 000
Sønner av Norge kjøper bil	1962	31.07.2010	38 000
Trigger	2006	13.11.2010	16 000
UNO	2004	29.05.2010	44 000
Venner for livet	2005	25.12.2010	68 000

Kjelde: NFI / TV2

Fem av filmene vart viste i jule- og nyttårshelga. TV2 har teke over tradisjonen frå NRK med å vise *Flåklypa Grand Prix* til jul. Dei andre "julefilmene" på hovudkanalen var også, typisk nok, barnefilmene.

Dei resterande åtte filmene fordeler seg med tre viste i vårhalvåret, to på sommaren (både av uforklarlege årsaker, viste 31. juli), og tre på hausten.

Venteleg nok var det *Flåklypa Grand Prix* som fekk det utan samanlikning høgaste sjåartalet, med over tre hundre tusen. Berre *Kalde føtter* kunne vise til sjåartal over hundre tusen. Dette skil seg monaleg ut frå resultatene i 2009, då 17 av 20 norske titlar hadde sjåartal på over hundre tusen, tre av dei jamvel på over ein halv million.

Tabell 6.9.2 c) Norske kinofilmar på TV2 Zebra 2010.

Filmtittel	Produksjonsår	Framsyningsdato	Sjåarar
Fomlesen i kattepine	2000	27.02.2010	3 000
Fritt vilt*	2006	31.10.2010	65 000
Lange flate ballær	2006	17.05.2010	76 000
Lange flate ballær 2	2008	24.05.2010	103 000
Olsenbanden og Dynamitt-Harry på sporet	1977	20.12.2010	52 000
Olsenbanden og Data-Harry sprenger Verdensbanken	1978	27.12.2010	75 000
Olsenbanden for full musikk	1976	13.12.2010	45 000
Olsenbanden møter Kongen og Knekten	1974	29.11.2010	39 000
Olsenbanden og Dynamitt-Harry går amok	1973	22.11.2010	41 000
Olsenbanden og Dynamitt-Harry	1970	08.11.2010	52 000
Olsen-Banden [= Operasjon Egon]	1969	01.11.2010	64 000
Olsenbanden tar gull	1972	15.11.2010	40 000
Olsenbandens siste bedrifter	1975	06.12.2010	39 000
Rovdyr*	2008	01.01.2010	59 000
Sønner	2006	17.09.2010	10 000
Uro	2006	31.01.2010	31 000

\*Repriseframvisning(ar) på TV2 Filmkanalen. Kjelde: NFI / TV2

Ni av dei i alt 16 filmene på TV2 Zebra var frå den gamle komedieserien "Olsenbanden" frå 1970-talet. Elles er tilbodet av norsk kinofilm på TV2 Zebra prega av nyare komediar (dei to *Lange flate ballær*-filmene), spennings- og skrekkfilm (*Fritt vilt*, *Rovdyr* og *Urd*), samt ein barnekomedie og eit drama med overgrepstematikk.

Olsenbande-filmene vart sette opp i blokker à to eller tre filmar med ei veker mellomrom i november og desember. Den same programmeringsteknikken vart nytta på dei to *Lange flate ballær*-filmene i mai (ein vart forresten vist på sjølve 17. mai). Dei resterande fem filmene fordeler seg nokså ujamt ut over året.

Berre ein film (*Lange flate ballær 2*) samla meir enn hundre tusen sjåarar. Elles er sjåartala svært samanliknbare med kva dei seks filmene som vart viste på same kanal i 2009 kunne skilte med.

Tabell 6.9.2 d) Norske kinofilmar på TV2 Filmkanalen 2010

Filmtittel	Produksjonsår	Framsynsdato	Sjåarar
Fritt vilt (Reprise)	2006	07.03.2010	46 000
		20.03.2010	32 000
Kill Buljo	2007	02.06.2010	74 000
		17.06.2010	56 000
		20.06.2010	76 000
		26.06.2010	34 000
		02.07.2010	44 000
Rovdyr (Reprise)	2008	25.07.2010	92 000
		01.01.2010	44 000
Ulykken	2009	14.03.2010	35 000
		16.03.2010	28 000
		06.05.2010	15 000
		18.05.2010	11 000
		22.08.2010	13 000
		03.11.2010	12 000
		08.11.2010	7 000

Kjelde: NFI / TV2

TV2 nyttar Filmkanalen dels som reprisekanal for filmar som tidlegare er viste på TV2 Zebra, og dels til fjernsynspremierar for nyare filmar. Såleis hadde to av filmene som vart presenterte i 2010 ikkje vore viste på fjernsyn før (*Kill Buljo* og *Ulykken*), medan dei to andre (*Fritt vilt* og *Rovdyr*) var reprisar frå TV2 Zebra. Sjangermessig fell dei norske filmene som vart viste på TV2 Filmkanalen i 2010 i ei brei gruppe som kan dekkjast av omgrepet "spenning".

Det mest interessante med dei to fjernsynspremierene er at dei båe fekk svært mykje høgare sjåartal enn dei nådde kinobesøk. *Kill Buljo* vart sett av i alt 376.000 sjåarar gjennom seks framsyningar på TV2 Filmkanalen. Snittet for sjåartalet blir dermed 63.000, medan filmen oppnådde om lag 87.000 besøk på kino. For folka bak *Ulykken*, som hadde

ein svært skuffande kinokarriere med under tusen besøk, må fjernsynstala vere sær oppmuntrande: 121.000 sjåarar til saman, og 17.000 sjåarar i snitt på sju framsyningar.

For reprisane syner tala at dei to oppattframsyningane av *Fritt vilt* samla fleire sjåarar enn den opphavlege framsyninga på TV2 Zebra, medan den eine reprisen på *Rovdyr* låg ca 20 prosent lågare enn førsteframsyninga på TV2 Zebra.

### 6.9.3 Filmar på andre norske fjernsynskanalar

Det har ikkje vore mogleg å få oppgåver over norske filmar viste på TV-Norge og TV3, dei to *free-to-air*-kanalane som siktar seg inn mot den norske marknaden og som har 23 prosent av TV-marknaden i Noreg<sup>56</sup>. NFI arbeider med å finne ein metode for å skaffe seg oversikt over sjåartal for norske kinofilmar også på desse kanalane, men har enno ikkje nådd til målet. Oppgåver som NFI så langt rår over, tyder likevel på at omfanget av framsyning av norske kinofilmar på TV-Norge og TV3 er svært avgrensa.

Heller ikkje dei betal-TV-kanalane som leverer tenester til norske sjåarar, er viljuge til å gi opplysingar om programmering og sjåartal.

---

<sup>56</sup> TV-Norge 9,5 prosent, TV3 13,5 prosent av sjåarane (Aftenposten 31. januar 2011; kulturseksjonen s. 7).

Ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og filmskapar, både i skole og fritid.

Lillebil filmklubb har vore NFIs tilbod til barn i Oslo-området. I 2010 dobla salet av billetter seg, til 1 750 på 58 framvisningar. Framvisningane har ofte vore kombinerte med andre tiltak for barn. Lillebil filmklubb vil skifte namn frå og med 2011.

Gjennom den kulturelle skulesekken har NFI gjennomført 52 arrangement, med om lag 1 300 elevar i barneskulen. 55 filmframvisningar for barnehagar, med 900 besøk, og åtte framvisningar for vidaregåande skule, med 680 elevar, supplerer tilbodet.

NFI er nært knytt til Amandusfestivalen og inviterte i 2010, i samarbeid med festivalen og dei regionale filmsentra, 15 ungdommar i alderen 15 – 23 år til "ungdomslandslaget i film". I tre team laga dei kvar sin film, etter ferdigskrivne manus av kjende forfattarar, og med rettleiing frå erfarne filmfolk. I tillegg samla eit seminar om vegen vidare for dei yngste talenta mange deltakarar.

Det nordiske samarbeidet om nettstaden dVoted for unge filmskaparar vart lagd ned ved utgangen av 2010. NFI har engasjert seg i eit nasjonalt tilbod til erstatning. I samarbeid med dei regionale filmsentra vil den nye tenesta by på eit sosialt fellesskap for gjensidig utveksling av erfaring, samtidig som ho blir ein plattform for å informere om aktuelle tilbod i regi av filmsentraa.

NFI følgjer kontinuerleg opp arbeidet med Handlingsplan for filmsatsinga på barn og unge, både med egne tiltak og i samarbeid med Film & Kino.

NFI har òg halde kontakt med dei internasjonale organa for barne- og ungdomsfilm gjennom 2010.

## 6.10 Arrangement for barn og unge

### 6.10.1 Aktivitetar på Filmens Hus

Prosjekt vert primært bli gjennomførte lokalt, medan informasjonen om gjennomføring og innhald vert gjort tilgjengeleg via internett og til andre aktørar som ønskjer å gjere tilsvarende andre stader nasjonalt.

#### Lillebil filmklubb – filmvisningar for Barn og ungdom

Lillebil filmklubb har hatt ei dobling av selde billetter i 2010 samanlikna med 2009. Ca. 1 750 billetter er tatt ut til visningar og arrangement, mot ca. 820 billetter i 2009. Lillebil filmklubb har hatt ein auke i tal på visningar i 2010 samanlikna med 2009 (58 visningar i 2010 mot 43 visningar i 2009). Lillebil FK hadde for første gang eit eige sommarprogram der publikum kunne oppleve spennande destinasjonar som Mummiland og Miyazakiland. I løpet av året har det vore seks eksklusive førpremierar på nye barnefilm, ei rekkje møte mellom publikum, skodespelarar og filmskaparar, filmverkstader og andre morosame aktivitetar for barna. Under Barnas helg i september var det både drop-in animasjonsverkstad, regissørbesøk og visningar av fleire gamle klassikarar og nyare norske

kortfilmer. I januar 2011 vert Lillebil filmklubb nylansert under nytt namn, med ny designprofil og med visningar kvar helg. Barnas Cinematek og Cinematek Ung vil vere Norsk filminstituttts helgetilbod til dei unge filmentusiastane i tida framover.

#### Tilbod til skolen

NFI har fire filmtilbod gjennom Den kulturelle skolesekken i Oslo. Til saman utgjer dette 52 arrangement i løpet av skoleåret, og ca. 1 300 elevar deltek årleg på DKS-tilboda. I løpet av skuleåret blir det gjennomført:

- 20 Filmdetektiven (detektivarbeid og omsyning i Filmmuseet) for 3. trinn
- 10 Filmnerden (sjangeroverskridande oppleving om film og lagkonkurranse der elevane får testa filmkunnskapane sine) for 5. trinn
- 10 Klikk - flytt - klikk (animasjonsverkstad, visning av norske animasjonsfilmer og omsyning i Filmmuseet) for 6. trinn
- 12 Snipp, snapp, snute (om dramaturgi i eventyr og film) for 7. trinn.

#### Tilbod til barnehagar og aktivitetsskolen

For barnehagar og aktivitetsskular er det gjennomført 55 filmvisningar som har samla ca. 900 barn. Barnas filmrom har blitt ein velegna stad for mindre gruppebesøk. Barnehagane får her eigne filmvisningar, med barnevennlege utstillingar og aktivitetar.

#### Tilbod til vidaregåande skole

For vidaregåande skole er det arrangert åtte visningar og filmfaglege foredrag som har samla totalt 680 elevar. Av høgdepunkt kan vi nemne foredrag om musikkvideo med Kristoffer Borgli, dokumentarfilmvisningar under *Eurodok* og presentasjon av *Kommandør Treholt og Ninjatropen* med besøk av Thomas Cappelen Malling.

#### 6.10.2 Nasjonale tilbod

Eit viktig arbeid med den nasjonale strategien er NFI sitt vidaresal av Animasjonsboksen som verkty for filmskaparar som ønskjer å lære bort sitt virke til barn og unge. Boksen blir òg seld til skular og kulturinstitusjonar over heile landet. NFI stod i 2010 for produksjon av 30 slike animasjonsboksar.

#### Amandusfestivalen - Amandus talent og seminar

Norsk filminstitutt, Amandusfestivalen og dei regionale filmsentra gjekk i år for første gang saman om å lage eit tilbod for unge filmtalent frå heile landet. Åtte unge kvinner og sju unge menn mellom 15 og 23 år vart i februar valt ut til "ungdomslandslaget i film". Alle ungdommane måtte ha hatt ein fagfunksjon på minst ein ferdigstilt filmproduksjon som har vore vist for eit større publikum – og eit brennande ønske om å gå vidare med film. Under årets Amandusfestival på Lillehammer møttest dei unge talentane for å arbeide i tre produksjonsteam under kyndig rettleiing av profesjonelle filmarbeidarar frå heile landet. Manus var førehandsskrevne av forfatarane Erlend Loe, Leon Bashir og Helene Nielsen. Dei ferdige kortfilmene vart viste under festivalens avslutningsshow.

Under Amandusfestivalen arrangerte NFI også eit seminar om utvikling av unge filmtalent. Seminaret *Amandusvinner - og hva så* retta seg mot nominerte amandusdeltakarar, medielærarar, regionale filmsenter, medieverkstader og andre som arbeider med unge



filmtalent. Fokus for seminaret var kva som skjer med dei unge filmtalenta etter vidaregåande skule, kva tilbod som fins og korleis offentlege støttespelarar og andre kan legge til rette på best mogleg måte. Det var ca 80 deltakarar på seminaret.

#### Dvoted, nordisk nettstad for unge filmskaparar

Dvoted, som nordisk prosjekt og nettstaden for unge filmskaparar, vart vedteke avvikla ved utgangen av 2010. Samtidig har ein sondert moglegheitene for ei tilsvarande norsk teneste basert på dvoted si tekniske plattform. Tanken er at ein lokalt, gjennom dei regionale sentra sine kunnskapar og ressursar, vil ha langt betre grunnlag for å nå målgruppa. Våren 2011 blir det derfor utvikla ein pilot for ei slik nasjonal nettside. Den nye tenesta vil som dvoted vere eit community for unge filmskaparar, der ein blant anna kan legge ut filmar, kommentere på andre sine filmar og be om tilbakemeldingar og tips frå profesjonelle mentorar. I tillegg vil den nye nettstaden også bli eit verkty for filmsenter, veksthus, festivalar og andre som jobbar med utvikling av unge filmskaparar. Aktørane vil blant anna kunne bruke nettstaden til å informere om aktivitetar og tilbod. Piloten vert utvikla av Mediefabrikken i Akershus, Filmkraft Rogaland, Midtnorsk filmsenter, Filmverkstaden i Oppland og Amandusfestivalen. Piloten er støtta av Norsk filminstitutt, og målet er å få med fleire regionale aktørar i løpet av 2011, slik at dette fungerer som eit bredt nasjonalt prosjekt. Uavhengig av talet på aktørar vil nettstaden vere landsdekkande og tilgjengeleg for alle unge filmskaparar som måtte ønske å ta det i bruk så framti tilstrekkeleg mange regionale aktørar blir med.

#### 6.10.3 Internasjonalt arbeid

I juni deltok NFI på World Summit on Media for Children and Youth i Karlstad. NFI var til stades for å presentere Move My Image, eit film- og utvekslingsprosjekt med unge filmskaparar frå Noreg og Sør-Afrika. Filmane laga i dette prosjektet vart viste på fem ulike arenaer under SAY IFF, ein filmfestival for unge filmskaparar i Port Elizabeth, Sør-Afrika. Eit utval av filmer frå Amandusfestivalen 2010 vart også vist under denne SAY IFF-festivalen.

#### Oppfølging av Handlingsplanen for filmsatsinga på barn og unge

NFI jobbar til dagleg aktivt med dei oppgåvene som er pålagd instituttet gjennom handlingsplanen.

Som ein oppfølging av sjølve Handlingsplanen for filmsatsinga på barn og unge har Norsk filminstitutt og Film & Kino hatt fleire møte seg imellom, samt to heildagsmøte i mai og september med dei regionale filmsentra og andre regionale aktørar for å forankre planen hos dei regionale aktørane som jobbar med barn og unge. Arbeidet med handlingsplanen blir følgd opp vidare av Norsk filminstitutt og Film & Kino og skal etter planen reviderast i 2011. Det blir sett ned ei referansegruppe som ser på rapportering og vidare satsing.

Utvikling av nye nettsider, også retta mot barn og unge, har vore eit prioritert arbeidsområde gjennom 2010. Både dei som vil ha informasjon om Filmmuseet, Barnas Cinematek og lærarar og filmformidlarar vil kunne ha ytterlegare glede av nye [www.nfi.no](http://www.nfi.no) når det i løpet av våren 2011 står ferdig.

## 7. Uerholdelege fordringar og avskrivningar av tap

Det er i 2010 avskrive kundefordringar for til saman kr 15 291,20. Avskrivningane er gjort etter fleire purringar og varsel om inkasso.

Bilagsnr	Periode	Tekst	Beløp
2100211	201012	Avskrevet av Lindorff, knr 148566	398,40
2100211	201012	Avskrevet av Lindorff, knr 148566	215,00
2100214	201012	Avskrevet av Lindorff, knr 149496	174,00
2100228	201012	Avskrevet fakt 50901005/50802116	302,40
2100228	201012	Avskrevet fakt 50901005/50802116	309,20
2100226	201012	Avskrevet fakt 50902043	186,20
2100227	201012	Avskrevet fakt 50900838	206,00
2100213	201012	Avskrevet av Lindorff, knr 94	6 000,00
2100212	201012	Avskrevet av Lindorff, knr 1998	7 500,00
<b>Sum</b>			<b>15 291,20</b>

## 8. Etiske retningslinjer

Verksemda har utarbeidet etiske retningslinjer basert på dette grunnlaget:

Lojalitet, openheit og tillit.

Norsk filminstitutts fremste kapital er den kunnskapen vi forvaltar og den tilliten omverda har til oss, både frå embetsverket og politisk leiing, frå bransje og frå det allmenne publikum. Alle tilsatte har eit ansvar for å forvalte denne tilliten og opptre slik at det fremjer allmenntas interesser, slik at vi søker likebehandling og møter alle med respekt. Alle plikter derfor å opptre på ein etisk forsvarleg måte, slik at det bidrar til å styrkje tillitsforholdet.

## 9. Integrering / inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Ved rekruttering til Norsk filminstitutt skal alltid annonseteksten innehalde ei oppmoding til personar med innvandrarbakgrunn om å søkje stillinga. Vi tar inn minimum ein kvalifisert søkjar med innvandrarbakgrunn til intervju. I innstillingane våre går det fram kor mange søkjarar til stillinga som har innvandrarbakgrunn. Er det ingen søkjarar med innvandrarbakgrunn som blir vurderte som kvalifisert, blir dette grunngitt.

		2010
Fast tilsatte	N	3
	%	3,4 %
Deltidstilsatte	N	0
	%	0

## 10. Likestilling

Norsk filminstitutt overvaker kjønnsbalansen i alle tiltak som vi støttar eller initierer, så som profilering av filmskaparar gjennom utstillingar, dvd-produksjonar, markeringar og anna, og ikkje minst i vårt filmformidlingsarbeid for barn og unge. Instituttet har god kjønnsfordeling mellom dei tilsette, og fører likelønnspolitikk.

Likestillingsrapport 2010		Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling alle	N	56	56	9	3	47	53
	%	50	50	75	25	47	53
Kjønnsfordeling heiltidstilsette	N	45	43	9	3	36	40
	%	51,1	48,9	75	25	47,4	52,6
Kjønnsfordeling deltidstilsette	N	11	13	0	0	11	13
	%	45,8	54,2	0	0	45,8	54,2
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)		420	381	602	539	385	372

## 11. Systematiske brukarundersøkingar

NFI har på grunn av store tekniske omleggingar ikkje utført brukarundersøkingar i 2010.

## 12. IA-avtalen

Norsk filminstitutt har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv. Oppfølginga av den skjer med systematisk arbeid med dei føringane IA - avtalen gir med oppfølgingsplanar, dialogmøte og samtalar med NAV. Det er utarbeidd informasjonsdokument for IA - arbeidet, og vi har inngått ein samarbeidsavtale med OSLO HMS - senter, som er vår leverandør av bedriftshelseteneste.

## 13. Miljøarbeid

Norsk filminstitutt er opptatt av å integrere miljøomsyn i drifta av verksemda. For 2010 har det i hovudsak vore ei vidareføring av tiltak innan dei fem områda som står nedanfor:


Tiltak	2010
Energiøkonomisering	Merksemd rundt energiøkonomisering i samarbeid med Entra
Reinhald	Det blir kravd bruk av miljøvennlege produkter
Innkjøp	Leverandør med miljøprofil skal velgast der det er mogleg
Papirforbruk	Standard tosidig utskrift i s/h, krev også at brukarane nyttar ID-kort for å få utskrift.
Avfall	Kildesortering: matavfall, plast, papir, papp, elektronikk, lysstoffrør og restavfall

## 14. Sjukefråvere

Statistikken er oppdatert t.o.m. november 2010. Korttidsfråvere blir rekna frå 1-16 dagar, langtidsfråvere frå 17. dag.

	Korttidsfråvere prosent	Langtidsfråvere prosent	Totalt prosent
<i>1. Kvartal</i>			
Menn	2,2 %	6,2 %	8,4 %
Kvinner	2,2 %	5,0 %	7,2 %
<i>2. Kvartal</i>			
Menn	1,7 %	6,2 %	7,9 %
Kvinner	2,2 %	3,2 %	5,4 %
<i>3. Kvartal</i>			
Menn	3,5 %	6,6 %	10,0 %
Kvinner	1,5 %	11,0 %	12,5 %
<i>4. kvartal</i>			
Menn	2,3 %	4,7 %	7,0 %
Kvinner	2,4 %	7,9 %	10,3 %
<b>Totalt</b>	<b>2,1 %</b>	<b>6,3 %</b>	<b>8,5 %</b>

15. Organisasjonskart



## 16. Styremedlemmer

- Kristenn Einarsson, styreleder
- Nina Grünfeld, nestleder
- Solvor Amdal
- Henning Camre
- Lisa Marie Gamlem
- Eirik Ildahl
- Randi Øverland
- Aage Aaberge
- Morten Andreassen
- Toril Simonsen, ansattes representant

## 17. Vedlegg

- Vedlegg 1 - Prosjekt som har motteke tilskott frå NFIs produksjonsseksjon 2010
- Vedlegg 2 - Prosjekt som har motteke tilskott frå NFIs utviklingsseksjon til manuskriptutvikling 2010
- Vedlegg 3 - Kvinnedel (tal og prosent) i tilskott og søknader 2005 - 2010, kinofilm, kortfilm og dokumentarfilm
- Vedlegg 4 - Filmkulturelle tiltak 2010
- Vedlegg 5 - Festivaldeltaking spelefilm 2010
- Vedlegg 6 - Festivaldeltaking kortfilm 2010
- Vedlegg 7 - Festivaldeltaking dokumentarfilm 2010



Vedlegg 1 - Prosjekter som har mottatt tilskot frå NFIs produksjonseksjon i 2010

TILSKUDD 2010

KINOFILM

U=utviklingstilskot, P=produksjonstilskot, L / LI=lanseringstilskot, B = Billettstøtte / etterhandstilskot

Kvartal	Tilskotskategori	Ordning	Type	Tittel	Prod.selskap	Regissør	Manusforfatter	Produsent	Tilskot
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Alvetegnet	SF Norge	Morten Tyldum	Lars Gudmestad, Anna Karlsdottir	Gudny Hummelvoll	100 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Bergtatt	Kong Film AS	Bobbie Peers	Bobbie Peers	Maria Ekerhovd	290 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Bergtatt	Kong Film AS	Bobbie Peers	Bobbie Peers	Maria Ekerhovd	400 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Comrade	Zentropa International	Petter Næss	Ola Meldgaard	Valerie Edwina Saunders	150 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Den tredje mann	Opiam	TBA	Lars Bull Lindholm	Dag Alveberg	120 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Den trøstesløse morderen	Paradox rettigheter AS	Ravn Laneskog	Gaute Hesthagen	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	150 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	For evig og alltid	Motlys AS	Rune D. Langlo	Rune D. Langlo	Brede Hovland	79 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Fugleøya	KinoPravda as	Pjotr Sapegin	Cathinka Nicolaisen	Gry Nøstdahl	250 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Få meg på for faen	Motlys AS	Jannicke Systad Jacobsen	Jannicke Systad Jacobsen	Brede Hovland	339 750
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Helena (tidl. Bright trash Darling)	Friland Produksjon as	Runar Hodne	Ståle Stein Berg	Christian Fredrik Martin	80 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Hokus Pokus, Albert Åberg!	Maipo	TBA	Gunilla Bergstöm	Kristin Ulseth	150 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Jeg reiser alene	Motlys AS	Stian Kristiansen	Tore Renberg	Yngve Sæther	375 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Jørgen+Anne=Sant	Cinenord Kidstory as	Anne Sewitsky	Kamilla Krogsveen	Terez Hollo-Klausen, Silje Hopla	337 500
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Knudsen og Ludvigsen og den fæle Rrasj	Tordenfilm as	Rasmus Sivertsen	Øystein Dolmen	Eric Vogel	150 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Komfort	Fiksjon 4 1/2 AS	Eva Sørhaug	Per Schreiner	Håkon Øverås	180 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Kronprinsessen	Cinenord Spillefilm AS	TBA	Line Grünfeldt	Silje Hopeland Eik	150 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Lykke	Friland Produksjon as	Nikolaj Frobenius	Nikolaj Frobenius	Helen Broislow	150 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Markens grøde	SF Norge	Hans Petter Moland	Gard B. Eidsvold, Hans Petter Molar	Gudny Hummelvoll	150 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Mongo Noir	Friland produksjon	Bård Breien	Bård Breien	Asle Vatn	350 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Mot Å	4 1/2 Fiksjon	Ole Glæver	Ole Glæver	Karin Julsrud	350 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Oslo, 31. august	Motlys AS	Joachim Trier	Eskil Vogt, Joachim Trier	Yngve Sæter	300 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Oslo, 31. august	Motlys AS	Joachim Trier	Eskil Vogt, Joachim Trier	Yngve Sæther, Sigve Endresen, I	1 000 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Oslo, 31. august	Motlys AS	Joachim Trier	Eskil Vogt, Joachim Trier	Yngve Sæther, Sigve Endresen, I	450 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Pelle Politibil på sporet	Neofilm	Rasmus A. Sivertsen	Arthur Johansen	Aage Aaberge	90 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Pioner	Friland Produksjon as	Erik Skjoldbjærg	Hans Gunnarsson	Christian Fredrik Martin	120 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Pornografen	Paradox rettigheter AS	Harald Rosenløw Eeg	Erik Poppe	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	350 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Prima Ballerina	Zentropa International Norway as	Anita Killi	Morten Hovland, Anita Killi	Vallerie E. Saunders	200 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Prize	Storm Rosenberg as	Trygve Allister Diesen	Trygve Allister Diesen	Jørgen Storm Rosenberg	100 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Scener fra et ekteskap	Fredrik Fiction AS	Marit Åslein	Selma Lønning Aarø	Cathrine Pryser	100 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Sjalusi	Medieoperatørene AS	Hanne Myren	Hanne Myren	Stine Skaret	350 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Sjelfrender	Paradox Rettigheter	Katarina Launing	Katarina Launing	Kjesti Thorstad	100 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Teresa og hennes åtte minutter eldre br	Paradox rettigheter AS	Geir Henning Hopland	Geir Henning Hopland	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	150 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	The Great	Filmhuset Produksjoner AS	Peder Norlund	Brock Norman Brock	Egil Ødegård	100 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Theresienstadt Requiem	Filmkameratene AS	Vibeke Idsøe	Vibeke Idsøe	John M. Jacobsen, Sveinung Go	300 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Thou shall kill	4 1/2 Fiksjon	Pål Sletaune	Pål Sletaune	Turid Øversveen	100 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Til Thomas	Norsk Filmproduksjon	Hanne Larsen	Hanne Larsen	Hilde Berg	200 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Tro	Zentropa International Norway as	Unni Straume	Krzysztof Piesiewicz	Valerie E. Saunders	150 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	U	Victoria	Filmkameratene AS	Torun Lian	Torun Lian	John M. Jacobsen, Sveinung Go	300 000
<b>Totalt</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Konsulent</b>	<b>U</b>						<b>8 761 250</b>
<b>2</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Konsulent</b>	<b>P</b>	<b>Teori og Praksis</b>	<b>Mindreforbruk</b>				<b>-1 250 000</b>
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Teori og Praksis	Friland produksjon as	Jens Lien	Nikolaj Frobenius	Christian F. Martin, Asle Vatn	13 250 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Babycall	4 1/2 produksjon as	Pål Sletaune	Pål Sletaune	Turid Øversveen	11 700 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Jeg reiser alene	Motlys as	Stian Kristiansen	Tore Renberg	Yngve Sæther	10 125 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Få meg på for faen	Motlys as	Jannicke Systad Jacobsen	Jannicke Systad Jacobsen	Brede Hovland, Sigve Endresen	9 989 250
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Jørgen+Anne=Sant	Cinenord Kidstory as	Anne Sewitsky	Kamilla Krogsveen	Silje H. Eik, Tanya N. Badendyck	10 061 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Mennesker i solen	Maipo as	Jonas Gardell	Jonas Gardell	Conelia Boysen	12 300 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Fjellet	4 1/2 produksjon AS	Ole Gieæver	Ole Gieæver	Karin Julsrud	500 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Sorans reise	Paradox Rettigheter	Hisham Zaman	Kjell Ola Dahl, Hisham Zaman	Stein B. Kvae, Finn Gjerdrum	10 060 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	P	Oslo, 31. august	Motlys	Joachim Trier	Eskil Vogt, Joachim Trier	Yngve Sæter, Sigve Endresen, H	6 250 000
<b>Totalt</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Konsulent</b>	<b>P</b>						<b>82 985 250</b>
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Kongen av Bostøy	Spillefilmkompaniet 4 1/2	Marius Holst	Mette Marit Bølstad	Karin Julsrud	1 200 000
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	En helt vanlig dag på jobben	Folk Flest Filmproduksjon as	Terje Rangnes	Erlend Loe	Ørjan Karlsen	903 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Tomme Tønner	Tomme Tønner AS	Leon Bashir	Leon Bashir	Kjetil Omberg, Terje Strømstad	1 200 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Upperdog	Friland Produksjon	Sara Johnsen	Sarah Jonsen	Asle Vatn	29 275
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Bestevennen	Filmbin	Chistian Lo	Morten Hovland	Trine Aadalen Lp	161 507
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	En ganske snill mann	Paradox Rettigheter	Hans Petter Moland	Kim Fupz Aakeson	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	200 000
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	En ganske snill mann	Paradox Rettigheter	Hans Petter Moland	Kim Fupz Aakeson	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	1 200 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Hjem til jul	BulBul Film	Bent Hamer	Bent Hamer	Bent Hamer	100 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Kurt Josef Wagle og legenden om fjordh	Yellow Bastard Production as	Tommy Wirkola	Tommy Wirkola	Terje Stømstad	1 050 760



3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Kommandør Treholt & Ninjatroppen	Tordenfilm as	Thomas Cappelen Malling	Thomas Cappelen Malling	Eric Vogel	1 200 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Brødrene Dal og vikingsverdets forbann	Magcat	Lars Mjøen, Mikkel Magnus, Wayne	Lars Mjøen	Mikkel Magnus	687 215
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Keepern til Liverpool	4 1/2 Fiksjon	Arild Andersen	Lars Gudmestad	Karin Julsrud	1 200 000
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Limbo	SF Norge	Maria Sødahl	Maria Sødahl	Gudny Hummelvoll	923 426
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Kommandør Treholt & Ninjatroppen	Tordenfilm as	Thomas Cappelen Malling	Thomas Cappelen Malling	Eric Vogel	69 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Jernanger	Kong Film AS	Pål Jackman	Pål Jackman	Maria Ekerhovd	30 106
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Maskeblomstfamilien	Maipo	Petter Næss	Lars Saaby Christensen	Synnøve Hørsdal	16 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Hjem til jul	BulBul Film	Bent Hamer	Bent Hamer	Bent Hamer	100 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Upperdog	Friland Produksjon	Sara Johnsen	Sarah Jonsen	Asle Vatn	40 294
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	LI	Engelen	Speranza Film AS	Margreth Olin	Margreth Olin	Thomas Robsahm	250 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Maskeblomstfamilien	Maipo	Petter Næss	Lars Saaby Christensen	Dag Alveberg, Synnøve Hørsdal	914 100
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Sykt Lykkelig	Maipo	Anne Sewitsky	Ragnhild Tronvoll	Synnøve Hørsdal	1 067 223
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Hjem til jul	BulBul Film	Bent Hamer	Bent Hamer	Bent Hamer	1 080 000
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	L	Nokas	Alligator	Erik Skjoldbjærg	Christopher Grøndahl	Jan Aksel Angeltvedt	1 200 000
<b>Totalt</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Konsulent</b>	<b>L</b>	<b>23</b>					<b>14 821 906</b>
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Vegas	Cinenord Spillefilm AS	Gunnar Vikene	Gunnar Vikene	Silje Hopland Eik, Tanya N. Bad	250 379
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Svik	Alphavilla Productions AS	Håkon Gundersen	Håkon Gundersen	Håkon Gundersen	626 845
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Engelen	Speranza Film AS	Margreth Olin	Margreth Olin	Thomas Robsahm	430 908
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Iskys	Filmhuset Produksjoner AS	Knut Erik Jensen	Knut Erik Jensen	Egil Ødegård	780 497
1	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Bestevennen	Filmbin AS	Christian Lo	Morten Hovland	Trine Aadalen Lo	2 175 130
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Upperdog	Friland Produksjon	Sarah Jonsen	Sarah Jonsen	Asle Vatn	555 176
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	En vanlig dag på jobben	Folk Flest produksjoner	Terje Ragnes	Erlend Loe	Ørjan Karlsen	1 066 748
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	En ganske snill mann	Paradox rettigheter	Hans Petter Moland	Kim Fupz Aakeson	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	3 996 674
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Tomme Tønner	Tomme Tønner as	Leon Bashir	Leon Bashir	Terje Strømstad	5 128 562
2	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Bestevennen	Filmbin	Christian Lo	Morten Hovland	Trine Aadalen Lo	210 629
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	En helt vanlig dag på jobben	Folk Flest Filmproduksjon	Terje Rangnes	Erlend Loe	Ørjan Karlsen	94 549
3	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Kurt Josef Wagle og legenden om fjordh	Yellow Bastard Productions	Tommy Wirkola	Tommy Wirkola	Terje Strømstad	1 035 985
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Kommandør Treholt & Ninjatroppen	Tordenfilm as	Thomas Cappelen Malling	Thomas Cappelen Malling	Eric Vogel	1 170 432
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Nokas	Alligator	Erik Skjoldbjærg	Christopher Grøndahl	Jan Aksel Angeltvedt	8 992 440
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Limbo	SF Norge	Maria Sødahl	Maria Sødahl	Gudny Hummelvoll	2 241 323
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Keepern til Liverpool	4 1/2 Fiksjon	Arild Andersen	Lars Gudmestad	Karin Julsrud	3 784 044
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Bestevennen	Filmbin	Christian Lo	Morten Hovland	Trine Aadalen Lo	94 840
4	Kinofilm fiksjon	Konsulent	B	Maskeblomstfamilien	Maipo	Petter Næss	Lars Saaby Christensen	Dag Alveberg, Synnøve Hørsdal	585 702
<b>Totalt</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Konsulent</b>	<b>B</b>	<b>18</b>					<b>33 220 863</b>
1	Kinofilm fiksjon	Marked	P	Kon-Tiki	Nordisk Film AS	Joachim Rønning, Espen Sandberg	Petter Skavland	Aage Aaberge, Lone Korslund, J	18 000 000
1	Kinofilm fiksjon	Marked	P	Knerten i knipe	Paradox	Arild Østin Ommundsen	Kristin Skogheim	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	10 400 000
1	Kinofilm fiksjon	Marked	P	Hodejegerne	Friland	Morten Tyldum	Ulf Ryberg	Asle Vatn, Marianne gray	10 650 000
2	Kinofilm fiksjon	Marked	P	Blåfjell 2	Storm Rosenberg	Arne Lindtner Næss	Gudny I. Hagen, Thomas Moldestad	Jørgen Storm Rosenberg, Lasse	11 000 000
2	Kinofilm fiksjon	Marked	P	Kong Curling	4 1/2 Fiksjon	Ole Endresen	Atle Antonsen	Håkon Øveraas	4 000 000
<b>Totalt</b>	<b>Kinofilm fiksjon</b>	<b>Marked</b>	<b>P</b>	<b>5</b>					<b>54 050 000</b>
3	Kinofilm fiksjon	Marked	L	Varg Veum II - Skriften på veggen	Cinemiso as	Thomas Moldestad	Stefan Faldbakken	Tanya Badendyck, Silje H. Eik, P	1 200 000
3	Kinofilm fiksjon	Marked	L	Fritt Vilt III	Fantefilm Fiksjon	Mikkel Sandemose	Peder Fuglerud	Martin Sundland	1 200 000
4	Kinofilm fiksjon	Marked	L	Knerten gifter seg	Paradox Rettigheter	Martin Lund	Birgitte Bratseth	Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae	1 200 000
4	Kinofilm fiksjon	Marked	L	Trolljegeren	Filmkameratene AS	Andre Øvredal	Andre Øvredal	John M. Jacobsen, Sveinung Go	1 200 000
4	Kinofilm fiksjon	Marked	L	Elias og kampen om havets gull	Filmkameratene AS	Lise Osvoll	Anne Elvedal	John M. Jacobsen, Sveinung Go	1 200 000
